

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XII 46



JORDBRUKSSTATISTIKK 1959

Agricultural Statistics 1959

STATISTISK SENTRALBYRÅ
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY
OSLO 1961

Noregs offisielle statistikk, rekke XII

Norway's Official Statistics, series XII

Rekkje XII

Prenta 1960

- Nr. 10 Norges postverk 1959 *Statistique postale*
— 11 Ulykkestrygden for industriarbeidere m. v. 1952–1954 *Assurances de l'Etat contre les accidents pour les ouvriers industriels etc.*
— 12 Meieribruk i Noreg 1958 *Norway's dairy industry*
— 13 Norges handel 1958 I *Foreign trade of Norway I*
— 14 Ulykkestrygden for sjømenn 1954–1956 Ulykkestrygden for fiskere 1954–1956 *Accident insurance for seamen Accident insurance for fishermen*
— 15 Sunnhetstilstanden og medisinalforholdene 1957 *Medical statistical report*
— 16 Kriminalstatistikk 1958 *Criminal statistics*
— 17 Norges fiskerier 1958 *Fishery statistics of Norway*
— 18 Skattestatistikk 1956 og 1957 *Tax statistics*
— 19 Kreditmarkedstatistikk 1958 *Credit market statistics*
— 20 Veterinærvesenet 1956 *Service vétérinaire*
— 21 Skogbrukstellingen i Norge 1. september 1957 II *Oversikt Census of forestry II General survey*
— 22 Kommunevalgene og ordførervalgene 1959 *Elections in the rural and town municipalities*
— 23 Folkemengdens bevegelse 1958 *Vital statistics and migration statistics*
— 24 Statistisk årbok 1960 *Statistical yearbook of Norway*
— 25 Sunnhetstilstanden og medisinalforholdene 1958 *Medical statistical report*
— 26 Alkoholstatistikk 1959 *Alcohol statistics*
— 27 Norges handel 1958 II *Foreign trade of Norway II*
— 28 Norges jernbaner 1958–59 *Chemins de fer norvégiens*
— 29 Norges bergverksdrift 1959 *Norway's mining industry*
— 30 Elektrisitetsstatistikk 1958 *Electricity statistics*
— 31 Norges industri 1958 *Industrial production statistics*

Rekkje XII

Prenta 1961

- Nr. 32 Økonomisk utsyn over året 1960 *Economic survey*
— 33 Ulykkestrygden for industriarbeidere m. v. 1955–1956 *Assurances de l'Etat contre les accidents pour les ouvriers industriels etc.*
— 34 Samferdselsstatistikk 1960 *Transport and communication statistics*
— 35 Norges handel 1959 I *Foreign trade of Norway I*
— 36 Telegrafverket 1959–60 *Télégraphes et téléphones de l'Etat*
— 37 Meieribruk i Noreg 1959 *Norway's dairy industry*
— 38 Skattestatistikk 1958 *Tax statistics*
— 39 Sinnssykehuseses virksomhet 1958 *Hospitals for mental disease*
— 40 Jordbrukssteljinga i Noreg 20. juni 1959 I Areal, husdyrhald m. m. *Census of agriculture I Land area, livestock etc.*
— 41 Forsikringsselskaper 1959 *Sociétés d'assurances*
— 42 Norges kommunale finanser 1957–58 og 1958–59 *Municipal finances*
— 43 Norges postverk 1960 *Statistique postale*
— 44 Veterinærvesenet 1957 *Service vétérinaire*
— 45 Kreditmarkedstatistikk 1959 *Credit market statistics*
— 46 Jordbruksstatistikk 1959 *Agricultural statistics*

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XII 46



JORDBRUKSSTATISTIKK 1959

Agricultural Statistics 1959

STATISTISK SENTRALBYRÅ
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY
OSLO 1961

Utkomi før:

Representativ landbrukstelling 1923 VII nr. 117.

Landbruksareal og husdyrhold 1924 VII nr. 153, 1925 VII nr. 183, 1926 VIII nr. 28, 1927 VIII nr. 39, 1928 VIII nr. 77, 1930 VIII nr. 140, 1931 VIII nr. 166, 1932 VIII nr. 194, 1933 IX nr. 16, 1934 IX nr. 43, 1935 IX nr. 71, 1936 IX nr. 96.

Jorbruksstatistikk 1937 IX nr. 132, 1938 IX nr. 159, 1939–1944 X nr. 99, 1945 X nr. 117, 1946 X nr. 148, 1947 X nr. 161, 1948 X nr. 195, 1949 XI nr. 44, 1950 XI nr. 69, 1951 XI nr. 108, 1952 XI nr. 127, 1953 XI nr. 176, 1954 XI nr. 202, 1955 XI nr. 235, 1956 XI nr. 276, 1957 XI nr. 308, 1958 XI nr. 341.

Jordbrukstellingen i Norge 1949:

Første hefte. Arealet, husdyrholdet m. v. XI nr. 40.

Annet » Eiendomsforholdene, arbeidsstyrken m. v. XI nr. 71.

Tredje » De naturlige jordbruksområder XI nr. 87.

Fjerde » Oversikt XI nr. 103.

Også i 1907, 1917, 1929 og 1939 var det serskilde jordbrukstellingar. Oppgåver over husdyrhald, utsæde m. m. vart henta inn saman med folketeljingane i 1835, 1845, 1855, 1865, 1875, 1890 og 1900. Ein viser også til Beretninger om amternes økonomiske tilstand (1827–1920).

Av statistiske publikasjonar som gjeld jordbruket, kan ein elles nemna meieristatistikken (årleg frå 1925) og veterinærstatistikken (årleg frå 1889) og av serskilde etterrøknader:

Husdyrbruket. Produksjon 1927/28 VIII nr. 98.

» 1946/47 XI » 24.

Svineholdet 3. april 1934 og 1933 IX nr. 38.

Pelsdyrtellingen 1. september 1934 IX » 65.

» » 1936 IX » 115.

» » 1946 X » 151.

Beitetellingen 1935 IX nr. 110.

Bureising med statsstøtte 1921–1936 X nr. 1.

Gårdbrukernes og småbrukernes formue og gjeld 1932/33 IX nr. 18.

Bondenes bruttoformue og gjeld 1940, 1944 og 1946 X nr. 183.

Føreord

20. juni 1959 vart det haldi ei fullstendig jordbrukssteljing for heile landet. Teljinga femna alle jordbruk, hagebruk og husdyrhald, også pelsdyrgardar, utan omsyn til storleiken av bruket. Såleis vart og husdyrhald utan jordbruk og bustader (tomtebruk) med hagebruksvokstrar tekne med. Både bygder og byar var med i teljinga.

Ved tidlegare jordbrukssteljingar var oppgåvene for byane mindre detaljerte enn for bygdene. Det er difor oppgåvene for bygdene som mest er nyttta i statistikken frå Byrået. I 1949 var likevel Aker og Jeløy, som då høyarde til Oslo og Moss, tekne med som bygder. Det samme gjeld og for utvalsteljingane i 1950–1958, som byggjer på den fullstendige teljinga i 1949.

For 1959 har ein nyttta oppgåvene både for bygdene og byane i statistikken. Utanom dei tidlegare herad Aker og Jeløy er og Skåre by-område i 1959, og dei er no rekna saman med byane.

Brotet frå tidlegare rekkjer vert i dei fleste høve minst om ein nyttar rikstala for 1959. Der skilnaden er sers stor, nemner ein det i utgreiinga.

Jordbrukssteljinga 1959 vil verta handsama nærrare i særskilde publikasjonar. Dette heftet har difor med berre nokre hovudresultat frå teljinga i 1959 jamførde med 1949, og eit oversyn over tidlegare teljingar og utvalsteljingane i 1950–1958.

Det er elles teki med oppgåver over avling og husdyrproduksjon og eit oversyn over dei økonomiske tilhøva i jordbruket, løner, prisar, driftsresultat m. v. Statistikken over eigedomsmøsetnaden er og med. Denne var før prenta i Statistiske meldinger.

I dette heftet har ein og med resultata frå utvalsteljinga i 1958 over eigedomstilhøve og brukarskifte. Skjema for desse oppgåvene er prenta i Jordbruksstatistikk 1958.

Konsulent Alfred Gustafson har stått for arbeidet med manuskriptet.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo 10. mars 1961.

Signy Arctander

Arne L. Aaseth

Preface

On June 20, 1959, a complete census of agriculture was taken for the whole country. The census covered agriculture, horticulture and livestock production, including fur farms. All holdings were included irrespective of size except purely ornamental gardens.

In previous censuses statistics for urban areas were compiled in less detail than for rural districts. For this reason figures quoted on agriculture by this Bureau usually referred to rural districts only. The definition of «rural districts» employed in the period 1949–1958 did not completely follow the administrative divisions in order to retain comparability with previous years.

For 1959 the main figures refer to both urban and rural districts and the administrative divisions have been used as definition for both.

The differences between the 1959 figures and data for previous years, due to differences in scope, are in most cases not significant for the country as a whole. Exceptions are particularly mentioned in the text.

The results of the census 1959 will be published separately. This publication contains a comparison of the main results with those of the census for 1949 and a review of previous censuses and the surveys for the years 1950–1958.

In addition information on yield of crops and livestock production and a survey of economic conditions in agriculture, i.e. wages, prices, operating results etc., have been included, together with statistics of real estate transactions. The last mentioned statistics have previously been published in the Monthly Bulletin of Statistics.

The results of the sample survey in 1958 on ownership and transfers of ownership and tenure are also included in this volume. The questionnaire used for this survey was reproduced in Agricultural Statistics 1958.

This publication has been prepared under the supervision of Mr. A. Gustafson.

Central Bureau of Statistics, Oslo, March 10, 1961.

Signy Arctander

Arne L. Aaseth

Innhold

	Side
Oversyn.	
Samla areal i landet	7
Talet på bruk	8
Jord- og hagebruk	10
Jordbruksarealet	10
Nydyrkning	13
Hagebruket	15
Avlingane	15
Husdyrhaldet	22
Talet på husdyr	22
Husdyrprodukta	26
Driftsmiddel	32
Maskinar og reiskapar	32
Kunstgjødsel og kraftfør m. v.	35
Lønene i jordbruk og skogbruk	37
Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel m. m.	41
Jordskifte.....	53
Prisar på faste eigedomar	53
Eigedomstilhøve og brukarskifte m. v. i jordbruket.	57
 Tabellar.	
I. Landarealet etter bruken	92
II. Bruka etter jordbruksarealet. Jordbrukstellinga 20. juni 1959	92
III. Talet på frukttrær og bærbuskar. » » » »	93
IV. Areal og plantedyrking under glas. » » » »	93
V. Arealet i dekar. » » » »	94
VI. Talet på husdyr. » » » »	96
VII. Maskinar og reiskapar. » » » »	98
VIII. Åkerarealet 1949–1959. Dekar	100
IX. Talet på husdyr 1949–1959	106
X. Avlinga i jordbruket	110
XI. Avlinga i hagebruket	114
XII. Fjøskontrollen	116
XIII. Lønene i jordbruk og skogbruk	117
XIV. Sal av faste eigedomar	118
XV. Meddelprisar pr. skyldmark	119
XVI. Bruk i alt etter eigedomstilhøve og jordbruksareal. Sjølveigde bruk, slektsbruk og ikke slektsbruk, etter overtakingsår	120
XVII. Sjølveigde bruk etter brukaren (eigaren) si borgarlege stode, giftarmålstilhøve og alder ved overtakinga	122
XVIII. Sjølveigde bruk etter førre eigars slektskapstilhøve, alder ved siste brukarskifte og kå. Om barn eller annan slektning skal taka over bruket	124
XIX. Jordskifte	126

Contents

	Page
General survey.	
Land utilization	7
Number of holdings	8
Agriculture and horticulture.....	10
Agricultural area	10
New cultivation	13
Horticulture	15
Production	15
Livestock	22
Number of domestic animals	22
Production	26
Means of production	32
Machinery and equipment	32
Fertilizers and feeds etc.	35
Wages in agriculture and forestry	37
Prices of agricultural products, means of production etc.	41
Redistribution of intermixed holdings.....	53
Prices of real estate	53
Farm tenure and transfers etc. in agriculture	57

Tables.

	Census of agriculture June 20, 1959	92
I. Area by use		92
II. Number of holdings.		92
III. Fruit trees and small fruit.	» » »	93
IV. Cultivation under glass.	» » »	93
V. Area in decares.	» » »	94
VI. Number of livestock.	» » »	96
VII. Machinery and equipment.	» » »	98
VIII. Arable land area 1949-1959		100
IX. Number of livestock 1949-1959		106
X. Agricultural crops 1959		110
XI. Horticultural crops 1959		114
XII. Milk accounts associations		116
XIII. Wages in agriculture and forestry		117
XIV. Sale of real estate		118
XV. Average value per "Skyldmark" (unit for previous land taxation)		119
XVI. Holdings reported according to tenure and size. Freeholds, family transfers and non family transfers, according to year of transfer		120
XVII. Freeholds according to farmer's (owner's) civil and marital status, and age at transfer		122
XVIII. Freeholds according to previous owner's relationship, age at transfer and retirement provision (kår). Future family transfers		124
XIX. Redistribution of intermixed holdings		126

Oversyn

Samla areal i landet.

Etter Skogbrukssteljinga 1957, Jordbrukssteljinga 1959 og Landsskogtakseringen (1933) har ein sett opp følgjande oversyn over arealet i landet, i km² og prosent:

	Areal i km ²	Prosent
1. Fulldyrka jord	8 393,34	2,6
2. Natureng og overflatedyrka jord	1 908,32	0,6
3. I alt jordbruksareal	10 301,66	3,2
4. Produktiv skog (lauvskog over barskoggrensa er med)	70 257,55	21,7
5. Hagemark og utslätter	7 501,66	2,3
6. Myr under skoggrensa	21 128,67	6,5
7. Anna areal under skoggrensa	47 191,60	14,5
8. I alt under skoggrensa	156 381,14	48,2
9. Areal over skoggrensa	152 367,50	47,1
10. Landareal i alt	308 748,64	95,3
Ferskvatn	15 277,44	4,7
Totalareal	324 026,08	100,0

Dei definisjonane som ligg til grunn for desse nemningane er:

1. Som fulldyrka jord reknar ein all åker og hage, eng og kulturbeite på full-dyrka jord. Med fulldyrka meiner ein jord som har vori pløgt eller oppbroti til vanleg plogdjupn.
2. Natureng og overflatedyrka jord gjeld slåtteng og kulturbeite som ikkje er fulldyrka. Ein tek ikkje med utslätter, hamnehagar og anna udyrka beite i utmark.

3. Jordbruksarealet er frå 1959 rekna som summen av fulldyrka jord og natureng og overflatedyrka jord. Dette femnar noko meir enn det ein før kalla innmark, av di fulldyrka eller overflatedyrka areal er med, jamvel om det ligg utanom innmarka. Men jordbruksarealet femnar ikkje heilt det ein før kalla jordbruksareal, av di utslättene ikkje er med.

4. Skogbrukssteljinga 1957 sette same minstekrav til kva som kunne rekna som produktiv skog, som Landsskogtakseringen nytta ved revisjonstakseringane. Tala framfor gjeld skogeigedomar med minst 25 dekar produktiv skog og/eller skogreisingsareal.

5. Hagemark og utslätter er tatt frå eldre utrekningar utførde av Landsskogtakseringen (1933).

6. Det same gjeld og arealet av myr under skoggrensa.

7. Som anna areal er rekna ein rest, som femnar areal til byggjegrunn, vegar, jarnvegar o. l. og uproduktiv mark (impediment).

9. Areal over skoggrensa er utrekna av Landsskogtakseringen, men er seinare retta i Byrået.

10. Landareal, ferskvatn og samla areal gjeld berre sjølve Noreg. Svalbard er såleis halden utanom.

Det arealet som vart tald ved jordbrukssteljinga, femnar ikkje all skog og alt anna areal, men berre dei areala som driftsmessig høyrer saman med bruken. Jordbruksarealet er det sagt meir om seinare.

Tabell I bak i boka gjev eit oversyn over landarealet i dei einskilde fylka.

Talet på bruk.

Det som blir nytta som ei driftseining er ved jordbrukssteljingane rekna som eitt bruk, utan omsyn til om brukaren eig eller leiger jorda.

Alle bruk som dyrkar vanlege jordbruks- og andre nyttevokstrar eller har husdyr utan jord, blir rekna med. Bruk med reine prydhagar eller naturtomter er såleis ikkje tekne med. Ved teljinga i 1959 vart for fyrste gong byane rekna med på same måten som bygdene. Skiljet mellom by og bygd er ikkje det same som før. By-liknande tettbygde strok veks opp i landkommunane, samstundes som grenseregulering har ført store jordbruksbygder innom bygrensene. Talet på jordbruk som var med i jordbrukssteljingane var:

	Bygder	Byar	I alt
1907	246 634		
1917	259 198		
1929	298 360		
1939	328 181		
1949	332 191	112 934	345 125
1959	377 277	55 482	432 759

1 Gjeld berre dei tidlegare herad Aker og Jeløy, no innlema i Oslo og Moss.

Attåt dette var det med 4 383 einingar utan jordbruksareal i 1949 og 1 161 i 1959.

Som mål på storleiken på bruken nytta ein før 1939 innmarksarealet og frå 1939 jordbruksarealet. Grunnlaget har såleis ikkje vori heilt det same ved alle teljingane, samstundes som dei eldre arealoppgåvene var meir usikre. Dette gjer at ein må vera varsam med jamføring av brukstalet etter storleik. Med slikt etterhald gjev tabell 1 eit oversyn over bruksstrukturen, etter jordbrukssteljingane frå 1907. I tabell 2 er brukstalet i 1959 ført opp serskilt for byar og bygder, og tala for bygdene i 1949 og 1959 er jamførde.

Tabell 1. Talet på bruk med jordbruksareal.¹

År	Inntil 5 dekar	5,1–20 dekar	20,1–50 dekar	50,1–200 dekar	200,1– 500 dekar	500,1– 1000 dekar	Over 1000 dekar	I alt
1907	116 514		63 987	57 986	7 533	561	53	246 634
1917	133 836		67 665	51 508	5 794	364	31	259 198
1929	89 810	75 990	74 662	52 730	4 844	292	32	298 360
1939	113 803	66 522	78 237	63 795	5 432	351	41	328 181
1949 ²	131 684	70 008	80 122	58 123	4 809	342	37	345 125
1959 ³	234 444	60 303	75 527	57 200	4 870	372	43	432 759

¹ 1907, 1917 og 1929 med innmarksareal.

² Aker og Jeløy medrekna.

³ Bygder og byar.

Tabell 2. Talet på bruk etter jordbruksareal.

	Bygdene			Byane 1959	Riket 1959
	19491	1959	Prosentvis brigde 1949–1959		
Kl. 0. Utan jordbruksareal	4 383	1 067	— 75,7	94	1 161
» 1. Inntil 2 dekar jordbruksareal ..	91 745	151 302	+ 64,9	52 201	203 503
» 2. 2,1– 5 dekar jordbruksareal ..	27 500	28 880	+ 5,0	2 061	30 941
» 3. 5,1– 10 » »	23 480	19 168	— 18,4	246	19 414
» 4. 10,1– 20 » »	46 370	40 610	— 12,4	279	40 889
» 5. 20,1– 35 » »	48 916	43 493	— 11,1	225	43 718
» 6. 35,1– 50 » »	31 089	31 665	+ 1,9	144	31 809
» 7. 50,1– 75 » »	29 045	28 659	— 1,3	110	28 769
» 8. 75,1– 100 » »	13 402	13 292	— 0,8	65	13 357
» 9. 100,1– 200 » »	15 511	14 975	— 3,5	99	15 074
» 10. 200,1– 500 » »	4 760	4 826	+ 1,4	44	4 870
» 11. 500,1–1000 » »	337	365	+ 8,3	7	372
» 12. Over 1000 » »	36	42	+ 16,7	1	43
I alt	336 574	378 344	+ 12,4	55 576	433 920
Av desse:					
Med inntil 5 dekar jordbruksareal ..	123 628	181 249	+ 46,6	54 356	235 605
Med over 5 dekar jordbruksareal ..	212 946	197 095	— 7,4	1 220	198 315

¹ Utan Aker og Jeløy.

Desse tala syner ein auke frå 1949 til 1959 på nær 58 000 bruk med inntil 5 dekar, og ein nedgang på nær 16 000 bruk med meir enn 5 dekar. Av desse fall 10 000 på bruksklassa 5,1–20 dekar, 5 000 på 20,1–50 dekar og 1 000 på 50,1–100 dekar, medan det var ein auke på 100 bruk med meir enn 200 dekar jordbruksareal.

Den store auken i samla brukstal kjem såleis frå nyskiping av bruk inntil 5 dekar, for det meste reine villa- og bustadbruk med inntil 2 dekar. Attåt dette kjem oppgåvane for byane, der brukstalet og har auka, men ein er utan oppgåver for beinveges jamføring.

Tabell 3. Brigde i talet på bruk i bygdene frå 1949 til 1959.

	Talet på bruk		Prosent	
	Inntil 5 dekar	Over 5 dekar	Inntil 5 dekar	Over 5 dekar
Østfold.....	+ 6 178	— 846	+ 53,0	— 10,8
Akershus	+ 8 798	— 1 364	+ 49,9	— 14,5
Hedmark	+ 4 002	— 1 768	+ 46,7	— 9,3
Oppland	+ 3 648	— 809	+ 42,1	— 5,1
Buskerud	+ 3 578	— 949	+ 38,6	— 9,7
Vestfold	+ 5 029	— 954	+ 44,6	— 14,7
Telemark	+ 3 579	— 831	+ 47,4	— 9,6
Aust-Agder	+ 1 735	— 846	+ 44,1	— 13,9
Vest-Agder	+ 1 917	— 1 619	+ 51,1	— 18,3
Rogaland	+ 4 084	— 782	+ 55,7	— 6,4
Hordaland	+ 2 596	— 1 199	+ 28,6	— 7,4
Sogn og Fjordane	+ 1 216	— 369	+ 50,8	— 3,2
Møre og Romsdal	+ 4 237	— 538	+ 76,3	— 3,4
Sør-Trøndelag	+ 4 483	— 656	+ 81,6	— 5,1
Nord-Trøndelag	+ 2 223	— 547	+ 51,7	— 4,9
Nordland	+ 1 410	— 1 479	+ 34,8	— 6,4
Troms	— 220	— 152	— 13,7	— 1,2
Finnmark	— 873	— 143	— 57,5	— 2,9
Bygdene i alt.....	+ 57 620	— 15 851	+ 46,6	— 7,4

Tabell 3 syner brigda frå 1949 til 1959 fylkesvis for bygdene, og tabell II bak i boka gjev samla brukstal (bygder og byar) fylkesvis etter storleik i 1959.

Auken i talet på bruk inntil 5 dekar har vori mellom 30 og 80 prosent i dei ymse fylke, unnatekne Troms og Finnmark, som har hatt nedgang. Nedgangen i bruk over 5 dekar var etter måten størst i fylka kring Oslofjorden og i Agder, med 11–18 prosent. Elles var nedgangen for det meste 3–10 prosent, men berre 1–3 prosent i Troms og Finnmark.

Jord- og hagebruk.

Jordbruksarealet.

Tabell 4 gjev eit oversyn over jordbruksarealet og bruken av det i åra 1900–1959.

Tabell 4. Innmark og jordbruksareal. 1900–1959. Km².

	1900	1907	1917	1929	1939	1949 ¹	1959 ²
Kveite	50,36	49,94	86,64	119,52	412,13	308,28	92,56
Rug	129,95	149,80	107,91	74,13	31,76	9,90	10,83
Bygg	394,60	358,60	473,97	534,58	467,74	399,56	1 409,30
Havre	970,00	1 060,26	1 028,77	966,08	870,25	758,50	647,04
Blandkorn	75,84	61,50	83,53	55,31	48,94	38,98	20,26
Erter til mogning	29,07	41,59	21,25	11,29	5,92	4,87	1,69
I alt korn og erter	1 649,82	1 721,69	1 802,07	1 760,91	1 836,74	1 520,09	2 181,68
Grønfør	87,94	135,91	64,95	145,58	125,07	163,61	114,11
Poteter	364,69	409,15	457,98	463,07	506,93	582,41	552,48
Rotvokstrar	18,69	79,69	74,54	170,73	225,43	154,38	151,81
Gronsaker	203,86	210,91	8,90	20,90	52,79	43,01	54,48
Annan åker og hage			152,31	165,57	198,71	237,51	424,21
I alt åker og hage	2 325,00	2 557,35	2 560,75	2 726,76	2 945,67	2 701,01	3 478,77
Eng på fulldyrka jord	4 475,00	4 316,26	4 436,93	5 027,62	5 296,36	5 422,26	4 914,57
I alt fulldyrka jord	6 800,00	6 873,61	6 997,68	7 754,38	8 242,03	8 123,27	8 393,34
Natureng på innmark	3 080,00	2 995,98	2 825,79	2 209,80	2 171,88	1 953,90	1 908,32
Sæterlykkjer og utslätter	(1 111,00)	(1 103,00)	747,57	378,46	..
I alt { Innmark	9 880,00	9 869,59	9 823,47	9 964,18	10 413,91	10 077,17	..
Jordbruksareal	11 161,48	10 455,63	10 301,66
Av dette: Til beite	647,00	626,70	471,60	585,60	903,60	1 414,10	1 561,91

¹ Bygdene, med Aker og Jeløy.

² Bygder og byar.

Dei eldste arealoppgåvene byggjer på oppgåver over utsæde m. v. Beinveges arealoppgåver vart innhenta fyrste gongen i 1907.

Arealoppgåvene er etter kvart blitt sikrare enn før, då mange bruk no er oppmælte. På einskilde bruk kan det likevel vera noko uklåre grenser mellom jordbruksareal og anna areal, og der enga lenge har legi upløgd, er det heller ikkje alltid klår grense mellom fulldyrka jord og natureng.

Sidan 1900 har det etter måten vori små brigde i samla innmarksareal og jordbruksareal, og etter kvart har ein stor del av innmarka vorti fulldyrka. Etter 1900 har det fulldyrka arealet auka med om lag 1,6 mill. dekar. Det er nydyrka om lag 2,5 mill. dekar i denne tida. Noko av skilnaden kan truleg koma av at dei eldste arealoppgåvene var noko usikre, men det er klårt at

store areal fulldyrka jord etter kvart har vorti nytta til andre føremål enn jordbruk. Ein kan såleis nemna byggjegrunn for hus, vegar, jarnvegar m. v. Til dessa har ein ikkje oppgåve over areala til dette. Der jorda er nytta til bustadbygg, er ofte noko av arealet framleis i bruk til hagevokstrar.

Samstundes som det fulldyrka arealet har auka, har areal open åker og hage variert mykje mellom dei teljingsåra som er nemnde i tabellen. Det var 3,3 mill. dekar åker og hage i tvangsdyrkingsåret 1918. Arealet gjekk attende til 2,5 mill. i 1925. Det auka til over 3 mill. under siste krigen, og var 3,4 mill. dekar i 1942, men gjekk attende til 2,7 mill. i 1947. Etter 1949 har åkerarealet auka kvart år, serleg på grunn av auken i korndyrkinga. Samstundes med auken i åkerarealet, har engarealet gått attende. Slåttenga har og minka, av di meir eng er nytta til kulturbete.

Tabell 5. Bruken av arealet. Dekar.

	Bygdene			Byane	Riket
	19491	1959	Prosentvis brigde 1949–1959	1959	1959
Kveite	304 782	90 951	— 70,2	1 604	92 555
Rug	9 733	10 428	+ 7,1	403	10 831
Bygg	398 711	1 398 841	+ 250,8	10 462	1 409 303
Havre	753 376	642 440	— 14,7	4 603	647 043
Blandkorn	38 942	20 211	— 48,1	52	20 263
Erter til mogning	4 767	1 625	— 65,9	60	1 685
Korn og erter i alt	1 510 311	2 164 496	+ 43,3	17 184	2 181 680
Grønfôr	163 087	113 725	— 30,3	384	114 109
Poteter	579 767	548 859	— 5,3	3 619	552 478
Fôrnepe	47 440	35 321	— 25,5	61	35 382
Kålrot	71 353	80 946	+ 13,4	568	81 514
Fôrbete	23 685	13 667	— 42,3	132	13 799
Fôrmergkål	11 131	20 924	+ 88,0	190	21 114
Grønsaker på friland	41 486	52 034	+ 25,4	2 451	54 485
Jordbær	9 473	8 566	— 9,6	140	8 706
Bringebær	4 959	3 974	— 19,9	418	4 392
Andre vokstrar på åker og i hage	172 139	275 822	+ 60,2	40 269	316 091
Brakk	37 618	93 376	+ 148,2	1 647	95 023
Åker og hage i alt	2 672 449	3 411 710	+ 27,7	67 063	3 478 773
Eng til slått:					
Fulldyrka	4 845 414	4 280 083	— 11,7	22 942	4 303 025
Natureng og overflatedyrka	1 096 476	760 920	— 30,6	2 576	763 496
Sæterlykkjer ²	153 034
Utslætter ³	224 834
Kulturbete:					
Fulldyrka	554 081	556 076	+ 0,4	4 710	560 786
Natureng og overflatedyrka	854 151	996 481	+ 16,7	4 638	1 001 119
Eng som ligg unytta:					
Fulldyrka	50 075	..	678	50 753
Natureng og overflatedyrka	142 146	..	1 563	143 709
Jordbruksareal i alt	10 400 439	10 197 491	— 2,0	104 170	10 301 661
Av dette:					
Fulldyrka	8 071 944	8 297 944	+ 2,8	95 393	8 393 337
Skikka for drift med 4-hjuls traktor	7 507 023	..	48 669	7 555 692

¹ Utan Åker og Jeløy.

² I 1959 er sæterlykkjer rekna med under dei kulturar som dei blir nytta til.

³ Ikkje med i jordbruksarealet 1959.

Tabell 6. Åker- og hagearealet i bygdene i 1959 i høve til 1949. 1949 = 100.

	Korn og erter	Poteter	Rot- vokstrar	Annan åker og hage	Åker og hage i alt
Østfold	160,3	81,0	83,6	139,3	142,3
Akershus	148,6	80,1	100,2	129,5	134,1
Hedmark	162,0	93,7	88,8	110,0	137,7
Oppland	128,3	98,8	98,4	108,3	118,7
Buskerud	149,7	79,1	93,2	147,1	136,3
Vestfold	166,9	91,9	90,5	148,5	144,6
Telemark	135,0	83,3	82,9	150,7	122,8
Aust-Agder	76,9	86,0	129,6	115,0	96,6
Vest-Agder	66,1	80,6	165,0	119,7	89,5
Rogaland	123,3	97,9	126,9	149,8	119,7
Hordaland	43,1	84,2	154,7	126,0	100,9
Sogn og Fjordane	27,0	99,5	161,6	132,6	102,3
Møre og Romsdal	98,1	101,1	140,4	143,5	113,1
Sør-Trøndelag	119,9	110,4	83,9	118,9	115,7
Nord-Trøndelag	141,0	126,8	74,1	114,2	130,7
Nordland	102,3	99,6	52,6	101,3	99,1
Troms	31,8	96,0	101,9	96,6	94,7
Finnmark	200,0	100,8	159,3	159,3	142,4
Bygdene i alt	143,3	94,7	98,2	127,7	127,7

Tabell 5 gjev areala i 1959 serskild for bygder og byar, slik at jamføring med oppgåvene for bygdene i 1949 blir best mogeleg.

Tabell 6 gjev åkerarealet for bygdene fylkesvis i 1959 jamførde med bygdene i 1949.

For bygdene under eitt var kornareala i 1959 43 prosent større enn i 1949. Auken fell serleg på Austlandet, Rogaland og Trøndelag. Av kornslaga er det bygget som har auka, medan dei andre kornslaga under eitt har minka. Potetareala var 5 prosent mindre i 1959 enn i 1949. Det var etter måten stor auke for potet i Trøndelag, men elles små brigde eller nedgang frå 1949. Areala til rotvokstrar og førmergkål gjekk noko attende. Det var auke for kålrot og førmergkål, men nedgang for fôrnepe og forbete. Grønsakarealet var større i 1959 enn i 1949, medan det var nytta mindre areal til jordbær og bringebær.

Areal åker og hage i alt auka med 28 prosent frå 1949 til 1959. Det var auke i alle fylke, unntakne Agderfylka, Nordland og Troms. Eng til slått på full-dyrka jord gjekk attende med 12 prosent, og eng til slått på natureng og overflatedyrka jord med 31 prosent. Areala til kulturbete auka, serleg på natureng og overflatedyrka jord.

Samla jordbruksareal i bygdene var 2 prosent mindre enn i 1949. Dette svarar om lag til arealet av utslåtter i 1949, men etter oppgåver for 1958 var utslåtter då lite nytta. Omfram denne nedgangen var 190 000 dekar, eller 1,9 prosent av jordbruksarealet i 1959 på dei talde brukta, gjevi opp som unyttta eng. Nedlagde bruk der heile arealet låg unytta, var ikkje med i teljinga.

I 1959 var det og spurt om kor mykje av jordbruksarealet som var skikka for drift med 4-hjuls traktor. I alt var vel 7,5 mill. dekar eller 74 prosent av arealet oppgjevi som skikka for traktordrift.

Jordbruksteljinga gjev og oppgåver over produktivt skogareal som brukarane åtte innan kommunen. Det var i alt 36 600 km² slik skog i 1959, om lag det same som teljinga i 1949 synte. Skog til bruk der eigaren bortpakta jordvegen,

men dreiv skogen sjølv, er ikkje medrekna. Det same gjeld og for skog i sameige.

Skogbruksteljinga i 1957 synter at eigarar av jordbruk med skog hadde 44 565 km² produktivt skogareal, medan samla skogareal i landet var 70 258 km². Dette er nærmere omtala i Skogbrukstellingen i Norge 1. september 1957, NOS XII 6 og XII 21.

Jordbrukssteljinga hadde vidare oppgåver over 29 327 km² anna areal som høyrd til bruken. Av dette var 2 842 km² oppgjevi som skikka til fulldyrking og 743 km² til overflededyrkning. Det er om lag det same som vart gjevi opp i 1949. Attåt dette kjem dyrkingsfelt som ikkje høyrrer direkte til dei talde brukena.

Tabell V bak i boka gjev arealtala for 1959 i dei einskilde fylka (bygder og byar).

Tabell 7. Bruken av arealet 1949–1959. 1000 dekar.

År	Korn og erter	Grøn-før	Poteter	Rot-vokstrar	Grøn-saker	Annan åker og hage	Åker og hage i alt	Eng til slått ¹	Kultur-beite
1949 ²	1 520	164	582	154	43	238	2 701	5 962	1 414
1950	1 568	124	590	166	48	222	2 718	5 904	1 465
1951	1 614	130	585	166	53	235	2 783	5 756	1 564
1952	1 689	119	580	164	62	243	2 857	5 707	1 542
1953	1 744	109	562	173	64	255	2 907	5 673	1 559
1954	1 871	106	545	166	49	276	3 013	5 533	1 585
1955	1 913	112	561	156	60	294	3 096	5 392	1 633
1956	1 993	109	581	156	65	286	3 190	5 318	1 616
1957	2 126	119	552	152	59	278	3 286	5 231	1 622
1958	2 120	118	534	158	56	317	3 303	5 190	1 651
1959 ³	2 182	114	553	152	55	423	3 479	5 067	1 562

¹ Sæterlykkjer og utslætter 1949–1958 ikkje rekna med.

² 1949–1958: Bygdene, med Åker og Jeløy.

³ Bygder og byar.

Tabell 7 syner utviklinga for kvart år frå 1949 til 1959, og sume av desse tala er gjevne for dei einskilde fylka i tabell VIII bak i boka.

Som nemnt er ikkje tala for 1959, bygder og byar i alt, heilt ut jamførbare med tala for 1949–1958. Dei store endringane i bruksstrukturen har og i visse høve ført til større brigde i oppgåvene frå 1958 til 1959 enn det i røynda har vori dette eine året. Såleis har den store auken i «annan åker og hage» gjort seg gjeldande over fleire år. For jordbruksvokstrane elles fell oppgåvene fram til 1958 etter måten bra saman med resultata frå teljinga i 1959. Det var liten auke i areala av korn, poteter og rotvokstrar frå 1958 til 1959, og framleis nedgang i engareala. For vokstrar som er lite dyrka, vil oppgåvene for dei einskilde fylka etter utvalsteljingane 1950 til 1958, sjølv sagt vera noko usikre.

Nydyrkning.

Sidan før hundrearsskiftet har det vori stønad til dyrking av jord. Stønadsreglane har skift gjennom tidene. Det var mykje nydyrkning i 1920- og 1930-åra, men mindre i åra 1940–1950.

Etter at tilskotsvilkåra vart brigda i 1952, har nydyrkninga auka mykje att. I tida frå 1893 til 1958 vart det nydyrka om lag 2,5 mill. dekar med statsstønad (tilskot og lån).

Det er og gjevi stønad til grøfting av dyrka jord, og i dei seinare åra har det vori mykje overflatedyrking med stønad, der slik dyrking var meir tenleg enn fulldyrking.

Tabell 8 gjev eit oversyn over areal dyrka og grøfta med stønad frå 1921. Tabell 9 syner tala for kvart fylke dei siste åra.

Tabell 8. Dyrking og grøfting med tilskot og lån 1921–1959.

	Fulldyrka	Overflatedyrka	Grøfting av tidlegare dyrka jord
	Dekar	Dekar	Dekar
1921–1928	464 490	6 060	186 544
1929–1938	794 326	3 580	440 735
1939–1948	345 469	96 401	221 621
1949–1958	529 453	272 403	534 468
1949	32 732	19 403	17 915
1950	34 831	27 597	19 626
1951	30 823	26 637	15 217
1952	33 043	26 055	19 280
1953	47 732	30 148	47 976
1954	56 212	29 816	64 400
1955	60 911	28 187	90 376
1956	73 784	28 492	93 108
1957	77 992	28 986	76 410
1958	81 393	27 082	90 160
1959	100 131	25 727	91 610

Tabell 9. Dyrking og grøfting med tilskot og lån. Fylkesvis.

	Fulldyrka		Overflatedyrka		Grøfting av tidlegare dyrka jord	
	1949–58	1959	1949–58	1959	1949–58	1959
	Dekar	Dekar	Dekar	Dekar	Dekar	Dekar
Østfold.....	4 291	546	785	21	121 680	10 898
Akershus	11 259	3 998	631	49	50 986	11 644
Hedmark	80 870	12 272	5 685	397	72 559	10 456
Oppland	56 473	14 817	17 402	1 218	32 957	5 853
Buskerud	10 637	2 429	7 335	637	20 439	4 950
Vestfold	4 956	1 047	750	27	76 912	10 937
Telemark	7 746	1 398	10 859	264	17 500	5 037
Aust-Agder	5 029	985	2 848	145	9 294	1 973
Vest-Agder	9 747	1 165	10 729	503	6 474	642
Rogaland	22 812	3 442	39 148	2 681	12 532	1 819
Hordaland	17 157	2 753	31 435	3 643	6 050	981
Sogn og Fjordane...	18 856	3 196	38 137	3 308	3 173	586
Møre og Romsdal ..	35 176	6 745	28 492	2 169	13 196	2 706
Sør-Trøndelag	34 554	7 080	17 077	1 515	20 909	5 264
Nord-Trøndelag ...	44 295	10 867	11 967	1 375	37 599	9 844
Nordland	67 363	11 260	28 034	3 983	19 929	5 757
Troms	54 819	7 736	19 262	3 305	7 746	1 328
Finnmark	43 413	8 395	1 827	487	4 533	935
I alt	529 453	100 131	272 403	25 727	534 468	91 610

Av dei 500 000 dekar som vart fulldyrka 1949–1958, var om lag halvparten dyrka nordafjells, ein femtepart på Vestlandet og ein fjerdepart i Hedmark-Oppland.

Åv overflatedyrkinga fell om lag halvparten på Vestlandet, og ein fjerdepart er dyrka nordafjells. Det er elles mykje overflatedyrking i Oppland. Av grøfta areal fell 3/4 på Austlandet og 1/10 på Trøndelag.

Det vert og gjevi stønad til søkkings- og uttappingsarbeid, og frå 1. juli 1959 til attlegg av opne grøfter. Sjå elles bolken om statsstønad side 51.

Hagebruket.

Tabell 10 syner utviklinga i hagebruket frå 1929 til 1959 etter jordbruks-teljingane. Oppgåvene over frukttre og bærbuskar gjeld for alle åra både bygder og byar, men for areala av jordbær, bringebær og grønsaker på friland gjeld det same som er nemnt før, at alle byane er med berre i 1959.

Frå 1949 til 1959 har talet på frukttre auka med 33 prosent og talet på bærbuskar med 30 prosent. Auken var serleg stor for solbær. Både jordbær- og bringebærareala gjekk attende, men grønsakareala på friland auka med ca. 25 prosent.

Samla areal under glas auka med vel 30 prosent. Serleg stor auke var det for veksthus med varmeanlegg. Grønsakdyrkinga under glas har auka, men relativt størst auke var det for prydvokstrar for snitt. Oppgåver frå planteskulane syner at det der vart nytta mindre areal enn i 1949 til frukttre, men det var stor auke i arealet til prydvokstrar.

Tabell III bak i boka syner talet på frukttre og bærbuskar i dei einskilde fylke i 1959, og tabell IV gjev eit oversyn over plantedyrking under glas. Denne tabellen gjeld bruk med meir enn 50 m² areal under glas.

Avlingane.

Ved utgangen av kvar månad i tida mai-september vert det sendt ut meldingar frå landbruksdirektøren om veksttilhøve og avlingsvoner for jordbruks- og hagebruksvokstrane. Ved utgangen av september vert det gjort ei førebels utrekning av avlingsmengd. I sume år med sein haust har ein gjort dette ved utgangen av oktober. Byrået reknar seinare ut dei endelige avlingsmengdene for jordbruksvokstrane etter oppgåver frå jordstyra, og for hagebruks-vokstrane etter oppgåver frå fylkesgartnarane.

A. Jordbruket.

Tabell 11 gjev eit oversyn over avlingane i 1939 og 1949–1959, og tabell 12 gjev meir detaljerte oppgåver for 1959. Tabell X bak i boka viser avlinga i 1959 i dei einskilde fylke.

Tabell 10. Hagebruket i 1929, 1939, 1949 og 1959. Talet på tre og buskar, og areal i dekar.

	1929	1939	1949	1959
Eple, sumar-			Talet på tre:	
» haust-	..	846 859	900 578	714 778
» vinter-	..	1 035 802	1 449 955	2 466 439
Eple i alt	1 181 398	1 882 661	2 350 533	3 181 217
Pære	278 943	402 486	360 049	457 588
Plome	533 939	939 106	743 151	1 046 751
Kirsebær, sot og sur	519 011	543 854	367 088	386 331
Frukttre i alt	2 513 291	3 768 107	3 820 821	5 071 887
Rips	1 992 240	1 890 151	1 670 180	1 826 309
Stikkelsbær	1 283 185	1 221 928	954 093	1 169 513
Solbær	1 393 587	1 317 159	1 371 075	2 185 785
Bærbuskar i alt	4 669 012	4 429 238	3 995 348	5 181 607
Jordbær	5 591	7 095	9 512	8 706
Bringebær	4 538	4 693	5 079	4 392
Blomkål	4 362	5 430
Sumar- og haustkvitkål	3 333	4 468
Vinterkvitkål	6 715	9 774
Annan kål	910	822
Kål i alt	12 414	14 122	15 320	20 494
Gulrot	7 848	10 627	9 028	12 804
Bønner	..	1 425	743	840
Hageerter	..	2 053	1 836	1 982
Purre	..	583	617	892
Selleri	..	713	504	591
Persillerot	..	522	170	1 ..
Raudbeter	..	1 ..	1 ..	818
Matlauk	..	1 ..	1 702	1 688
Rabarbra	..	701	527	266
Agurkar på friland	..	855	1 620	2 044
Tomatar på friland	..	427	504	67
Andre grønsaker på friland	..	1 466	618	851
Ymse grønsaker (kjøkenhagar)	..	19 293	9 824	11 148
Grønsaker i alt på friland	..	² 52 787	² 43 013	54 485
Agurkar under glas	45,0	66,0	104,8	163,1
Tomatar under glas	129,0	254,0	359,1	684,8
Andre grønsaker under glas	..	94,0	164,8	205,4
Grønsaker i alt under glas	..	414,0	628,7	1 053,3
Areal i alt under glas	385,0	857,0	1 538,0	2 032,0
Av dette med oppgåve over drifta	1 318,3	2 008,9

¹ Rekna med under andre grønsaker.² Bygdene, med Aker og Jeløy.

Tabell 11. Avlinga i jordbruket. 1939–1959. 1000 tonn.

År	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Korn og erter i alt ¹	Grønför	Poteter	Rotvokstrar	Høy i alt	Halm	Føreiningar i alt ²
1939	77,8	6,2	103,5	200,8	402	59	807	829	2 863	570	1 936
1949	67,0	2,1	86,1	163,3	329	83	1 099	647	3 060	443	1 977
1950	66,2	2,5	98,9	179,8	358	65	1 116	724	3 205	515	2 084
1951	40,1	1,2	122,5	170,2	344	68	1 015	661	2 741	523	1 860
1952	39,6	1,1	147,9	161,2	358	60	1 187	675	2 962	516	1 999
1953	38,9	1,4	206,5	179,1	433	58	1 249	913	3 155	574	2 201
1954	41,2	1,5	223,8	160,6	433	58	1 130	737	3 114	609	2 150
1955	31,8	1,3	209,5	114,0	362	50	981	597	2 444	402	1 718
1956	55,9	2,5	297,4	182,3	545	60	1 392	724	2 859	667	2 230
1957	30,0	1,3	315,6	135,7	487	66	1 010	677	3 062	623	2 163
1958	16,8	1,0	340,1	127,2	489	62	1 202	744	2 752	584	2 081
1959	19,9	2,3	304,4	117,5	448	57	1 071	673	2 753	408	1 959

¹ Blandkorn og erter til mogning rekna med.² Millionar f.e.

Tabell 12. Avlinga av jordbruksvokstrar i 1959.

	Areal i 1959 Dekar	Avling i 1959		Prosent av eit medelsår	Kvalitet
		Kg pr. dekar	Tonn		
Kveite	92 555	215	19 864	81	4,4
Rug	10 831	214	2 316	81	4,6
Bygg	1 409 303	216	304 357	79	4,3
Havre	647 043	182	117 458	70	4,3
Blandkorn	20 263	170	3 444	65	4,6
Erter (til mogning)	1 685	205	346	88	..
Korn og erter i alt	2 181 680	205	447 785	76	4,3
Poteter	552 478	1 938	1 070 641	83	4,0
Førnepe	35 382	4 766	168 626	94	4,0
Kålrot	81 514	3 983	324 687	79	4,2
Fôrbete	13 799	5 565	76 797	100	4,4
Fôrmergkål	21 114	4 893	103 302	86	4,5
Grønför (tort)	114 109	497	56 744	88	4,0
Høy frå eng på fulldyrka jord	4 303 025	574	2 471 830	97	4,3
Høy frå natureng og overflatedyrka eng	763 496	368	280 961	98	4,0
Halm	2 181 680	187	408 190	65	4,2
I alt 1000 føreiningar			1 959 328	87	..

Ved omrekninga til føreiningar har ein rekna: 1 f.e. = 1 kg kveite, rug, bygg og erter, 1,2 kg havre, 1,1 kg blandkorn, 4,5 kg poteter, 9 kg kålrot, fôrbete og fôrmergkål, 12 kg førnepe, 2,5 kg høy, 4,1 kg halm og 2,5 kg tort grønför. Desse omrekningsfaktorane er nyttta for alle år, utan omsyn til kvaliteten av avlinga. Beita er ikkje med i den avlingsmengda som tabellen syner. I 1949 vart det rekna med om lag 850 mill. føreiningar frå beite. Ein reknar med at talet har minka til om lag 750 mill. i dei seinaste åra.

Når ein skal döma om prosenttala i høve til medelsåret, må ein vera merksam på at nemninga «medelsår» gjeld den avlingsmengd ein reknar med å få i eit vanleg godt år, når det ikkje er noko serleg som skiplar avlingsvognene. Det er berre høyet som gjennom ei lengre årrekke kjem opp i om lag 100 prosent av medelsårsavling. For åkervokstrane ligg medelsprosentane for åra etter 1900 mellom 88 og 92, og for samla avling på 95 prosent.

Vinteren 1958–59 var for det meste mild. Ei tid var det mykje snø på Sørlandet og Austlandet, men elles var det etter måten lite snø. Det vart tidleg vår dei fleste stader i landet, i Trøndelag og Nord-Noreg 2–4 veker tidlegare enn vanleg. Våronna vart stort sett unnagjord i lagleg vær, men vart noko seinka av regn på Jæren og i Agder, og av snovêr i dei nordlegaste fylka. Eng og beiter overvintra stort sett godt, og frukttre og bærbuskar like eins.

Sumaren 1959 var uvanleg varm og turr over Austlandet og i Agder. Det var sers lite regn i juni, og oftast berre lokale skurer i juli. Varmen heldt fram til sist i august. Det vart då kaldt vær og nattefrost sume stader. Turkevêret gjorde mykje skade på årvoksteren. Mange stader måtte ein køyra vatn til folk og fe, og jorda vart hard og lite lagleg for haustployinga.

Elles i landet var det meir normal nedbør og svalt vær. Vestlandet og Trøndelag fekk etter måten lite regn i august, men i september var det uvanleg mykje regn nordafjells og i nordlege luter av Vestlandet. Nord-Noreg hadde den våtaste og kaldaste sumaren i manns minne.

Desse værtihøva førde til at avlingane skifta mykje i dei einskilde landslutanane. Austlandet og mykje av Agder fekk sers små avlingar både på åker og eng, men dei var av god kvalitet og vart hausta under gode værtihøve. Fra Rogaland og nordetter teikna det til eit sers godt år. Det vart store avlingar på slåtteng og beite, men åkervokstrane vart mykje skadde under haustinga.

Samla avling (utanom beita) er utrekna til 1 959 millionar føreiningar i 1959, mot 2 081 mill. i 1958. Samla avling i 1959 var 87 prosent av eit medelsår, mot 92 prosent året før.

Kornet tok tidleg skade av turken, og mogninga vart ujamn. Det var tidleg skurdonn og godt bergingsvær på Austlandet, men i Trøndelag vart skurdonna mykje seinka.

Samla avling av korn og erter var 448 000 tonn i 1959 mot 489 000 tonn året før. Gjennomsnittsavling pr. dekar var 205 kg eller 76 prosent av eit medelsår, mot 231 kg og 87 prosent året før. Kveite, rug og bygg gav om lag 80 prosent av eit medelsår i 1959, men havren berre 70 prosent. Austlandet fekk 60–85 prosent av medelsårsavl av korn, medan Vestlandet og Trøndelag fekk om lag 100 prosent.

Potetavlinga var i alt 1 071 600 tonn, mot 1 202 000 tonn året før. Avling pr. dekar var 1 938 kg eller 83 prosent av eit medelsår, mot 2 249 kg og 98 prosent i 1958. Prosenttala låg mellom 55 og 85 for fylka på Austlandet og var om lag 100 på Vestlandet og 110 i Trøndelag.

Rotvokstrar og fôrmergkål gav ei samla avling på 673 000 tonn mot 744 000 tonn året før.

Samla høyavling vart 2 753 000 tonn i 1959, om lag som året før. Høyavlinga er rekna ut for heile arealet av eng til slått, og femnar såleis og om eng der slåtten er lagd i silo. Avlinga gjeld så å seia berre fyrste gongs slått. Hå som er nytta til silo eller beite, er ikkje rekna med i høyavlinga.

Som gjennomsnitt for landet gav eng på dyrka jord 574 kg pr. dekar eller 97 prosent av eit medelsår, mot 554 kg og 94 prosent året før. Austlandet fekk 75–80 prosent av eit medelsår, Vestlandet ikring 105 og Trøndelag og Nord-Noreg ikring 110 prosent av eit medelsår.

Naturenga gav som gjennomsnitt for landet 368 kg. Det var 98 prosent av eit medelsår.

Kvaliteten av høyet var svært god over Austlandet og stort sett bra elles i Sør-Noreg, men i Nord-Noreg vart mykje høy skadd av regn i bergingstida.

Utover sumaren var voksteren på eng og beite uvanleg därleg i turkestroka, men elles var det stort sett gode tilhøve for beita i 1959.

Tabell 13. Avling pr. dekar.

	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Bland-korn	Poteter	För-nepe	Kål-rot	Høy frå		F.e. pr. dekar hausta areal	
									eng på full-dyrka jord	natur- eng ¹		
a.												
									Avling i kg pr. dekar.			
1925–29	171	173	187	187	197	1 777	3 985	3 509	422	222	177	
1930–34	167	177	189	186	191	1 800	3 920	3 652	417	230	182	
1935–39	202	194	206	219	224	1 736	3 920	3 561	459	226	200	
1940–44	167	174	182	177	199	1 709	3 759	3 282	398	217	184	
1945–49	199	190	218	209	229	1 879	3 765	3 202	494	275	218	
1950–54	199	211	237	226	243	1 995	4 471	4 296	564	313	246	
1955–59	216	226	233	215	224	2 032	4 397	4 220	555	343	248	
1955	174	197	207	167	193	1 748	4 139	3 498	473	291	209	
1956	269	270	274	275	288	2 395	4 237	4 683	563	343	271	
1957	213	230	233	224	239	1 830	4 466	4 314	611	374	262	
1958	211	221	234	225	231	2 249	4 375	4 623	554	340	254	
1959	215	214	216	182	170	1 938	4 766	3 983	574	368	243	
b.												
									Avling i prosent av medelsår.			
1900–50	91	91	91	90	92	91	88	.	97		95	
1950–54	89	93	94	94	95	90	93	94	103	98	98	
1955–59	86	90	87	83	84	88	89	88	95	95	91	
1955	73	83	80	67	71	77	84	74	81	83	79	
1956	108	111	103	108	108	104	86	99	98	96	101	
1957	85	95	87	86	88	80	90	91	106	104	96	
1958	83	86	88	86	87	98	89	96	94	93	92	
1959	81	81	79	70	65	83	94	79	97	98	87	
c.												
									Utrekna medelsårsavl i kg pr. dekar.			
1925	180	195	203	201	206	1 900	4 191	—	409	233	180	
1939	215	209	231	234	243	2 078	4 619	4 347	481	241	216	
1949	227	217	247	239	269	2 204	4 695	4 459	526	305	239	
1955	237	242	259	249	274	2 278	4 911	4 761	583	353	266	
1956	248	250	267	253	267	2 303	4 918	4 720	575	357	269	
1957	251	250	269	260	272	2 298	4 991	4 747	578	361	272	
1958	252	255	267	261	267	2 295	4 936	4 825	591	366	275	
1959	267	263	273	260	264	2 343	5 082	5 031	594	374	278	

¹ Sæterlykkjer og utslätter 1939–1958 ikkje rekna med.

Tabell 13 gjev eit oversyn over avlingane pr. dekar og i prosent av medelsåret og utrekna medelsårsavling pr. dekar. Utviklinga i dyrkingsteknikk m. v. har etter kvart ført til større avlingar av dei ymse vokstrane. Difor har og kravet til eit medelsår auka. Brigde i bruken av areala har og verka i same lei når det gjeld samla avling pr. dekar hausta areal. Medelsårsavlen har auka frå 180 f. e. i 1925 til 278 f. e. i 1959. Som før nemnt, ligg medelsårsavlen på noko høgre nivå enn gjennomsnittsavlinga for ei årrekke, men gjev eit godt bilet av utviklinga, av di medelsåret er lite påverka av dei årlege brigde i vokstertilhøve og avling.

B. Hagebruket.

Tabell 14 gjev eit oversyn over avlingane i hagebruket, og tabell 15 syner avlinga av dei einskilde vokstrane i 1959.

Tabell 14. Avlinga i hagebruket. Tonn.

År	Frukt	Bær	Grønsaker ¹	År	Frukt	Bær	Grønsaker ¹
1933	47 725	16 112	57 892	1947	42 042	18 400	90 941
1934	24 636	17 494	73 451	1948	59 141	21 831	164 498
1935	49 161	20 192	54 979	1949	24 749	20 280	76 745
1936	32 574	19 403	70 234	1950 ²	87 086	26 269	105 822
1937	38 034	20 616	72 199	1951	62 581	24 266	93 167
1938	26 408	19 104	74 202	1952	69 138	25 008	98 914
1939	61 969	19 676	73 803	1953	46 691	26 578	148 819
1940	35 020	18 464	87 779	1954	95 581	27 766	105 686
1941	43 894	18 975	125 881	1955	67 428	22 496	109 825
1942	28 439	17 891	106 460	1956	94 913	28 381	144 644
1943	24 938	20 212	135 380	1957	64 711	29 940	134 015
1944	24 621	19 150	124 290	1958	96 040	27 832	127 469
1945	19 559	20 093	122 346	1959	98 121	28 984	120 424
1946	56 033	21 160	75 826				

¹ Hovudkulturar på friland og under glas.

² Grunnlaget for utrekninga revidert i 1950.

I hagebruket vart det og stort sett lite skade om vinteren, men nokre stader vart frukttre skadde av markmus og jordrotte.

Fruktblomminga var uvanleg rik, men noko ujamn for pære og sein vinterfrukt. I vokstertida var det mykje åtak av bladlus, rognebærmøll og andre skadeinsekt. I turkestroka var det og mykje kartfall. Det var lite skurv på eple.

Samla fruktavl vart utrekna til 98 100 tonn. Dette er noko meir enn året før, som også var eit godt fruktår.

Epla vart jamt over store, godt utvikla og godt farga og gav noko over medelsårs avl. Det vart 14 500 tonn sumareple og 50 200 tonn vintereple, i alt 64 700 tonn, mot 68 700 tonn året før. Hausteleple, som før 1959 vart rekna med under «sumar- og hausteleple», er frå 1959 rekna med som tidlege vintereple. Dette gjeld t. d. sortar som James Grieve.

Pærerne utvikla seg og godt utetter hausten, men fruktsetjinga var ujamn og til dels lita. Samla avl vart 8 500 tonn i 1959, mot 10 600 tonn året før. Det var særslit pærer på Austlandet og i Agder.

Plomene slo godt til over nesten heile landet, og avlinga vart 20 200 tonn, mot 12 100 tonn året før. Kirsebæra gav 4 700 tonn, eller det same som i 1958.

Hagebæra gav i alt 29 000 tonn i 1959, noko meir enn året før.

Det var åtak på grønsakovstrane av kålfuge, gulrotfluge og andre skadeinsekt. I turkestroka vart vokteren til dels sett attende, men der det vart vatna, hjelpte det mykje på avlingsmengda.

Tabell 15. Avlinga i hagebruket 1959.

	Talet på einingar 1959	Avling i 1959		Prosent av medelsår
		Kg pr. eining	Tonn	
Sumareple ¹	714 778 tre	20,3	14 518	102
Vintereple	2 466 439 »	20,3	50 174	102
Eple i alt	3 181 217 tre	20,3	64 692	102
Pærer	457 588 »	18,7	8 551	85
Plomer	1 046 751 »	19,3	20 177	121
Kirsebær og morellar	386 331 »	12,2	4 701	101
Frukt i alt	5 071 887 tre		98 121	
Rips	1 826 309 buskar	6,2	11 343	104
Stikkelsbær	1 169 513 »	4,3	5 032	108
Solbær	2 185 785 »	2,9	6 283	96
Jordbær	8 706 dekar	515	4 483	103
Bringebær	4 392 »	420	1 843	93
Hagebær i alt			28 984	
Kål	20 494 »	2 892	59 266	90
Gulrot	12 804 »	2 960	37 892	106
Bønner	840 »	587	493	90
Hageerter	1 982 »	633	1 255	97
Purre	892 »	2 531	2 259	101
Selleri	591 »	1 342	793	89
Raudbeter	818 »	1 917	1 569	96
Matlauk	1 688 »	2 033	3 432	102
Rabarbra	266 »	3 975	1 058	99
Agurkar på friland	2 044 »	509	1 041	102
Tomatar på friland	67 »	1 090	73	109
Grønsaker i alt på friland	42 486 dekar		109 131	
Agurkar under glas	163 138 m ²	15,6	2 551	104
Tomatar under glas	684 821 »	12,8	8 742	106
Grønsaker i alt under glas	847 959 m ²		11 293	
Grønsaker i alt ²			120 424	

¹ Hausteples, som før 1959 vart rekna med under «sumar- og hausteples», er frå 1959 rekna som tidlege vintereple.

² Småkulturar og kjøkenhagar er ikkje rekna med.

Hovudkulturane av grønsaker på friland gav i alt ei avling på 109 100 tonn. Av dette var 59 200 tonn kål, 37 900 tonn gulrot og 12 000 tonn andre grønsaker. Gulrot gav serleg god avling i 1959.

Av grønsaker dyrka under glas gav tomatar 8 700 tonn og agurkar 2 550 tonn. Samla avl av hovudkulturane vart 120 000 tonn i 1959 mot 127 000 tonn året før. Attåt dette kjem avl frå andre kulturar som salat, persille m. v., og avl frå små areal som ikkje er spesifiserte, t. d. «kjøkenhagar.» Dette kom opp i 12 000 dekar på friland og 200 dekar under glas, av eit samla areal på 55 500 dekar i alt på friland og under glas.

Tabell XI bak i boka syner avlingane fylkesvis i 1959.

Husdyrhaldet.

Talet på husdyr.

Tabell 16. Talet på husdyr 1900–1959.

	Hestar	Storfe		Sauer	Geiter	Svin	Vaksne høns
		i alt	Kyr				
1900	166 152	1 006 554	..	1 397 883	283 367	236 386	1 586 277
1907	163 621	1 087 918	723 325	1 390 421	295 767	307 165	1 411 101
1917	202 365	1 149 526	743 441	1 294 906	238 641	237 921	1 883 718
1929	177 169	1 224 182	755 135	1 533 015	323 677	289 039	2 929 440
1939	203 931	1 455 016	864 336	1 743 802	248 916	361 953	3 422 368
6. Produksjonstenester	100	105	105	108	112	119	119
B. Varige produksjonsmiddel	100	106	108	110	113	116	119
1. Bygningar	100	107	108	111	116	120	124
2. Maskinar og reiskapar	100	102	105	109	108	108	107
3. Grøftemateriale	100	111	111	115	117	122	129
III. Arbeidsløn	100	111	118	127	135	142	147

Indekstalet for jordbruksprodukt i alt har auka noko kvart år og var 122 for 1959, mot 117 året før. Auken skriv seg frå både planteprodukt og husdyrprodukt. Tabell 42 syner indekstala månadsvis for hovudgruppene.

Tabell 42. Prisindeks for jordbruksprodukt — fra Norges Landbrukskole.
Månadsindeks. 1952 = 100.

	Jordbruksprodukt i alt			Plante-produkt			Husdyr-produkt			Produksjonsmiddel og produksjons-tjenester		
	1957	1958	1959	1957	1958	1959	1957	1958	1959	1957	1958	1959
Januar	115	119	124	97	116	106	119	120	128	122	124	127
Februar	113	118	124	97	118	108	117	119	128	122	124	127
Mars	113	119	123	98	121	109	117	118	126	123	124	127
April	112	118	121	99	124	112	115	116	123	123	124	127
Mai	112	118	119	99	124	112	115	115	120	123	124	128
Juni	112	118	118	99	128	111	115	116	120	123	124	128
Juli	115	125	123	111	150	122	117	119	123	122	122	126
August	114	121	124	93	114	108	120	123	127	120	123	125
September	116	122	123	93	96	99	121	128	129	121	123	125
Oktober	117	121	123	102	92	99	121	128	129	122	124	126
November	118	122	124	112	95	102	120	128	129	122	125	126
Desember	119	122	125	114	99	104	120	129	130	122	125	126

Grunnprisane for korn var dei same for avlingsåret 1959 som for året før. Satsane for korntrygda var og dei same, med ei grunntrygd og ei tilleggstrygd. Det var og dei same reglane for potettrygda som året før.

Tabell 43 gjev eit oversyn over korn- og potettrygda dei seinaste åra, og tabell 44 syner kjøp og leigemaling av norsk korn, og statens utgifter til norsk korn.

Tabell 43. Korn- og potettrygd 1950–51 til 1957–58 (avlingsåra 1950–1957).

	I alt bruk med trygd	Trygd i 1000 kroner			Prosentvis delt på fylka		Prosentvis delt på korntrygda og potettrygda	
		Korntrygd	Potettrygd	Til saman	Korntrygd	Potettrygd	Korntrygd	Potettrygd
<i>Rekneskapsår :</i>								
1950–51	143 450	22 984	10 460	33 444	—	—	68,7	31,3
1951–52	152 580	25 520	14 963	40 483	—	—	63,0	37,0
1952–53	146 483	23 415	15 639	39 054	—	—	60,0	40,0
1953–54	144 692	25 485	21 447	46 932	—	—	54,3	45,7
1954–55	141 238	25 929	15 930	41 859	—	—	61,9	38,1
1955–56	117 363	23 684	9 871	33 555	—	—	70,6	29,4
1956–57	113 752	17 405	19 575	36 980	—	—	47,1	52,9
1957–58	110 605	16 994	15 131	32 125	100,0	100,0	52,9	47,1
<i>Fylka 1957–58 :</i>								
Østfold	5 708	1 901	552	2 453	11,2	3,6	77,5	22,5
Akershus	6 400	1 933	554	2 487	11,4	3,7	77,7	22,3
Hedmark	10 892	2 094	972	3 066	12,3	6,4	68,3	31,7
Oppland	11 954	2 681	1 583	4 264	15,8	10,5	62,9	37,1
Buskerud	5 880	974	574	1 548	5,7	3,8	62,9	37,1
Vestfold	4 492	1 308	1 632	2 940	7,8	10,8	44,5	55,5
Telemark	4 089	451	584	1 035	2,7	3,9	43,6	56,4
Aust-Agder	2 293	188	261	449	1,1	1,7	41,9	58,1
Vest-Agder	2 669	173	326	499	1,0	2,1	34,7	65,3
Rogaland	6 563	1 599	1 389	2 988	9,4	9,2	53,5	46,5
Hordaland	6 144	85	620	705	0,5	4,1	12,1	87,9
Sogn og Fjordane	5 732	55	925	980	0,3	6,1	5,6	94,4
Møre og Romsdal	8 933	411	997	1 408	2,4	6,6	29,2	70,8
Sør-Trøndelag	8 491	1 437	1 235	2 672	8,4	8,2	53,8	46,2
Nord-Trøndelag	8 530	1 653	2 150	3 803	9,7	14,2	43,5	56,5
Nordland	7 534	49	519	568	0,3	3,4	8,6	91,4
Troms	3 610	2	209	211	—	1,4	1,0	99,0
Finnmark	691	—	49	49	—	0,3	—	100,0

Tabell 44. Kjøp og leigemaling av norsk korn, utgifter til trygd o. a.

	Kjøp av norsk korn	Leigemaling	Statens utgifter til:	
			Trygd	Innkjøp, frakt o. a. for norsk korn
	Tonn	Tonn	Mill. kr.	Mill. kr.
1949–50	45 174	182 056	23,7	1,6
1950–51	52 471	186 163	23,7	2,0
1951–52	65 812	181 204	26,1	3,0
1952–53	80 407	166 986	23,8	3,5
1953–54	128 154	176 112	26,6	5,4
1954–55	146 186	179 201	26,7	6,3
1955–56	121 112	159 128	24,6	5,3
1956–57	257 544	172 787	21,6	14,6
1957–58	199 223	162 368	16,8	10,4
1958–59	205 421	159 636	17,1	10,4

Tabell 45 syner prisar til produsent for sume jordbruksvarer ved levering på hovudmarknad.

Tabell 45. Prisar til produsent.

	Høy ¹			Poteter ²			Egg ³		
	Kr. pr. 100 kg			Kr. pr. 100 kg			Kr. pr. kg		
	1957	1958	1959	1957	1958	1959	1957	1958	1959
Januar	21,00	22,00	23,00	19,00	34,00	29,00	3,07	3,85	4,17
Februar	23,00	22,00	26,00	19,00	35,00	30,00	2,87	4,20	4,13
Mars	26,00	21,00	27,00	19,00	38,00	30,00	3,43	4,73	4,67
April	22,00	21,00	26,00	19,00	38,00	30,00	4,32	5,20	4,70
Mai	22,00	21,00	23,00	19,00	38,00	30,00	4,53	5,20	4,80
Juni	21,00	21,00	23,00	19,00	43,00	31,00	5,17	5,18	4,85
Juli	21,00	21,00	23,00	32,00	82,00	66,00	5,20	5,20	5,48
August	23,00	21,00	26,00	20,00	33,00	37,00	5,20	5,32	5,55
September	24,00	21,00	24,00	22,50	21,00	30,00	5,15	5,07	4,97
Oktober	22,00	20,00	23,00	24,00	20,00	29,00	5,12	4,72	5,00
November	22,00	20,00	24,00	31,00	23,00	31,00	4,42	4,20	4,17
Desember	22,00	21,00	25,00	32,00	25,00	32,00	4,08	4,17	4,03
Året.....	22,42	21,00	24,42	22,96	35,83	33,75	4,38	4,75	4,71
	Okskjøt ⁴			Saukjøt ⁴			Flesk ⁴		
	Kr. pr. kg			Kr. pr. kg			Kr. pr. kg		
	1957	1958	1959	1957	1958	1959	1957	1958	1959
Januar	6,00	6,00	6,10	5,65	5,75	6,62	5,30	5,30	5,50
Februar	6,00	6,00	6,10	5,65	5,75	6,70	5,30	5,30	5,50
Mars	6,00	6,16	6,15	5,65	5,75	6,70	5,30	5,30	5,50
April	6,00	6,05	6,20	5,65	5,75	6,70	5,30	5,30	5,43
Mai	6,00	6,08	6,20	5,65	5,75	6,70	5,30	5,30	5,30
Juni	6,00	6,20	6,26	5,65	5,75	6,70	5,30	5,35	5,36
Juli	6,00	6,50	6,37	5,72	5,85	6,70	5,30	5,60	5,50
August	6,00	6,60	6,35	6,40	6,50	6,69	5,30	5,60	5,55
September	6,00	6,65	6,31	5,89	6,47	6,41	5,30	5,60	5,66
Oktober	6,00	6,44	6,26	5,53	6,06	6,22	5,30	5,60	5,70
November	6,00	6,12	6,45	5,75	6,52	6,40	5,30	5,63	5,84
Desember	6,00	6,10	6,45	5,75	6,60	6,40	5,30	5,64	6,02
Året.....	6,00	6,24	6,27	5,75	6,04	6,53	5,30	5,46	5,57

¹ Pressa høy, Trondheim, fritt opplesst jarmbane. ² Vanlege kvite matpoteter fritt leverte grossist, Oslo, ekskl. emballasje. ³ Netto avrekningspris til produsent, Austlandet. ⁴ Brutto avrekningspris til produsent for slakt i heile skrottar levert Oslo, klasse I, etter notering fra Norges Kjøtt- og Fleskesentral.

Potetprisane var fyrste halvåret av 1959 lægre enn året før, men hausten 1959 var tilførsla på Austlandet knapp og prisane høgre enn hausten 1958. Oslo-prisane låg ei tid over den øvre prisgrensa etter jordbruksavtalen.

Tilførsla av grønsaker var stort sett rikeleg hausten 1959. Prisane for sume varer var om lag som året før, men sume prisar var noko høgre, t. d. gulrotprisen. Det var og god tilgang på frukt og hagebær, og prisane stort sett låge. Berre for pærer var prisane høgre enn året før.

Jamførde med normalprisane og øvre prisgrense etter jordbruksavtalen, var marknadsprisane hausten 1958 og 1959 desse:

Veke nr.	Potet ¹	Hovudkål	Gulrot	Eple	Tomat ²
	42	42	42	42	37
Normalpris, øre pr. kg ...	27	28	48	208	308
Øvre prisgrense ——	30	31	54	233	345
Marknadspris 1958 ——	23	25	30	120	287
» 1959 ——	33	28	45	160	225

¹ Rauda sortar. ² Frå veksthus.

Jordbruksavtalen gav høve til meir sesongvariasjon i prisane på kjøt og flesk enn før, men jordbruksorganisasjonane skal syta for at prisane i gjennomsnitt for året ikkje går over ein fastsett medelpris. For 1958–59 og 1959–60 var noteringsprisane i året jamførde med årsmedelprisane etter avtalen:

		Okse kl. I	Lam kl. I	Gris kl. I	Egg kl. A
Medelpris etter avtalen,	kr. pr. kg ..	6,25	6,70	5,50	5,50
» for året 1958–59	—»— ..	6,272	6,705	5,515	5,489
» » 1959–60	—»— ..	6,388	6,698	5,500	5,500

For okse (kl. I) var prisen ved årsskiftet 1958–59 kr. 6,10 pr. kg., men den auka til kr. 6,45 ved slutten av 1959. Det var stor tilførsle av storfeslakt grunna turkesumaren, og eit lager på ca. 2 000 tonn vart selt til nedsett pris i september 1959.

For svin (kl. I) var prisnoteringa kr. 5,50 i januar 1959. Den gjekk noko ned fyrste halvåret, men auka til om lag 6 kroner ved slutten av året. Fleskeproduksjonen auka i 1959, men det var likevel naudsynt med noko innførsle, ikking 2 000 tonn.

Eggprisane til produsent var fyrste halvåret 1959 stort sett lægre enn året før, men var elles sume tider høgre enn i 1958. Det vart utført 1 400 tonn egg i 1959, mot 1 100 tonn i 1958. For egg vart det og selt ut lagra vare til nedsett pris, men det vart innført egg i sumarmånadene, då det var knapt med norsk vare.

Utsalsprisane for mjølk og kremfløyte vart sette ned frå 1. mars 1959, med 18 og 15 øre pr. liter. Dette vart gjort i samband med auka tilskot frå staten til prisregulering for mjølk og mjølkeprodukt, men det var og ei friviljug nedsetjing av prisane. Midel til dette vart tekne frå kraftfôrfondet. Frå same tid vart prisane for ost ved sal frå meieri til forhandlar sette ned med 99 øre pr. kg, og i samsvar med dette vart det gjevi eit sertilskot for ost ved sal til innlandsk bruk. Smørprisane vart ikkje endra. Tabell 46 og 47 syner prisane for mjølk og mjølkeprodukt.

Tabell 46. Prisar på mjølk og fløyte. Sone I, laust mål. Øre pr. liter.

		Heilmjølk	Skumamjølk	Kremfløyte (35 pct. feitt)
Frå	1. juli 1954 (til vanlege hushald)	53	27	655
»	23. april 1956 →—	64	32	770
»	1. september 1956 →—	56	32	770
»	11. mars 1957 →—	58	32	780
»	3. mai 1957 →—	58	32	790
»	11. juni 1957 →—	58	32	615
»	1. april 1958 →—	68	32	790
»	1. september 1958 →—	87	38	790
»	1. mars 1959 →—	69	38	775
»	2. mai 1960 →—	64	38	775

Tabell 47. Prisar på smør og ost, frå meieri til detaljist. Kr. pr. kg.

	Smør	Heilfeit gaudaost	Halvfeit nøkkelost	Blanda geitmystsost	Mager mysost
Frå	1. juli 1954	7,05	5,20	4,45	5,00
»	23. april 1956	8,05	6,35	5,60	6,20
»	5. juni 1957	8,05	5,00	4,25	4,85
»	12. juli 1957	6,92	5,00	4,25	4,85
»	1. april 1958	8,05	5,00	4,25	4,85
»	1. september 1958	8,05	6,85	6,10	6,70
»	1. mars 1959	8,05	5,86	5,11	5,71

Det var gode vilkår for utførsle av smør og ost i 1959. I alt vart utført 6 400 tonn smør, mot 4 300 i 1958, og 9 700 tonn ost, mot 5 700 tonn året før.

Det meste av tilskota frå staten til mjølkeproduksjonen vert gjevi som eit grunntilskot som er inkludert i grunnprisen frå mjøkesentralane. Grunntilskotet skal i gjennomsnitt for året vera 12,7 øre pr. liter kummjølk og 14,7 øre pr. liter geitmjølk, men skal ha stor sesongvariasjon gjennom året. I tillegg til grunntilskotet vert serskilde tilskot gjevne til distrikt og einskildbruk med vanskelege driftstilhøve, og ei varierande mengd andre tilskot.

Dei prisane som meieria kan betala til leverandørane, vil og retta seg etter driftskostnadene ved meieria. Tabell 48 gjev eit oversyn over det økonomiske resultatet for meieridrifta etter meieristatistikken.

Tabell 48. Bruttovinning og nettovinning av meierimjølka. Øre pr. kg.
(Kondenseringsfabrikkane ikkje med.)

År	Brutto-vinning	Drifts-utgifter	Netto-vinning	Til leverandørane		Rest ¹
				Utbetalt	Andre utreisler	
1953	65,41	10,10	55,31	52,30	1,81	1,20
1954	69,66	10,86	58,80	55,78	1,80	1,22
1955	75,06	11,95	63,11	60,20	1,94	0,97
1956	83,91	12,39	71,52	68,35	2,02	1,15
1957	84,92	13,05	71,87	68,92	2,06	0,89
1958	87,44	14,19	73,25	70,08	2,29	0,88
1959	91,12	14,23	76,89	73,20	2,65	1,04

¹ Til andre føremål og overføringer mellom driftsåra.

Prisane på norsk ull vart sette noko ned hausten 1958, men vart auka att hausten 1959. Tabell 49 syner prisane dei seinaste åra. Det var framleis utførsle av norsk ull. Mengda av utførd råull var 881 tonn i 1959, mot 1 000 tonn i 1958.

Tabell 49. Prisnoteringar for norsk ull. Kr. pr. kg.

	Sams heilårs- og haustull	Klasse A I	Klasse A Ekstra
Mai 1953	5,80	9,00	10,80
Oktober 1953	5,75	9,50	10,50
1. april 1954	6,85	9,75	10,50
10. mai 1954	7,35	10,25	11,00
11. oktober 1954	7,35	9,75	10,50
1. april 1957	8,10	10,80	11,30
30. september 1957	7,50	11,10	11,60
6. oktober 1958	6,00	10,50	11,00
5. oktober 1959	6,00	11,35	11,85

Prisane for pelsskinn var i sesongen 1958–59 stort sett høgre enn året før. Det var framleis liten spurnad etter sølvrevskinn, men for blårev og mink var det god avsetnad ved Oslo-auksjonane. Prisane heldt seg oppe også i sesongen 1959–60. Tabell 50 gjev eit oversyn over medelprisane. Utførla av pelsskinn er nemnd i samband med husdyrprodukta, sjå tabell 30.

Tabell 50. Medelprisar for pelsskinn ved Oslo-auksjonane. Kr. pr. skinn.

	Sølv- rev	Platina- rev	Blå- rev	Mink (I-II)				Pastell				Silverblue			
				Mørk mink		Han- nar		Tis- per		Han- nar		Tis- per		Han- nar	
				Han- nar	Tis- per										
Medel 1955–56.....	86	126	81	126	76	191	119	173	108						
» 1956–57.....	73	113	81	107	55	143	72	158	88						
» 1957–58.....	63	99	129	147	85	153	81	123	78						
» 1958–59.....	70	64	210	181	108	174	95	114	72						
» 1959–60.....	86	110	206	171	102	184	102	141	81						
Mai 1959	64	60	..	164	101	186	107	122	75						
Desember 1959	109	114	..	198	104	199	105	141	81						
Januar 1960	172	105	179	103	139	81						
Mars 1960	91	114	197	161	99	179	94	159	87						
April 1960	75	63	152	121	72	139	77	117	72						

For produksjonsmiddel i jordbruket var det små prisendringar i 1959. I prisindeksen for jordbruket gjekk indekstallet for denne varegruppa opp frå 124 i 1958, til 127 i 1959 (1952 = 100). Auken kjem frå høgre byggje-kostnader og auke i gjennomsnittsprisen for kraftfør. Auken i kjøp av kraftfør med kraftføravgift verkar på desse tala. Tabellane 51 og 52 syner prisane på dei ymse kraftførslag, kunstgjødsel og maskinar.

Tabell 51. Prisar på kunstgjødsel og kraftfør. Kroner pr. 100 kg.

	Kunstgjødsel ¹			Kraftfør ²			Sildmjøl (saltfattig)
	Kalk- salpeter 15,5 pct. N	Super- fosfat Norsk 7,4-7,9 pct. P	Kalium- gjødsel 31,5-34,9 pct. K	Fôr- blanding (ca. 50 pct. protein)	Maisgrøp	Ruggris	
1949	14,45	11,15	15,80	37,59	32,00	22,50	36,28
1950	14,45	11,15	15,80	60,82	43,83	34,78	64,28
1951	16,00	11,30	19,35	71,69	55,80	41,00	77,20
1952	17,35	11,85	20,60	71,81	55,80	41,00	77,20
1953	17,35	11,85	20,60	70,00	55,80	41,00	77,20
1954	17,40	11,85	20,60	70,00	55,80	40,49	77,20
1955	16,90	12,10	20,70	67,50	55,80	36,90	77,20
1956	17,90	13,70	23,10	86,83	71,07	51,50	99,80
1957	18,50	14,60	24,50	94,17	78,91	58,80	111,00
1958	18,60	14,60	24,50	93,00	79,66	59,22	112,70
1959	20,10	13,20	³ 28,80	492,25	79,03	59,63	117,10

¹ Vårtermin. ² Medel for året. ³ 39-43 pct. ⁴ 40 pct.

Tabell 52. Prisar på maskinar og reiskapar. Kroner pr. stk.

	Plog for traktor $2 \times 10''$	Rad- såmaskin 13 l.	Slåmaskin for traktor	Arbeids- kjerre	Høyvogn
				med gummihjul	
1955	1 141	1 360	1 325	920	1 300
1956	1 255	1 496	1 325	920	1 300
1957	1 255	1 630	1 425	920	1 333
1958	1 255	1 744	1 520	920	..
1959	1 255	1 694	1 520	920	..

Tabell 53 gjev eit oversyn over driftsresultata i jordbrukskapet etter dei rekneskapane som Norges Landbruksøkonomiske Institutt arbeider med.

I tabellen er driftsresultata no sett opp slik at verdsetjing av familien sitt arbeid ikkje er teki med i kostnadene. Overskotet skal då nyttast både til kapitalrenter og til betaling for familien sitt arbeid. Lönsemda kan ein elles rekna ut anten som arbeidsforteneste etter frådrag av vanlege rentekrav, eller som kapitalforteneste (forrentning), dersom ein reknar med vanleg arbeidsbetaling for familien. Lönsevna er samla arbeidsforteneste for familien og leige-hjelpa, reknar under eitt.

Frå og med 1954 blir rekneskapsresultata reknar ut for kalenderåret. Dette er i samsvar med rekneskapsterminen for jordbruk som etter skattelova har rekneskaps- eller noteringsplikt. Jordbrukskapitalen blir frå same tid reknar pr. 31. desember (mot før 31. mars), og verdet av hovudbygninga blir no haldt utanom driftsrekneskapen.

Produksjonsinntektene auka i 1959. Det var og auke i produksjonskostnadene, men for 1959 var likevel overskottet noko større enn året før. Lönsevna pr. dekar steig såleis i 1959, men ikkje nok til å gjeva full godtgjersle for familien sitt arbeid. Talet på arbeidstimar gjekk framleis ned, slik at lönsevna reknar pr. time auka til kr. 2,82 i 1959. I 1956 som var eit bra driftsår, var lönsevna kr. 2,93 pr. time.

Tabell 53. Rekneskapsresultat i jordbruket.

År, distrikt og stor- leiksklassar	Talet på bruks-	Inn- marks- areal Dekar pr. bruks-	Kroner pr. dekar								For- rent- ning	
			Jord- bruks- kap- ital	Pro- duksjons- inn- tekter	Kostnader		Over- skot	Av dette		Ar- beids- for- teneste til fam.		
					I alt, utan- om arbeid og renter	Leige- hjelp		Utrekna- rente- krav	Løns- evne			
1949–50	1 024	118,1	503	197,96	78,24	30,87	88,85	15,09	73,76	104,63	14,48	
1950–51	1 023	118,9	529	211,36	84,14	31,73	95,49	15,87	79,62	111,35	16,24	
1951–52	1 000	117,2	571	228,75	98,64	31,89	98,22	17,13	81,09	112,98	9,87	
1952–53	1 000	118,8	606	244,99	110,86	34,26	99,87	18,18	81,69	115,95	7,84	
1953–54	1 002	117,2	660	256,17	117,07	34,55	104,55	19,80	84,75	119,30	11,05	
1954	1 004	119,6	605	262,97	129,93	35,07	97,97	18,15	79,82	114,89	6,69	
1955	1 016	125,0	612	269,70	145,54	34,35	89,81	21,42	68,39	102,74	– 4,03	
1956	1 000	128,0	639	316,16	152,17	38,20	125,79	22,37	103,42	141,62	16,01	
1957	1 001	131,0	658	300,65	169,03	36,99	94,63	26,32	68,31	105,30	– 20,33	
1958	1 030	129,0	665	300,94	175,48	36,40	94,06	26,60	67,46	103,86	– 23,07	
1959	1 015	129,0	681	336,77	188,19	36,32	112,26	27,24	85,02	121,34	– 9,08	
1958												
Flatbygder	402	201	612	273,60	161,31	36,58	75,71	24,48	51,23	87,81	– 9,29	
Skog- bygder ..	177	115	560	237,69	143,75	33,85	60,09	22,40	37,69	71,54	– 30,77	
Dal-øgfjell- bygder ..	72	70	742	322,59	176,27	37,46	108,84	29,68	79,16	116,62	– 48,10	
Agder	57	53	781	348,62	207,51	29,50	111,61	31,24	80,37	109,87	– 52,11	
Jæren og Bokn妖. .	30	109	764	560,95	333,08	49,23	178,64	30,56	148,08	197,31	48,79	
Fjord- og innbygder	107	78	733	367,91	198,43	49,96	119,52	29,32	90,20	140,16	– 32,68	
Kystbygder	78	60	778	412,24	225,67	31,35	155,22	31,12	124,10	155,45	– 6,78	
N.-Noreg .	107	70	741	295,54	159,91	29,44	106,19	29,64	76,55	105,99	– 52,14	
Inntil												
50 dekar ..	233	41	809	377,54	217,30	28,13	132,02	32,36	99,66	127,79	– 65,86	
50,1–100	365	74	695	325,69	188,37	30,65	106,67	27,80	78,87	109,52	– 30,62	
100,1–200	242	138	607	281,37	159,64	43,64	78,09	24,28	53,81	97,45	0,23	
200,1–300	104	247	493	205,28	116,82	42,21	46,25	19,72	26,53	68,79	9,86	
300,1–500	66	376	514	214,15	119,78	51,31	43,06	20,56	22,50	73,81	19,40	
Over 500..	20	619	517	235,01	132,76	70,47	31,78	20,68	11,10	81,57	19,90	
1959												
Fjellbygder	395	199	629	310,13	180,24	37,65	92,24	25,16	67,08	104,73	6,09	
Skog- bygder ..	164	120	557	258,62	149,18	33,91	75,53	22,28	53,25	87,16	– 13,85	
Dal-øgfjell- bygder ..	81	76	736	331,94	182,22	34,84	114,88	29,44	85,44	120,28	– 39,05	
Agder	58	58	756	386,13	216,70	18,33	151,10	30,24	120,86	139,19	– 24,32	
Jæren og Bokn妖. .	27	102	849	686,49	390,90	43,91	251,68	33,96	217,72	261,63	101,02	
Fjord- og innbygder	110	80	759	386,69	201,14	49,68	135,87	30,36	105,51	155,19	– 17,97	
Kystbygder	80	61	795	432,67	229,70	34,26	168,71	31,80	136,91	171,17	– 24,68	
N.-Noreg .	100	70	776	319,39	169,67	31,50	118,22	31,04	87,18	118,68	– 35,44	
Inntil												
50 dekar	208	42	813	421,04	232,31	26,31	162,42	32,52	129,90	156,21	– 49,97	
50,1–100	377	74	717	359,69	201,41	29,68	128,60	28,68	99,92	129,60	– 14,48	
100,1–200	246	137	628	306,39	172,68	43,54	90,17	25,12	65,05	108,59	10,19	
200,1–300	99	248	541	231,48	130,13	45,31	56,04	21,64	34,40	79,71	18,57	
300,1–500	65	380	514	240,63	135,42	54,84	50,37	20,56	29,81	84,65	28,63	
Over 500..	20	599	525	235,32	129,85	71,83	33,64	21,00	12,64	84,47	21,54	

Driftsresultatet ymsar mykje med bruksstorleiken. Stort sett har dei minste brukna etter måten stor inntekt pr. dekar, og stort overskot pr. dekar. Dei har liten lønsevne pr. time, av di arbeidsmengda er stor. Større bruk har mindre inntekt og overskot pr. dekar, men større lønsevne pr. time. Forrentninga aukar og med bruksstorleiken. Desse tilhøva verkar i nokon mon på medeltala for dei ymse distrikt.

Rekneskapsresultata er og rekna ut pr. brukseining. Dersom ein tek med inntekt frå skogbruk og anna yrke, får ein samla arbeidsvederlag og forrentning. Frå dette går gjeldsrenter og kårytingar, og ein får att nettoinntekt for familien. Tabell 54 syner tala for dei siste åra, rekna som uvegne gjennomsnitt for dei undersøkte brukna.

Tabell 54. Nettoinntekt i kroner pr. familie.

	1957	1958	1959
Arbeidsvederlag og forrentning:			
Jordbruket	8 976	9 006	10 707
Skog og anna	5 773	5 582	5 566
I alt	14 749	14 588	16 273
Gjeldsrenter og kåryting	1 437	1 514	1 621
Netto inntekt	13 312	13 074	14 652

I samband med tingingane om jordbruksprisane har Budsjettinemnda for jordbruket gjort utrekningar over samla inntekter og utgifter for heile jordbruksnæringa. Prinsippa for utrekningane er dei same som dei Byrået nyttar når det set opp nasjonalrekneskapen. Totalrekneskapen skal i fyrste rekjkje syna kva verdi som er skapt i driftsåret av den arbeidskraft og kapital som er sette inn i jordbruket. Som kostnader reknar ein med verdet av varer og te-

Tabell 55. Totalrekneskap for jordbruket.¹ Mill. kroner.

	1938–39	1954–55	1955–56	1956–57	1957–58	1958–59	1959–60 ²
Inntekter av planteprodukt	106,0	515,0	555,1	612,1	585,6	589,0	584,4
Inntekter av husdyrprodukt.....	461,3	1 572,2	1 709,4	1 849,6	1 879,2	1 933,5	2 090,7
Andre inntekter	51,5	148,0	158,0	168,9	176,0	185,3	199,8
Lagerbrigde	44,5	48,6	— 49,8	46,3	— 25,2	— 18,2	24,0
I alt inntekter	663,3	2 283,8	2 372,7	2 676,9	2 615,6	2 689,6	2 898,9
Kostnader.....	309,7	912,3	1 054,7	1 109,9	1 187,8	1 268,6	1 377,7
Nettoprodukt	353,6	1 371,5	1 318,0	1 567,0	1 427,8	1 421,0	1 521,2
+ statstilskot	11,4	80,6	92,1	87,5	92,5	106,3	119,3
— renter av eigen og lånt kapital	97,4	182,4	239,2	262,3	317,4	328,1	326,0
Utrekna total arbeidsinntekt ...	267,6	1 269,7	1 170,9	1 392,2	1 202,9	1 199,2	1 314,5
Av inntektene:							
Sal av planteprod. og husdyrprod.	417,9	1 648,1	1 820,0	2 012,6	2 016,1	2 074,9	2 230,0
Heimeforbruk av planteprod. og husdyrprod.	137,9	397,2	410,9	408,7	415,8	411,3	413,1

¹ Pelsdyrnæringa er rekna med. ² Førebels oppgåve.

nester frå andre næringssektorar og slitasje på varige driftsmiddel, som maskinar, reiskapar og driftsbygningar. Den summen som då er att, kallar ein jordbruksrett sitt nettoprodukt. Som tillegg til nettoproduktet reknar ein visse statstilskot. Etter frådrag av kapitalrenta kjem ein fram til vederlaget for all arbeidskraft som er sett inn i jordbruksrett. Hovudresultata ser ein av tabell 55.

Både inntekter og kostnader steig i 1958–59 og 1959–60 (førebels oppgåve). Samla arbeidsinntekt auka og, men kom ikkje på høgd med inntekta for 1956–57, som var eit sers bra driftsår.

Tabell 56 syner den delen av utlåna frå bankar og kreditsamskipnader som fell på næringane jordbruk og skogbruk.

Tabell 56. Kjende utlån til jord- og skogbruk. Mill. kroner.

Långjevarar	1954		1955		1956		1957		1958		1959	
	30. juni	31. des.										
Statsbankar	476	501	511	526	530	541	551	584	593	613	625	648
Forretnings- og sparebankar ..	812	866	898	941	990	980	997	984	1 009	1 021	1 096	1 103
Kreditsamskipnader .	131	135	137	152	149	170	161	176	169	181	184	190
Offentlege fond, trygdelag o. l. .	61	61	63	67	65	67	66	68	69	72	73	74
Sum	1 480	1 563	1 609	1 686	1 734	1 758	1 775	1 812	1 840	1 887	1 978	2 015

Gjelda til private långjevarar og varegjeld til handlarar er ikkje med i desse oppgåvene.

Auknen i utlåna må ein sjå i samband med dei store investeringar i tida etter krigen. Dette gjeld både jord- og skogbruk og andre næringar. Tabell 57 gjev eit oversyn over utviklinga (reviderte tal etter nasjonalrekneskapen).

Tabell 57. Investeringar i jordbruksrett. Mill. kroner.

	1952	1953	1954	1955	1956	1957	1958 ¹
Bruttoinvestering	482	507	553	603	610	658	712
Kapitalslit	317	329	357	387	423	458	493
Nettoinvestering	165	178	196	216	187	200	219
Av dette til:							
Driftsbygningar og grunnforbetringer .	112	136	137	128	124	130	174
Maskinar m. v.	53	42	59	88	63	70	45

¹ Førebels oppgåve.

Bruttoinvesteringa gjeld også kapitalslit (vedlikehald og avskrivning) som er rekna med som årlege kostnader i totalrekneskapen (tabell 55).

Ein stor del av gjelda i jord- og skogbruk er knytt til visse statsbankar og kreditsamskipnader. Tabell 58 syner samla utlån i mill. kroner frå desse institusjonane.

Tabell 58. Utlån frå statsbankar og kredittsamskipnader. Mill. kroner.

	1939	1949	1955		1956		1957		1958		1959	
			30. juni	31. des.								
Hypotekbanken	459,9	373,8	449,5	451,3	453,9	454,9	459,8	461,0	461,7	464,3	466,1	467,6
Småbruk- og Bustadbanken	226,9	153,3	549,6	588,2	607,8	644,8	664,5	702,1	723,9	760,7	784,0	827,4
Arbeiderbruk- og Boligbanken	16,5	4,5	1,3	1,2	1,0	0,9	0,8	0,7	0,5	0,5	0,4	0,3
Lånekassen for jordbrukskredittkassen	30,0	11,0	4,1	3,8	3,6	3,4	3,2	3,0	2,8	2,6	2,4	2,2
Driftskreditkassen for jordbruket	0,8	17,4	50,3	51,6	54,5	55,8	59,0	58,5	60,2	59,6	62,5	63,1
Norges Kreditforening for Land- og Skogbruk	56,6	84,0	124,0	128,9	131,1	135,2	139,0	142,9	146,6	150,7	154,6	157,8
Norges Landhypotekforening for 2. prioritet	—	0,8	1,4	1,5	1,9	2,0	2,0	2,1	2,3	2,8	3,1	3,7
Centralkassen for Bøndernes Driftskreditt	8,4	12,6	11,2	21,9	15,7	32,6	19,0	29,7	19,5	25,6	24,9	27,8

Desse tala gjeld også utlån utanom jord- og skogbrukssektoren, t. d. lån til bustader utan eigentleg jordbruk.

Gjennon statsbankane gjev staten kreditt på eit rimeleg rentenivå. Utanom dette gjev staten og direkte stønad til investeringar i jordbruket ved rentefritak og tilskot. Tabell 59 syner tilskota i budsjettåra frå og med 1949–50.

Tabell 59. Statstilskot til bureising, jorddyrkning m.v. 1000 kroner.

	Bureising	Jord-dyrking m. v.	Søkkings- og vass-forsyningss-arbeid	Vegar til jordbruks-føremål	Potet-kjellarar, gjødsel-oppsamling m. v.	Maskin-stasjonar
1949–50	2 315	9 815	692	588	3 810	3 000
1950–51	2 175	9 032	2 541	773	4 975	2 213
1951–52	2 208	10 369	2 558	984	5 443	1 966
1952–53	4 953	13 822	4 642	1 144	2 192	3 243
1953–54	4 504	23 652	6 458	1 521	1 600	2 701
1954–55	6 323	22 919	6 288	1 701	1 095	2 386
1955–56	6 132	32 259	7 584	2 106	1 255	2 280
1956–57	5 220	47 331	5 781	2 700	1 397	701
1957–58	4 906	43 503	6 960	2 800	751	1 493
1958–59	4 633	46 650	3 899	3 069	3 402	618
1959–60	4 406	62 856	6 281	4 002	3 415	1 153

Etterat reglane for stønad til jorddyrkning vart brigda i 1952, har tilskota til jorddyrkninga auka sterkt. Frå 1. juli 1956 vart det etter sett midel- og inntektsgrense for ordinære jorddyrkningstilskot, men med høgre satsar enn dei som galdt før 1952. Dessutan vart det sett ei arealgrense på 200 dekar for ordinære tilskot til nydyrkning, men for tilskot til grøfting av dyrka jord var det framleis inga arealgrense. Til bruk med inttil 75 dekar dyrka jord blir det gjevi høgre tilskot til jorddyrkning. Frå 1. juli 1957 er det sertilskot også for bruk med 75 til 100 dekar dyrka jord. Elles er det serskilde tilskot til bureising og visse

byggjearbeid på eldre bruk. Hjelpe tiltak av fondet for driftsbygninga vart etter jordbruksavtalen 1956 finansierte gjennom kraftførprisane. Etter avtalen av 1958 skal dette fondet tilførast 20 mill. kroner årleg over statsbudsjettet. Administrasjonen av fondet er lagt til Noregs Småbruk- og Bustadbank.

Etter avtalen av 1958 skal løvyingane til bygging av siloar aukast til 3 mill. kroner årleg, og det skal også vera tilskot til felles potetkokeanlegg og til eit lager- og tørkefond for korn. Elles har det som produksjonsfremjande tiltak framleis vori tilskot m. a. til sikring av frøavlen, utnytting av fjellbeiter og til grasfrø m. v. i fjellbygder og i Nord-Noreg. Korn- og potetrygda er nemnd tidlegare.

Lova for fremjing av omsetnaden av jordbruksvarer har vori gjeldande sidan 1936. Føremålet med lova er gjennom samyrke å fremja omsetnaden av jordbruks- og hagebruksprodukt. Lova gjev høve til å leggja på avgifter ved omsetnaden av slike varer — for inntil eit år om gongen. Produsentane skal svara avgiftene når dei sel, leverer eller får oppgjer for varene. Avgiftssatsane og samla avgift for dei avgiftspliktige varene var i 1959:

Mjølk: 0,25 øre pr. liter	i alt ca.	3,10	mill. kroner
Flesk, kjøt av storfe, kalv og sau: 10 øre pr. kg.	—»—	8,90	» »
Egg: 5 øre pr. kg.	—»—	1,04	» »
Fjørfeslakt: 10 øre pr. kg.	—»—	0,17	» »
Pelsskinn: 3 prosent av salssummen	—»—	1,52	» »
Grønsaker, frukt og bær: 2 prosent av salssummen	—»—	1,72	» »
I alt ca.			16,45 mill. kroner

Avgiftene blir nytta til opplysningsarbeid, marknadsregulering o. a. og dessutan til stønad ved bygging av lagerhus, foredlingsanlegg o. likn. — etter vedtak av Omsetningsrådet. Det skal vera ei samordning mellom desse tiltaka og dei som blir gjorde med stønad frå kraftførfondet.

Tabell 60. Tilskot til prisregulering. Mill. kr.

	Over statsrekneskapen (kap. 1166)						Over Prisdirektoratet sine fond ¹
	Brød-mjøl	Mjølk	Kjøt og flesk	Kraft-før og matfeitt	Kunst-gjødsel	Anna	
1952–53	138	205	5	80	34	13	475
1953–54	120	254	5	69	40	7	495
1954–55	104	266	6	115	40	1	532
1955–56	113	322	20	101	35	1	592
1956–57	120	369	17	51	26	—	583
1957–58	144	450	27	93	26	—	740
1958–59	90	330	5	52	4	—	481
1959–60	94	411	—	52	37	4	598

¹ M. a. til kaffi, sukker og tekstilråvarer.

² Prisreguleringsfondet for tømmer og kubb er ikkje med.

I samband med dei økonomiske oppgjer våren 1956 vart omfanget av stats-tilskota til prisregulering brigda. Mange av tilskota vart då tekne bort eller reduserte. Hausten 1956 og sumaren 1957 vart sume pristilskot auka. Våren 1958 vart tilskota reduserte m. a. for mjølk. Som lekk i tiltaka for å halda levekostnadene nede vart det gjort vedtak om nye pristilskot på mjølk og ost våren 1959.

Tabell 60 gjev eit oversyn over tilskota til prisregulering.

Jordskifte.

I tabell XIX bak i boka er det teki inn nokre oppgåver over Jordskifteverket si verksemد i tida 1859–1958.

I denne tida er det avslutta ca. 33 000 jordskiftesaker med 220 000 bruksnummer. Det arealet som er skifta, svarar til 37 000 km². Av dette er 4 500 km² innmark og 32 500 km² utmark. Dette gjeld areal som jamnast er oppmålt og kartlagt. Noko jord blir skifta utan oppmåling og kart — i 1958 såleis 36 km².

I tida 1859–1958 har det vori i alt 7 284 overjordskiftesaker.

Prisar på faste eigedomar.

1. Omsetnad av fast eigedom.

Byrået sin årlege statistikk over omsetnad av fast eigedom byggjer på tinglysing av heimelsoverføringer. Oppgåvene femner ikkje om ekspropriasjon av grunn til gater og vegar, men gjeld elles all omsetnad av grunn og bygverk. Oppgåvene gjeld både fri og tvungen omsetnad, familiesal og heimelsoverføringer ved arv eller gave. Talet på omsette eigedomar og salssum femner såleis over eigedomar av skiftande slag og verde, like eins som salsverde eller verdsetjing byggjer på skiftande grunnlag.

Tabell XIV syner talet på og salssum for all omsetnad av faste eigedomar i byane og bygdene i åra 1955 til 1959. I dei siste tre åra vart det omsett i alt:

	I byane		I bygdene	
	Eigedomar	Salssum 1 000 kr.	Eigedomar	Salssum 1 000 kr.
1957	6 545	331 850	37 036	514 869
1958	6 579	345 010	35 965	518 015
1959	6 631	380 236	38 459	577 461

For eigedomane i bygdene får ein og oppgåver over matrikkel skylda. Samla skyld ved dei omsette eigedomane har gjennomgåande vori mellom 15 000 og 20 000 skyldmark, eller om lag 3–4 prosent av samla skyld i landet. Det har etter kvart vorti skipa fleire og fleire små eigedomar, og desse vert omsette oftare enn dei større eigedomane. Dette har ført til at medels storleik av omsette eigedomar, mælt i skyldmark, har gått ned frå om lag 1 mark i 1930-åra til 40 øre i 1959. I same tidsrom har prisen pr. skyldmark auka til meir enn det fireoble, frå 8–9 000 kroner i tretti-åra til om lag 37 000 kroner i 1959.

2. Prisar på jordbruks eistedomar.

Serskilt for jordbruks eistedomar vert det utrekna medelprisar pr. skyldmark for eit utval av dei oppgåvene som er nemnde framfor. Utvalet femner berre om vanlege jordbruks eistedomar i fri omsetnad til framande og med minst 24 øre i skyld.

Det er berre ein mindre del av dei omsette eigedomane i bygdene som har minst 24 øre i skyld. I åra 1950 til 1953 hadde såleis meir enn tre fjerdepartar av dei omsette eigedomane mindre enn 24 øre i skyld. Av eigedomane med minst 24 øre i skyld var om lag to tredjepartar familiesal e. l., 2–3 prosent tvungne sal, og av resten som vart omsett fritt, var ein stor del ikkje jordbruk,

eller jordbruk der hus, lægje o. l. tilhøve hadde gjort at prisen vart svært høg eller låg og difor vart haldne utanfor utrekningane.

I 1930-åra var det om lag 3 000 egedomar som var lagde til grunn for utrekningane av verde pr. skyldmark. Sidan 1939 har dette talet gått jamt nedover, og for 1959 vart det nytta oppgåver berre for 1 133 egedomar med ei samla skyld på 1 947 mark. Dette er 3,0 prosent av egedomane og 12,8 prosent av matrikkelskylda for alle omsette egedomar i bygdene utanom Finnmark fylke.

Ved sida av at det etter måten er få egedomar med i utrekningane, hefter det og andre lyte ved materialet. Matrikkelen har ikkje vori revidert sidan 1860-åra. Sidan den tida har verde for mange egedomar vorti mykje brigda, slik at dei etter tilhøva no har svært høg eller låg matrikkelskyld. Vidare vil skilnad i hustilstand, korleis jorda er i hevd, sentral eller avleies lægje osb. føra til at handelsverde utrekna pr. skyldmark skiftar mykje, sjølv for dei egedomane ein reknar som vanlege jordbruk. Dei einskilde sal kan difor verka sterkt på resultatet. Det er og ei ulempe at det ofte vantar turvande opplysningar om egedomane.

Sidan utrekningane av skyldmarksverde tok til i 1852 har det stort sett vori auke, mest grunna nedgang i pengeverde, men og mykje på grunn av auken i omsetnad av dei små egedomar. (Sjå det som er nemnt før og i hovudtabell XV, som syner medelprisen pr. skyldmark i dei einskilde storleiks-klassane.)

Vidare har investeringar i bygningar og grunnforbetringar, framsteg i driftsteknikk og samferdsel ført til verdauke.

Gjeldande prisføresegnere for faste egedomar tek sikte på ei prisregulering i visse distrikt for egedomar med 1–5 husvære og inntil 10 dekar tomt (frå 15. oktober 1954) og for tomteareal m. v. (frå 1. september 1958).

Jord brukseigedomar kjem etter 15. oktober 1954 for det meste utanom dei serlege prisføresegnere for fast egedom, men kjem framleis inn under dei vanlege føresegnene i prislova.

Utrekna medelpris pr. skyldmark for jord brukseigedomar i 1959 var 20 440 kroner, mot 19 794 kroner i 1958. Det er ein auke på 3,3 prosent, mot 10,6 prosent frå 1957 til 1958. Tabell 61 syner skyldmarksverde i relative tal (1938 = 100) og dei årlege brigde i prosent av året før.

Tabell 61. Skyldmarksverde 1914–1959 i relative tal. 1938 = 100.

År	Relative tal	Brigde i pct.	År	Relative tal	Brigde i pct.	År	Relative tal	Brigde i pct.
1914	50	+ 4,4	1930	81	— 7,8	1946	146	— 4,06
1915	53	+ 7,2	1931	75	— 6,7	1947	164	+ 12,30
1916	60	+ 13,6	1932	70	— 7,15	1948	161	— 1,71
1917	90	+ 49,6	1933	71	+ 0,89	1949	184	+ 14,59
1918	128	+ 41,7	1934	76	+ 6,95	1950	189	+ 2,71
1919	137	+ 7,3	1935	83	+ 10,27	1951	189	— 0,10
1920	138	+ 0,8	1936	91	+ 8,88	1952	204	+ 7,85
1921	127	— 8,2	1937	95	+ 4,29	1953	240	+ 17,69
1922	117	— 8,0	1938	100	+ 5,62	1954	248	+ 3,44
1923	113	— 3,2	1939	105	+ 4,66	1955	268	+ 8,04
1924	116	+ 3,1	1940	112	+ 7,23	1956	299	+ 11,54
1925	115	— 1,0	1941	122	+ 8,90	1957	319	+ 6,53
1926	100	— 13,1	1942	132	+ 8,06	1958	352	+ 10,64
1927	92	— 8,5	1943	147	+ 11,15	1959	364	+ 3,26
1928	91	— 0,8	1944	145	— 1,02			
1929	88	— 3,3	1945	152	+ 4,45			

Tabell 62 syner skyldmarksverde i relative tal (1938 = 100) jamført med vareprisnivået etter Byrået sin engrosprisindeks.

Tabell 62. Engrosprisar og skyldmarksverde i relative tal. 1938 = 100.

	Engrosprisindeks	Salssum pr. skyldmark	
		Vanlege jordbruksseigedomar i fri omsetnad	Alle omsette eigedomar i bygdene
		Relative tal	
1938	100	100	100
1949	184	184	163
1950	209	189	168
1951	258	189	170
1952	276	204	199
1953	274	240	234
1954	278	248	233
1955	284	268	270
1956	299	299	335
1957	309	319	360
1958	304	352	390
1959	304	364	402

Tabell 63 syner medels skyldmarksverde i kroner for fylka og riket (unntekti Finnmark) i åra 1938 til 1940 og 1954 til 1959 og for femåret 1955–1959.

Dei oppførde medelprisane er både for dei einskilde fylka og for riket, utrekna ved å dividera salssummen med samla matrikkelskyld for dei eigedomane som er medtekne.

Tabell 63. Medelprisar pr. skyldmark for åra 1938 til 1959 og femåret 1955–1959.

Bygdene fylkesvis	Medelprisar pr. skyldmark									
	1938	1939	1940	1954	1955	1956	1957	1958	1959	1955– 1959
	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.
Østfold.....	5 889	5 951	6 194	13 039	16 573	17 717	19 594	20 869	21 845	19 277
Akershus	6 199	6 661	6 985	18 622	18 436	23 362	22 287	24 358	26 294	22 599
Hedmark	4 914	5 225	5 761	17 473	17 347	19 962	21 304	25 026	27 008	21 879
Oppland	5 380	5 615	6 164	12 579	14 149	15 337	21 532	21 859	17 874	17 800
Buskerud	6 138	6 251	6 811	16 745	18 131	19 045	25 274	20 175	26 368	21 293
Vestfold	6 114	6 271	6 634	13 965	16 818	18 715	23 023	22 608	22 681	20 083
Telemark	5 615	5 748	5 753	12 878	14 924	15 520	16 706	16 978	15 862	15 901
Aust-Agder	5 890	5 934	6 240	14 213	16 115	17 935	18 004	18 646	23 599	18 298
Vest-Agder	6 288	6 276	6 386	14 119	16 564	16 363	16 652	22 401	20 985	18 222
Rogaland	6 631	7 265	7 553	19 762	19 601	22 648	20 861	25 971	24 036	22 458
Hordaland	5 237	5 215	5 715	12 106	13 588	11 334	14 517	17 561	15 862	14 400
Sogn og Fjordane.	4 621	4 907	5 200	7 770	8 553	9 288	10 040	10 181	11 548	9 731
Møre og Romsdal	4 748	5 105	5 287	11 461	10 200	12 118	11 250	13 249	15 045	11 885
Sør-Trøndelag ..	5 197	5 493	5 831	12 718	10 665	13 701	14 915	14 073	14 960	13 613
Nord-Trøndelag ..	4 938	5 021	5 343	12 432	12 796	12 132	12 539	16 812	17 551	14 206
Nordland	4 603	4 759	5 212	8 345	9 700	10 306	10 860	12 085	14 369	11 355
Troms	5 240	5 197	5 718	13 752	15 511	19 630	17 305	22 197	23 150	18 829
Riket (unntekti Finnmark) ..	5 617	5 879	6 304	13 937	15 057	16 794	17 891	19 794	20 440	17 806

Sett i høve til 1938, var medelprisen i 1955–1959 i alt gått opp med 217 prosent. For dei einskilde fylka var auken i prosenten:

Østfold	227	Rogaland	239
Akershus	265	Hordaland	175
Hedmark	345	Sogn og Fjordane	111
Oppland	231	Møre og Romsdal	150
Buskerud	247	Sør-Trøndelag	162
Vestfold	228	Nord-Trøndelag	188
Telemark	183	Nordland	147
Aust-Agder	211	Troms	259
Vest-Agder	190	Riket (unnateki Finnmark) ..	217

Oppgangen var størst i Hedmark. Deretter kjem Akershus, Troms og Buskerud. Minst var oppgangen i Sogn og Fjordane, Nordland og Møre og Romsdal.

Tabell XV syner skyldmarksverde for eigedomar i ulike storleiksklassar delt etter matrikkskylda. Skyldmarksverdet er størst for dei minste eigedomane og går stort sett ned med aukande bruksstørleik. Prisaukaen har og vori størst for dei minste eigedomane. I høve til 1938 var skyldmarksverdet i 1959 i klasse 1 nesten sjudobla, i klasse 2 snautt femdobla, og for klassane 3 til 6 var skyldmarksverdet om lag 3 gonger så høgt som i 1938.

I tabell 64 er det innteki oppgåver frå skattefutane over talet på alle serskilt skyldsette eigedomar (bruksnummer) og matrikkskylda. Dersom ein gjer det utrekna skyldmarksverde for året 1959 og femåret 1955–1959 gjeldande for samla matrikkskyld i fylka, vil ein få det verde for landeigedomane i alt som er gjevi i tabellen. Etter denne utrekninga kjem samla verde av landeigedomane i heile riket i medeltal for femåret 1955–1959 opp i 8 711 mill kr.

Tabell 64. Landeigedomane, matrikkskyld, skyldmarksverde, og utrekna verde fylkesvis.

Fylke	Serskilt skyldsette lanteigedomar (bruksnummer) ved utgangen av 1958		Skyldmarksverde		Samla verde av lanteigedomar etter gjennomsnittleg skyldmarksverde	
	Tal	Matrikkel- skyld	1955–1959	1959	1955–1959	1959
		Mark	Kroner	Kroner	1000 kr.	1000 kr.
Østfold	40 873	36 892	19 277	21 845	711 167	805 906
Akershus	78 800	39 033	22 599	26 294	882 107	1 026 334
Hedmark	76 541	52 151	21 879	27 008	1 141 012	1 408 494
Oppland	62 571	49 773	17 800	17 874	885 959	889 643
Buskerud	57 341	35 779	21 293	26 368	761 842	943 421
Vestfold	50 259	26 804	20 083	22 681	538 305	607 942
Telemark	40 209	28 883	15 901	15 862	459 269	458 142
Aust-Agder	27 488	17 555	18 298	23 599	321 221	414 280
Vest-Agder	33 195	15 224	18 222	20 985	277 412	319 476
Rogaland	56 897	22 570	22 458	24 036	506 877	542 493
Hordaland	83 977	28 029	14 400	15 862	403 618	444 596
Sogn og Fjordane	30 766	25 521	9 731	11 548	248 345	294 717
Møre og Romsdal	53 363	27 539	11 885	15 045	327 301	414 324
Sør-Trøndelag	47 933	29 522	13 613	14 960	401 883	441 649
Nord-Trøndelag	31 356	29 577	14 206	17 551	420 171	519 106
Nordland	55 536	17 467	11 355	15 369	198 338	250 983
Troms	32 590	6 880	18 829	23 150	} 226 475	278 448
Finnmark	21 061	5 148		
Riket	880 756	494 347	17 806	20 440	8 711 302	10 059 954

Eigedomstilhøve og brukarskifte m. v. i jordbrukssteljinga.

Saman med oppgåvene til den representative jordbrukssteljinga i 1958 vart det innhenta opplysningar om eigedomstilhøve og brukarskifte m. v. for dei bruka som var med i teljinga.

Granskinga gjeld bruk med over 5 dekar jordbruksareal. I alt kom det inn oppgåver for 22 370 bruk. Etter frådrag av oppgåver for 34 bruk utan personleg eigar og 974 bruk som var utan eller hadde ufullstendige svar, er det til dette oversynet bearbeidd oppgåver for 21 362 bruk. Dette svarar til 10 prosent av dei 213 441 bruka med over 5 dekar jordbruksareal i 1949.

Vedlegg 1 i Jordbruksstestikk 1958 syner spørsmåla som var med på teljingsskjemaet.

Nokre spørsmål var sams for alle brukarar. Elles var det serskilde spørsmål for brukarar som eigde bruket og for dei som var leigarar.

Utanom skilje mellom sjølveigde og leigde bruk, er det og skilt mellom bruk overteki etter slektning og bruk overteki etter andre (framande). Her er desse nemnde som «sleksbruk» og «ikkje sleksbruk». Ein veit ikkje kor lenge «sleksbruka» har vori i slekta før siste brukarskifte. Ektepar ser ein her under eitt som eigrarar, slik at det ikkje er rekna som brukarskifte når den eine ektemaken overtek bruket etter den andre, t. d. ved dødsfall.

Både for sleksbruk og ikkje sleksbruk er det skilt mellom bruk som er reist av noverande eigar og andre — vanlege bruk. Desse fyrste gjeld alle nypretta bureisingseininger som enno ikkje har skift eigar, både vanlege bureisingsbruk (reist med statsstønad) og andre nyreiste bruk.

Oppgåvene er elles bearbeidde klassevis etter storleiken av jordbruksarealet og geografisk etter fylke og jordbruksområde.

Eige og leige av jord.

Det føreligg oppgåver over eigedomstilhøva her i landet så langt tilbake i tida som ein har statistikk over eigedomanne. Desse oppgåvene syner at leigeskipnaden har vori mykje meir vanleg før enn no. Det har vori ymse årsaker til denne utviklinga. I eldre tider (15. og 16. hundreåra) hadde Kongen, Kyrkja og einskilde godseigarar store og mange eigedomar som dei måtte bygsla eller forpakta bort. Etter kvart vart mange eigedomar selde, og bygslaren (forpaktaren) vart sjølveigar. I nyare tid har sal og nedlegging av husmannsplassar gjort mest til nedgangen i leigeskipnaden.

Leige av jord har her i landet hovudsakleg hatt to ulike grunnformer: Bygsel (leige på livstid) og pakting (leige på åremål). For dei leigarane som hadde jordbruk som hovud- eller eineyrke, føreligg det oppgåver over fordeling etter desse to leigeformene frå 1890 til 1929. Oversynet viser at begge leigeformene har minka, men at nedgangen har vori sterkest for bygsling. I 1890 var det såleis fleire bygsla enn pakta bruk, men no er det så å seia heilt slutt på bygsling når det gjeld gardsbruk.

I tabell 65 er det gjevi eit oversyn over sjølveigarar og leigarar etter jordbrukssteljingane frå 1917 til 1958 i relative tal.

Eit nærmare oversyn over eigedomstilhøva fram til 1929 er gjevi i Jordbruksstellingen 1929, fjerde hefte, side 83–100. Oppgåvene over bortleigde bruk syner at det har vori sterkt og ubroten nedgang i leigeskipnaden fram til 1917. Oversynet i tabell 65 viser at alt i alt var det nedgang heilt fram til 1939, medan det har vori auke både i 1949 og 1958. I 1939 var det 8,0 prosent bortleigde bruk. Det auka til 8,7 prosent i 1949 og 9,2 prosent i 1958. Oversynet viser vidare at det sidan 1917 har vori ulike utvikling i bortleige for dei einskilde

Tabell 65. Sjølveigarar og leigarar 1917 til 1958 etter talet på bruk med meir enn 5 dekar jordbruksareal. Relative tal.

Jordbruksareal ¹ i dekar	1917		1929		1939		1949		1958	
	Sjølv- eigarar	Leig- arar								
5,1– 20	82,2	17,8	82,3	17,7	88,0	12,0	90,0	10,0	89,6	10,7
20,1– 50	91,0	9,0	92,0	8,0	93,2	6,8	93,2	6,8	92,3	7,7
50,1–100	95,0	5,0	94,9	5,1	95,0	5,0	92,4	7,6	92,2	7,8
Over 100	95,3	4,7	95,1	4,9	93,4	6,6	86,1	13,9	85,5	14,5
I alt	87,5	12,5	89,3	10,7	92,0	8,0	91,3	8,7	90,8	9,2

¹ I 1917 grupperte etter dyrka jord og i 1929 etter innmarksareal.

storleiksklassane. Medan bortleige av bruk i storleiksklassen 5,1–20 dekar har gått jamt nedover til 1949 og for klassen 20,1–50 dekar nedover til 1939, har det for klassen 50,1–100 dekar vori den same prosent bortleigde bruk frå 1917 til 1939 og deretter auking, medan bortleigde eigedomar med over 100 dekar jordbruksareal har auka heilt sidan 1917. For eigedomane i denne storleiksklassen var det 4,7 prosent bortleigde bruk i 1917, 4,9 prosent i 1929, 6,6 prosent i 1939, 13,9 prosent i 1949 og 14,5 prosent i 1958. Det er såleis serleg etter den siste krigen at bortleige av dei store eigedomane har auka sterkt.

I tabell 66 er det gjevi eit oversyn over granska bruk som var med i teljinga i 1958 fordelt etter eigedomstilhøve og storleik. I tabell XVI bak i boka er desse oppgåvane fordelt etter fylke og jordbruksområde.

Tabell 66. Granska bruk i 1958 fordelt etter eigedomstilhøve og storleik.

Landsluter	Bruk i alt	Av desse:					
		Sjølv- eigde	Leigde	Jordbruksareal i dekar			
				5,1– 20	20,1– 50	50,1– 100	over 100
Absolutte tal							
Bygdene i alt	21 362	19 400	1 962	6 413	8 411	4 496	2 042
Av desse: Sjølveigde ..	19 400	—	—	5 747	7 763	4 144	1 746
Leigde	1 962	—	—	666	648	352	296
Austlandet med Telemark	7 983	6 920	1 063	2 151	2 728	1 747	1 357
Agder	1 437	1 286	151	651	653	131	2
Vestlandet	5 697	5 343	354	1 627	2 400	1 450	220
Trøndelag	2 406	2 253	153	567	817	616	406
Nord-Noreg	3 839	3 598	241	1 417	1 813	552	57
Relative tal							
Bygdene i alt	100,0	90,8	9,2	30,0	39,4	21,0	9,6
Av desse: Sjølveigde ..	100,0	—	—	29,6	40,0	21,4	9,0
Leigde	100,0	—	—	34,0	33,0	17,9	15,1
Austlandet med Telemark	100,0	86,7	13,3	26,9	34,2	21,9	17,0
Agder	100,0	89,5	10,5	45,3	45,5	9,1	0,1
Vestlandet	100,0	93,8	6,2	28,6	42,1	25,4	3,9
Trøndelag	100,0	93,6	6,4	23,6	33,9	25,6	16,9
Nord-Noreg	100,0	93,7	6,3	37,0	47,2	14,3	1,5

Oversynet i tabell 66 syner at leige av jordbruk er mykje vanlegare på Austlandet med Telemark og i Agder enn i dei andre landslutene. Austlandet med Telemark har såleis 13,3 prosent leigde bruk og Agder 10,5 prosent, medan dei andre landslutene i gjennomsnitt har mellom 6,2 og 6,4 prosent leigebruk. Ser ein på oppgåvane for dei einskilde jordbruksområda (tabell XVI bak i boka) finn ein at dei områda som ligg sentralt til og dei beste jordbruksbygder har relativt flest leigebruk.

For Austlandet med Telemark skil dei søraustlege slettebygder seg sterkt ut med i alt 19,2 prosent leigebruk, mot 12,4 prosent i silurbygdene inne i landet, 12,6 prosent i mellom- eller skogbygder og berre 7,8 prosent i dal- og fjellbygder. I Agderfylka har kystbygder 11,7 prosent leigebruk, mellom- eller skogbygder 10,9 prosent og dal- og fjellbygder 5,9 prosent.

I dei andre landslutene syner oppgåvane at skiferlandskapa ved Boknfjord og slettelandet på Jæren har 8,5 prosent leigebruk, bygder ved Trondheimsfjorden 7,1 prosent og kystbygder i Nord-Noreg 6,9 prosent, medan dei andre jordbruksområda på Vestlandet, i Trøndelag og Nord-Noreg har mellom 5,3 og 6,6 prosent leigebruk.

I det fylgjande har ein omtala sjølveigde og leigde bruk kvar for seg. Grunnen er dels at ein ikkje har dei same oppgåvane for desse to gruppene, dels at det er så få leigebruk at ei oppdeling i grupper i same omfang som for dei sjølveigde brukna har lite for seg.

Sjølveigde bruk.

Slektsbruk og ikkje slektsbruk.

I tabell 67 er det gjevi eit oversyn over dei sjølveigde brukna fordelt etter slektsbruk og ikkje slektsbruk og etter storleiksklassar. Oversynet viser at for alle sjølveigde bruk under eitt var det 73,0 prosent slektsbruk og 27,0 prosent ikkje slektsbruk. Delte etter storleiksklassar skiftar desse prosentane mykje. For slektsbruk aukar såleis prosenten frå 62,8 i storleiksklassen 5,1–20 dekar til 85,4 for bruk med over 100 dekar, medan prosenten for ikkje slektsbruk fell frå 37,2 i minste bruksklassen til 14,6 for bruk med over 100 dekar.

Tilhøva mellom slektsbruk og ikkje slektsbruk skiftar og mykje frå landslut til landlut. Vestlandet har såleis 82,1 prosent slektsbruk mot 74,4 og 74,8 prosent for Agder og Trøndelag, medan Austlandet med Telemark berre har 68,4 prosent og Nord-Noreg 66,8 prosent slektsbruk. Den låge prosenten for slektsbruk i Nord-Noreg må ein sjå i samanheng med at det i denne landsluten er serskilt mange ikkje slektsbruk som er reist av eigaren.

I tabell XVI har ein fordeling etter slektsbruk og ikkje slektsbruk i dei einskilde fylka og jordbruksområda. Desse oppgåvane syner at det er til dels stor skilnad mellom områda innan same landslut. For Austlandet med Telemark har såleis dei søraustlege slettebygder lægste prosenten for slektsbruk med berre 62,9, som er det minste i landet, medan dal- og fjellbygder i denne landsluten har 76,2 prosent slektsbruk. For Vestlandet finn ein 72,9 prosent slektsbruk i skiferlandskapa ved Boknfjord og slettelandet på Jæren, medan andre ytre bygder har 81,1 prosent og indre bygder 86,1 prosent slektsbruk. Dette siste talet er den høgste prosenten for slektsbruk i heile landet. I dei andre landslutene har ein same tilhøve med lægste prosentane for slektsbruk i dei ytre og høgste prosentane for dei indre områda.

Tabell 67. Sjølveigde bruk 1958 fordelt etter slektsbruk og ikkje slektsbruk og etter storleik.

	Sjølv-eigde bruk i alt	Slektsbruk			Ikkje slektsbruk		
		Vanlege	Reist av eigaren	I alt	Vanlege	Reist av eigaren	I alt
Absolutte tal							
Storleiksklassar:							
5,1– 20 dekar	5 747	3 305	306	3 611	1 321	815	2 136
20,1– 50 "	7 763	5 385	330	5 715	1 334	714	2 048
50,1–100 "	4 144	3 242	105	3 347	633	164	797
Over 100 "	1 746	1 474	17	1 491	247	8	255
Alle bruk	19 400	13 406	758	14 164	3 535	1 701	5 236
Landsluter:							
Austlandet med Telemark	6 920	4 607	126	4 733	1 673	514	2 187
Agder	1 286	933	24	957	287	42	329
Vestlandet	5 343	4 125	261	4 386	597	360	957
Trøndelag	2 253	1 632	53	1 685	385	183	568
Nord-Noreg	3 598	2 109	294	2 403	513	682	1 195
Relative tal							
Storleiksklassar:							
5,1– 20 dekar	100,0	57,5	5,3	62,8	23,0	14,2	37,2
20,1– 50 "	100,0	69,4	4,2	73,6	17,2	9,2	26,4
50,1–100 "	100,0	78,3	2,5	80,8	15,3	3,9	19,2
Over 100 "	100,0	84,4	1,0	85,4	14,1	0,5	14,6
Alle bruk	100,0	69,1	3,9	73,0	18,2	8,8	27,0
Landsluter:							
Austlandet med Telemark	100,0	66,6	1,8	68,4	24,2	7,4	31,6
Agder	100,0	72,5	1,9	74,4	22,3	3,3	25,6
Vestlandet	100,0	77,2	4,9	82,1	11,2	6,7	17,9
Trøndelag	100,0	72,4	2,4	74,8	17,1	8,1	25,2
Nord-Noreg	100,0	58,6	8,2	66,8	14,2	19,0	33,2

Vanlege bruk og bruk reist av eigaren.

Oversynet i tabell 67 syner at bruk reist av eigaren var mykje meir vanleg for ikkje slektsbruk enn for slektsbruk. Av dei 14 164 slektsbruka som var med i granskninga, var såleis berre 758 reist av eigaren, men av dei 5 236 ikkje slektsbruka var 1 701 reist av eigaren. Det vil seia at av slektsbruka var kvart nittande bruk og av ikkje slektsbruka kvart tredje bruk reist av eigaren.

Bruk som var reist av eigaren, har ein flest av i storleiksklassane inntil 50 dekar — både absolutt og relativt. For slektsbruk var såleis 8,5 prosent i klassen 5,1–20 dekar reist av eigaren, i klassen 20,1–50 dekar 5,8 prosent, i klassen 50,1–100 dekar 3,1 prosent og for klassen over 100 dekar berre 1,1 prosent reist av eigaren. For ikkje slektsbruk finn ein at bruk som var reist av eigaren, i dei same klassane svarar til 38,2 prosent, 34,8 prosent, 20,6 prosent og 3,1 prosent.

Ser ein på oppgåvene for dei einskilde landslutene under eitt, syner det seg at for slektsbruka skil Austlandet med Telemark og Agder seg ut ved at berre om lag 2,6 prosent av desse var reist av eigaren. For Trøndelag var

3,1 prosent, på Vestlandet 6,0 prosent og i Nord-Noreg 12,2 prosent av slektsbruken reist av eigaren.

For ikkje slektsbruk skil Agder seg ut frå dei andre landslutene. Her var 12,7 prosent reist av eigaren, medan det for Austlandet med Telemark var 23,5 prosent, i Trøndelag 32,3 prosent, på Vestlandet 37,6 prosent, og i Nord-Noreg var 57,2 prosent av ikkje slektsbruka reist av eigaren.

Granskar ein nærmare oppgåvne i tabell XVI over tilhøve mellom vanlege bruk og bruk reist av eigaren for dei einskilde fylka og jordbruksområda, syner det seg at skilnaden mellom jordbruksområda på Austlandet og i Agder er mykje større enn i andre landsluter, der ein berre i eit par tilfelle har jordbruksområde som skil seg ut frå dei andre områda i same landsluten. På Austlandet med Telemark har særleg dei sør austlege slettebygder, men og silurbygdene inne i landet og kystbygder og mellom- eller skogbygder i Agder, svært få bruk reist av eigaren mot det som er vanleg elles i landet. For mellom- eller skogbygder og dal- og fjellbygder på Austlandet med Telemark finn ein om lag same tilhøve som for Trøndelag, og for dal- og fjellbygder i Agder finn ein noko nær same tilhøve mellom vanlege bruk og bruk reist av eigaren som i jordbruksområda på Vestlandet.

Dei områda ein kan peika på som serlege unnatak, er skiferlandsaka ved Boknfjord og slettelandet på Jæren, som her er rekna saman. I desse områda finn ein at kvart tolvt slektsbruk er reist av eigaren mot kvart syttande-attande bruk i dei andre områda på Vestlandet.

For ikkje slektsbruk er skilnaden likevel mykje større. I skiferlandsaka ved Boknfjord og slettelandet på Jæren var det fire gonger så mange bruk reist av eigaren som vanlege bruk, medan berre kvart tredje-fjerde bruk elles på Vestlandet var reist av eigaren. For jordbruksområda øyer og kystbygder i Nord-Noreg syner oppgåven at annakvart ikkje slektsbruk var reist av eigaren, medan det i fjord- og dalbygder og innalandsbygder i denne landsluten syner seg å vera meir enn dobbelt så mange ikkje slektsbruk reist av eigaren som reist av andre.

Årstal for siste brukarskifte.

Ved brukarskifte føreligg det som regel bindande avtale om når den nye eigaren skal overtaka bruket. Sjølv om det difor i visse hove kan gå ei tid frå den verkelege overtakinga til det formelle og det juridiske vert ordna, kan ein gå ut frå at det er gjevi rett svar på spørsmålet om når bruket vart overtaki.

Spørsmålet om årstal for siste brukarskifte har tidlegare vori granska ved jordbrukssteljingane i 1929 og 1939. Ved teljinga i 1929 var spørsmålet forma slik: «Eigedomen vart overtaken år» Då det i 1929 ikkje var gjevi svar på langt nær alle skjema, vart resultata utarbeidd berre for 113 herad. I Jordbruksstellingen 1929, fjerde hefte, side 63 o. fl. er det teki med eit oversyn over resultata for dei 113 herada.

Ved jordbrukssteljinga i 1939 var spørsmålet om årstal for siste brukarskifte forma slik: «Kor mange år har noverande eigar hatt bruket?» Ved denne teljinga var det med eit spørsmål om kor mange år bruket hadde vori i slekta til eigaren eller ektemaken si eige. Oversyn over resultata frå teljinga i 1939 er teki inn i Jordbruksstellingen 1939, tredje hefte, side 31 o. fl.

Av resultata frå jordbrukssteljingane i 1929 og 1939 skal ein berre nemna at det har vori kortare tid mellom brukarskifte ved dei små eigedomane enn ved dei større, og kortare tid på Austlandet og i Trøndelag enn i dei andre landslutene.

Tabell 68. Sjølveigde bruk 1958 fordelt etter årstal for siste brukarskifte i alt og serskilt for slektsbruk, ikke slektsbruk, storleiksklassar og landsluter.

Bruket overteki	Sjølveigde bruk				Storleiksklassar etter jordbruksarealet i dekar				Landsluter					
	I alt	Slektsbruk		Ikke slektsbruk		5,1–20	20,1–50	50,1–100	Over 100	Aust-landet med Telemark	Agder	Vest-landet	Trøndelag	Nord-Noreg
		Vanlege	Reist av eigaren	Vanlege	Reist av eigaren									
Absolutte tal														
Før 1915	734	392	42	178	122	279	312	113	30	265	81	186	64	138
1915–1919	735	428	57	155	95	258	299	123	55	277	52	185	66	155
1920–1924	1 301	779	89	288	145	422	502	280	97	513	92	336	125	235
1925–1929	1 524	929	91	342	162	433	601	364	126	559	101	440	164	260
1930–1934	1 962	1 210	107	402	243	554	808	427	173	651	142	538	226	405
1935–1939	2 789	1 716	156	498	419	873	1 122	556	238	928	172	762	342	585
1940–1944	1 997	1 554	78	249	116	587	804	418	188	647	119	620	261	350
1945–1949	2 976	2 270	77	539	90	829	1 156	695	296	1 020	181	886	370	519
1950–1954	2 517	2 086	—	431	—	581	1 003	620	313	1 001	156	671	307	382
1955–1959	1 860	1 512	—	348	—	490	738	427	205	714	128	493	244	281
Oppgåve vantar	1 005	530	61	105	309	441	418	121	25	345	62	226	84	288
I alt	19 400	13 406	758	3 535	1 701	5 747	7 763	4 144	1 746	6 920	1 286	5 343	2 253	3 598
Før 1940	9 045	5 454	542	1 863	1 186	2 819	3 644	1 863	719	3 193	640	2 447	987	1 778
Etter 1940	9 350	7 422	155	1 567	206	2 487	3 701	2 160	1 002	3 382	584	2 670	1 182	1 532
Relative tal														
Før 1915	3,8	2,9	5,5	5,0	7,2	4,9	4,0	2,7	1,7	3,8	6,3	3,5	2,9	3,9
1915–1919	3,8	3,2	7,5	4,4	5,6	4,5	3,9	3,0	3,2	4,0	4,0	3,5	2,9	4,3
1920–1924	6,7	5,8	11,7	8,2	8,5	7,4	6,5	6,8	5,6	7,4	7,2	6,3	5,6	6,5
1925–1929	7,8	6,9	12,0	9,7	9,5	7,5	7,7	8,8	7,2	8,1	7,9	8,2	7,3	7,2
1930–1934	10,1	9,0	14,1	11,4	14,3	9,6	10,4	10,3	9,9	9,4	11,0	10,1	10,0	11,3
1935–1939	14,4	12,8	20,6	14,1	24,6	15,2	14,5	13,4	13,6	13,4	13,4	14,3	15,2	16,3
1940–1944	10,3	11,6	10,3	7,0	6,8	10,2	10,4	10,1	10,8	9,4	9,2	11,6	11,6	9,7
1945–1949	15,3	16,9	10,2	15,2	5,3	14,4	14,9	16,7	17,0	14,7	14,1	16,6	16,4	14,4
1950–1954	13,0	15,6	—	12,2	—	10,1	12,9	15,0	17,9	14,5	12,1	12,5	13,6	10,6
1955–1959	9,6	11,3	—	9,8	—	8,5	9,5	10,3	11,7	10,3	10,0	9,2	10,8	7,8
Oppgåve vantar	5,2	4,0	8,1	3,0	18,2	7,7	5,3	2,9	1,4	5,0	4,8	4,2	3,7	8,0
I alt	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	
Før 1940	46,6	40,6	71,4	52,7	69,7	49,1	47,0	45,0	41,2	46,1	49,8	45,8	43,8	49,4
Etter 1940	48,2	55,4	20,5	44,3	12,1	43,2	47,7	52,1	57,4	48,9	45,4	50,0	52,5	42,6

I tabell 68 er det gjevi eit oversyn for dei sjølveigde brukarane fordelte etter årstall for siste brukarskifte i alt og serskilt for slektsbruk, ikkje slektsbruk, storleiksgrupper og landsluter. I tabell XVI bak i boka er desse oppgåvane fordelte etter fylke og jordbruksområde.

Oppgåvane over årstall for siste brukarskifte femnar over tidsrommet frå før første verdskrig og fram til 1958. I denne tida har det vori sterkt skiftande økonomiske tilhøve, og styresmaktene her i landet har sett i verk fleire tiltak som meir eller mindre seinverges har verka på eigedomsmarknaden. Ein kan nemna oppskrivinga av kroneverde i slutten av 20-åra, regulering av prisar og rentefot, forbod mot prisauke på fast eigedom osb.

Under første verdskrig og åra nærrast etter var det stor omsetnad av fast eigedom. Seinare gjekk både omsetnad og prisar attende. Under andre verdskrig stagnerde omsetnaden av fast eigedom. Den auka mykje att like etter frigjeringa, men har i seinare tid gått attende.

I 1920 fastsette Stortinget nye reglar om stønad frå staten til nydyrkning og bureising. I tida framover til andre verdskriga vart det løyvd store summar til bureising, og mange nye bruk vart reiste i dette tidsrommet.

Etter 1940 vart det reist færre nye bruk enn før, og nyreising etter 1949 er ikkje med i granskingsa, av di teljinga byggjer på utval av bruk frå jordbruks-teljinga i 1949.

Oversynet i tabell 68 viser tydelege utslag etter dei skiftande økonomiske tilhøve i det tidsrommet oppgåvane for brukarskifte femnar over. Ein ser likevel at det er den fysiske levealderen som er viktigaste faktoren ved fordeling av jordbruksareal etter eigartid. Oppgåvane syner elles mykje jamnare fordeling for store enn for små bruk. For bruk i storleiksklassen 5,1–20 dekar var 43,2 prosent overteki etter 1940, medan det for bruk med 20,1–50 dekar var 47,7 prosent, 50,1–100 dekar 52,1 prosent og for bruk over 100 dekar 57,4 prosent. For fylka og jordbruksområda med det mest sentrale liggje finn ein og stort sett at relativt fleire bruk var overteki etter 1940 enn i dei andre fylka og områda.

Eit oversyn i tabell 69 med relativtal for omsette sjølveigde bruk i dei ein-skilde femåra, viser tydeleg skilnaden mellom dei ymse eigargrupper.

Tabell 69. Omsette sjølveigde bruk i gjennomsnittlege relativtal pr. år.

Femårsperiode	Alle sjølveigde bruk	Slektsbruk		Ikkje slektsbruk	
		Vanlege	Reist av eigaren	Vanlege	Reist av eigaren
1915–1919	0,76	0,64	1,50	0,88	1,12
1920–1924	1,34	1,16	2,34	1,62	1,70
1925–1929	1,56	1,38	2,40	1,94	1,90
1930–1934	2,02	1,80	2,82	2,28	2,86
1935–1939	2,88	2,56	4,12	2,82	4,92
1940–1944	2,06	2,32	2,06	1,40	1,36
1945–1949	3,06	3,38	2,04	3,04	1,06
1950–1954	2,60	3,12	—	2,44	—
1955–1958	2,75	3,23	—	2,80	—

Tida for siste brukarskifte har stor verknad på dei andre tilhøva som er granska. Oppgåvane for dei brukarane som har teki over bruket dei seinaste åra, skulle i størst mon syna det vanlegaste i tida kring teljingsåret. Di lengre tid sidan siste brukarskifte, di mindre representative vert oppgåvane, til dømes når det gjeld eigaren sin alder ved overtakinga av bruket. Ein må vera merksam på dette når ein nytta medeltala for alle bruk i 1958.

Tabell 70. Sjølveigde bruk 1958 fordelt etter alder på brukaren(eigaren) ved overtakinga i alt og serskilt for slektsbruk, ikke slektsbruk, storleiksklassar og landsluter.

Alder på brukaren ved overtakinga	Sjølveigde bruk				Storleiksklassar etter jordbruksarealet i dekar				Landsluter											
	I alt		Ikkje slektsbruk		5,1–20				20,1–50				50,1–100				Over 100			
	Slektsbruk	Ikkje slektsbruk	Vanlege	Reist av eigaren	Vanlege	Reist av eigaren			Aust-landet med Telemark	Agder	Vest-landet	Trøndelag					Nord-Noreg			
Absolutte tal																				
Inntil 20 år	428	343	16	53	16	119	174	95	40	117	31	137	59	84						
20–24 »	1 783	1 232	108	286	157	468	727	426	162	617	104	538	195	329						
25–29 »	3 955	2 686	197	672	400	1 050	1 557	937	411	1 408	247	1 138	446	716						
30–34 »	4 246	2 938	198	751	359	1 133	1 711	939	463	1 481	256	1 209	512	788						
35–39 »	3 385	2 438	108	605	234	936	1 370	784	295	1 166	200	977	419	623						
40–44 »	2 075	1 490	51	413	121	633	834	424	184	756	134	555	260	370						
45–49 »	1 192	828	27	276	61	436	475	199	82	474	101	287	126	204						
50–54 »	571	414	3	130	24	209	215	104	43	236	54	120	79	82						
55–59 »	262	165	5	83	9	108	100	40	14	115	22	56	27	42						
60 år og meir	208	110	2	84	12	98	74	27	9	87	29	48	19	25						
Oppgåve vantar	1 295	762	43	182	308	557	526	169	43	463	108	278	111	335						
I alt	19 400	13 406	758	3 535	1 701	5 747	7 763	4 144	1 746	6 920	1 286	5 343	2 253	3 598						
Relative tal																				
Inntil 20 år	2,2	2,6	2,1	1,5	0,9	2,1	2,2	2,3	2,3	1,7	2,4	2,6	2,6	2,3						
20–24 »	9,2	9,2	14,2	8,1	9,2	8,1	9,4	10,3	9,3	8,9	8,0	10,1	8,7	9,1						
25–29 »	20,4	20,0	26,0	19,0	23,5	18,3	20,1	22,6	23,5	20,3	19,2	21,3	19,8	19,9						
30–34 »	21,9	21,9	26,1	21,3	21,1	19,7	22,0	22,7	26,5	21,4	19,9	22,6	22,7	21,9						
35–39 »	17,4	18,2	14,2	17,1	13,8	16,3	17,6	18,9	16,9	16,8	15,5	18,3	18,6	17,3						
40–44 »	10,7	11,1	6,7	11,7	7,1	11,0	10,7	10,2	10,5	10,9	10,4	10,4	11,5	10,3						
45–49 »	6,1	6,2	3,6	7,8	3,6	7,6	6,1	4,8	4,7	6,9	7,8	5,4	5,6	5,7						
50–54 »	2,9	3,1	0,4	3,7	1,4	3,6	2,8	2,5	2,5	3,4	4,2	2,2	3,5	2,3						
55–59 »	1,4	1,2	0,7	2,3	0,5	1,9	1,3	1,0	0,8	1,7	1,7	1,0	1,2	1,2						
60 år og meir	1,1	0,8	0,3	2,4	0,7	1,7	1,0	0,7	0,5	1,3	2,5	0,9	0,9	0,7						
Oppgåve vantar	6,7	5,7	5,7	5,1	18,2	9,7	6,8	4,0	2,5	6,7	8,4	5,2	4,9	9,3						
I alt	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0						

Alder på brukaren då bruket vart overteki.

Det er nemnt før at til vanleg har den fysiske levealderen og dei økonomiske tilhøva mykje å seia ved omsetnaden av eigedomar. Ved sida av dette vil det ved einskilde tilfelle av brukarskifte vera mange andre grunnar som har mykje å seia. Det kan vera personlege grunnar, omsyn til ætta osb. Sume brukarar kan ha hatt eit anna bruk tidlegare. Alt verkar til at oppgåvene over alder ved brukarskifte, femnar over ei lang aldersrekke.

I tabell 70 er det gjevi eit oversyn for sjølveigde bruk over alderen på eigaren ved overtakinga serskilt for slektsbruk, ikkje slektsbruk, storleiksklassar og landsluter. Tabell XVII bak i boka har oppgåver fordelte etter fylke og jordbruksområde.

Oppgåvene i tabell 70 syner at om lag 60 prosent av eigarane var mellom 25 og 40 år ved overtakinga av bruket. 10,7 prosent var mellom 40 og 45 år og 9,2 prosent mellom 20 og 25 år, 2,2 prosent var under 20 år og 1,1 prosent var over 60 år.

Fordelinga etter eigargrupper syner at det var relativt fleire som var under 20 år ved overtaking av slektsbruk enn for ikkje slektsbruk, og for bruk reist av eigaren finn ein høgre prosentar i aldersgruppene 25 til 35 år enn for vanlege bruk.

Grupperinga av eigedomane etter storleiksklassar syner at alderen på brukaren ved overtakinga av eigedom, gjennomgåande var høgre for små enn for større eigedomar. Oppgåvene i tabell 70 syner såleis at prosenten for overtekne bruk auka jamt med aukande storleiksklasse når alderen på brukaren var under 40 år ved overtakinga, medan prosenten gjekk jamt nedover med aukande bruksstorleik når alderen på brukaren ved overtakinga var 40 år og meir. For storleiksklassen 5,1 til 20 dekar var såleis 64,5 prosent av eigedomane overtekne av eigarar som var under 40 år ved overtakinga, mot 71,3 prosent for storleiksklassen 20,1–50 dekar, 76,8 prosent for storleiksklassen 50,1–100 dekar og 78,5 prosent for storleiksklassen over 100 dekar. Når eigaren var 40 år og meir, var prosentane for overtekne bruk 25,8 for storleiksklassen 5,1–20 dekar, 21,9 for storleiksklassen 5,1–20 dekar, 21,9 for storleiksklassen 20,1–50 dekar, 19,2 for storleiksklassen 50,1–100 dekar og 19,0 for eigedomar med over 100 dekar.

Oppgåvene for dei einskilde fylka og jordbruksområda over fordeling av eigedomane etter alder på brukaren ved overtakinga (sjå tabell XVII bak i boka), syner at for Østfold, Akershus, Hedmark og Vestfold var det etter måten svært få eigarar (om lag 1 prosent) som var under 20 år ved overtakinga av bruket, medan det i Aust-Agder, Sogn og Fjordane, Sør-Trøndelag og Troms etter måten var mange brukarar (3 prosent og meir) som var under 20 år.

Ein kan elles merka seg som eit gjennomgåande trekk at fylka på Austlandet med Telemark — unntekne Hedmark og Oppland — og i Agder hadde relativt fleire eigedomar overtekne av eigarar i aldersgruppene 45–49 og 50–54 år enn i dei andre fylka i landet.

Oppgåvene over eigarane i 1958 fordelte etter alder ved overtakinga, vil mykje retta seg etter årstalet då eigedomane vart overtekne. Dess fleire år det har gått sidan siste brukarskifte, dess fleire eigarar i dei høgre aldersgrupper har fallt bort, og berre brukarar som overtok i yngre alder sit att som eigarar no.

I tabell 71a er det oppgåver for vanlege slektsbruk som syner samverknaden mellom årstalet for brukarskiftet og alder på eigaren ved overtakinga. Oversynet viser at av noverande eigarar som overtok før 1915, var om lag 80 prosent under 30 år, berre om lag 18 prosent mellom 30 og 45 år, og ingen

Tabell 71. Vanlege slektsbruk fordelt etter årstal for brukarskiftet og alder på eigaren ved overtakinga.

	Vanlege slekts- bruk i alt	Alder på eigaren då bruket vart overteki											Opp- gåve vantar		
		Inntil 20 år	20– 24 år	25– 29 år	30– 34 år	35– 39 år	40– 44 år	45– 49 år	50– 54 år	55– 59 år	60 år og meir				
a. Etter årstal for brukarskiftet															
Bruket overteki															
		Absolutte tal													
Før 1915	392	61	132	117	50	17	2	1	—	—	—	—	12		
1915–19	428	43	102	161	76	28	7	2	—	—	—	—	9		
1920–24	779	29	144	284	189	78	21	10	2	—	—	—	22		
1925–29	929	37	138	273	244	157	48	15	3	—	—	—	14		
1930–34	1 210	45	135	295	312	232	115	35	15	2	1	23			
1935–39	1 716	54	141	366	433	332	230	86	40	9	3	22			
1940–44	1 554	20	126	283	404	294	189	140	50	15	9	24			
1945–49	2 270	23	141	375	469	541	326	200	102	41	22	30			
1950–54	2 086	16	108	323	443	451	317	204	113	48	28	35			
1955–58	1 512	15	65	209	318	308	235	135	89	50	47	41			
Oppgåve vantar	530	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	530		
Bruk i alt	13 406	343	1 232	2 686	2 938	2 438	1 490	828	414	165	110	762			
		Relative tal													
Før 1915	100,0	15,6	33,7	29,8	12,8	4,3	0,5	0,2	—	—	—	—	3,1		
1915–19	100,0	10,1	23,8	37,6	17,8	6,5	1,6	0,5	—	—	—	—	2,1		
1920–24	100,0	3,7	18,5	36,5	24,3	10,0	2,7	1,3	0,2	—	—	—	2,8		
1925–29	100,0	4,0	14,8	29,4	26,3	16,9	5,2	1,6	0,3	—	—	—	1,5		
1930–34	100,0	3,7	11,1	24,4	25,8	19,2	9,5	2,9	1,2	0,2	0,1	1,9			
1935–39	100,0	3,2	8,2	21,3	25,2	19,4	13,4	5,0	2,3	0,5	0,2	1,3			
1940–44	100,0	1,3	8,1	18,2	26,0	18,9	12,2	9,0	3,2	1,0	0,6	1,5			
1945–49	100,0	1,0	6,2	16,5	20,7	23,8	14,4	8,8	4,5	1,8	1,0	1,3			
1950–54	100,0	0,8	5,2	15,5	21,2	21,6	15,2	9,8	5,4	2,3	1,3	1,7			
1955–58	100,0	1,0	4,3	13,8	21,0	20,4	15,6	8,9	5,9	3,3	3,1	2,7			
Oppgåve vantar	100,0	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	100,0		
Bruk i alt	100,0	2,6	9,2	20,0	21,9	18,2	11,1	6,2	3,1	1,2	0,8	5,7			
		b. Etter fødselsår til eigaren (gjeld eigarar som var 45–70 år i 1958)													
Eigarar fødde:		Absolutte tal													
Kring 1890	959	—	132	161	189	157	115	86	50	41	28	—			
» 1895	1 490	61	102	284	244	232	230	140	102	48	47	—			
» 1900	1 656	43	144	273	312	332	189	200	113	50	—	—			
» 1905	1 808	29	138	295	433	294	326	204	89	—	—	—			
» 1910	1 935	37	135	366	404	541	317	135	—	—	—	—			
		Relative tal													
Kring 1890	100,0	—	13,7	16,8	19,7	16,4	12,0	9,0	5,2	4,3	2,9	—			
» 1895	100,0	4,1	6,8	19,1	16,4	15,6	15,4	9,4	6,8	3,2	3,2	—			
» 1900	100,0	2,6	8,7	16,5	18,9	20,0	11,4	12,1	6,8	3,0	—	—			
» 1905	100,0	1,6	7,6	16,3	24,0	16,3	18,0	11,3	4,9	—	—	—			
» 1910	100,0	1,9	7,0	18,9	20,9	27,9	16,4	7,0	—	—	—	—			

over 50 år, medan det av eigarar som overtok i åra 1950–58 var om lag 20 prosent under 30 år, 66 prosent mellom 30 og 50 år og 11 prosent over 50 år.

I tabell 71b har ein sett opp fordeling etter alder ved overtakinga for eigarar av same alder (femårsgrupper). Oppgåvane syner ingen klar tendens mot høgre eller lægre alder frå den eine til dei andre aldersgruppene for dei gruppene ein kan samanlikna. For desse gruppene var gjennomsnittsalderen ved overtakinga (vanlege slektsbruk) utrekna til om lag $36\frac{1}{2}$ år. Dette er det same som for alle slektsbruk overtekne etter 1940.

Om gjennomsnittsalder på førre og noverende eigar ved brukarskifte m. v. sjå meir i bolken på side 69 om alder på førre og noverande eigar m. v. ved brukarskiftet.

Brukaren si borgarlege stode, kjønn og giftarmålstilhøve.

I dei fullstendige jordbrukssteljingane i 1939 og 1949 var det med oppgåver over fordeling av brukarane både etter borgarleg stode og kjønn. I oppgåvane over borgarleg stode var brukarane delte i to grupper; gifte for seg, og ugifte og før gifte saman. Ved granskinga i 1958 vart og brukarane delte i to grupper, men no slo ein gifte og før gifte saman, medan dei ugifte brukarane er oppgjevne for seg. Dette er gjort av di ein skal sjå oppgåvane over brukarane saman med andre opplysningar, til dømes om brukaren har born og om nokon av desse skal overtaka eigedomen. Ein kan difor ikkje samanlikna oppgåvane over borgarleg stode i 1939 og 1949 med oppgåvane frå 1958.

Oppgåvane over alle brukarane fordelte etter kjønn ved dei einskilde teljingane var fylgjande, når eigedomar med upersonleg brukar ikkje er med:

År	Menn	Kvinner
1939	90,9 pct.	9,1 pct.
1949	92,7 »	7,3 »
1958	93,0 »	7,0 »

Oversynet viser såleis at det har vorti færre kvinnelege brukarar etter kvart. Teljingsoppgåvane for 1958 er vidare fordelte i sjølveigde og leigde bruk. For dei sjølveigde bruka var det 7,3 prosent kvinnelege brukarar, medan det for dei leigde bruka var 4,4 prosent. Tilsvarande fordeling har ein ikkje ved teljingane i 1939 og 1949.

I tabell 72 er det gjevi eit oversyn over dei sjølveigde bruka fordelte etter brukaren si borgarlege stode, kjønn og giftarmålstilhøve sett serskilt for slektsbruk og bruksstorleik. I tabell XVII har ein desse oppgåvane etter fylke og jordbruksområde.

Det er nemnt før at for dei sjølveigde bruka var det 7,3 prosent kvinnelege brukarar. Oppgåvane syner at det er liten skilnad for dei einskilde eigargruppene i dette høve. Høgste prosenten for kvinnelege brukarar har ein for vanlege ikkje slektsbruk med 8,5 og lægst for bruk reist av eigaren med 6,2 prosent for slektsbruk og 6,4 prosent for ikkje slektsbruk. Fordelte etter storleiken på bruka er skilnaden mykje større. I storleiksklassen 5,1–20 dekar er det såleis 11,0 prosent kvinnelege brukarar, men prosenten fell til 6,9 for storleiksklassen 20,1–50 dekar, 4,5 for klassen 50,1–100 dekar og 3,7 for eigedomar med over 100 dekar.

For alle sjølveigde bruk var 14,2 prosent av eigarane ugifte og 85,8 prosent gifte eller før gifte. Det er ikkje liten skilnad mellom dei einskilde eigargruppene.

Tabell 72. Sjølveigde bruk fordelt etter brukaren (eigaren) si borgarlege stode, kjønn og giftarmålstilhøve.

	Eigaren er:			Giftarmålet før eller etter brukarskiftet							
	Mann	Kvinne	Ugift	Gift eller før gift	Meir enn 9 år før	5–9 år før	2–4 år før	1 år før –1 år etter	2–4 år etter	Meir enn 4 år etter	Oppgåvے vantær
Absolutte tal											
Sjølveigde bruk i alt	17 983	1 417	2 748	16 652	3 420	2 651	2 324	3 757	1 228	1 608	1 664
<i>Slechtsbruk :</i>											
Vanlege	12 447	959	2 304	11 102	2 220	1 731	1 457	2 665	893	1 173	963
Reist av eigaren	711	47	64	694	90	101	122	162	72	93	54
<i>Ikkje slechtsbruk :</i>											
Vanlege	3 233	302	289	3 246	885	552	465	634	157	236	317
Reist av eigaren .	1 592	109	91	1 610	225	267	280	296	106	106	330
<i>Etter storleiks-klassar :</i>											
5,1– 20 dekar	5 116	631	775	4 972	1 156	810	725	948	287	401	645
20,1– 50 »	7 227	536	1 150	6 613	1 332	1 069	914	1 465	498	652	683
50,1–100 »	3 958	186	604	3 540	680	542	482	901	286	391	258
Over 100 »	1 682	64	219	1 527	252	230	203	443	157	164	78
<i>Vanlege slechtsbruk :</i>											
Overteki før 1940	5 060	394	723	4 731	523	578	619	1 360	490	893	268
» etter 1940	7 048	374	1 489	5 933	1 697	1 153	838	1 305	403	280	257
Relative tal											
Sjølveigde bruk i alt	92,7	7,3	14,2	85,8	20,5	15,9	13,9	22,6	7,4	9,7	10,0
<i>Slechtsbruk :</i>											
Vanlege	92,8	7,2	17,2	82,8	20,0	15,6	13,1	24,0	8,0	10,6	8,7
Reist av eigaren	93,8	6,2	8,4	91,6	13,0	14,6	17,5	23,3	10,4	13,4	7,8
<i>Ikkje slechtsbruk :</i>											
Vanlege	91,5	8,5	8,2	91,8	27,3	17,0	14,3	19,5	4,8	7,3	9,8
Reist av eigaren	93,6	6,4	5,3	94,7	14,0	16,6	17,4	18,4	6,6	6,5	20,5
<i>Etter storleiks-klassar :</i>											
5,1– 20 dekar	89,0	11,0	13,5	86,5	23,3	16,3	14,5	19,1	5,7	8,1	13,0
20,1– 50 »	93,1	6,9	14,8	85,2	20,1	16,2	13,8	22,2	7,5	9,9	10,3
50,1–100 »	95,5	4,5	14,6	85,4	19,2	15,3	13,6	25,5	8,1	11,0	7,3
Over 100 »	96,3	3,7	12,6	87,4	16,5	15,1	13,3	29,0	10,3	10,7	5,1
<i>Vanlege slechtsbruk :</i>											
Overteki før 1940	92,8	7,2	13,3	86,7	11,1	12,2	13,1	28,7	10,3	18,9	5,7
» etter 1940	95,0	5,0	20,1	79,9	28,6	19,4	14,1	22,0	6,8	4,7	4,4

pene med omsyn til brukarane si borgarlege stode. For vanlege slechtsbruk var det såleis 17,2 prosent ugifte brukarar og 82,8 prosent gifte eller før gifte, medan det for ikkje slechtsbruk reist av eigaren berre var 5,3 prosent ugifte og 94,3 prosent gifte eller før gifte eigarar. Eigargruppene slechtsbruk reist av eigaren og vanlege ikkje slechtsbruk står i ei mellomstilling med 8,4 og 8,2 prosent ugifte og 91,6 og 91,8 prosent gifte eller før gifte brukarar.

Ser ein på fordeling av borgarleg stode etter storleiken av eigedomane, finn ein at eigedomar med over 100 dekar har høgste prosenten for ugifte eigarar med 12,6 prosent, for dei minste eigedomane med 5,1–20 dekar er det 13,5 prosent ugifte eigarar, medan eigedomane frå 20,1–50 dekar har 14,8 og 50,1–100 dekar har 14,6 prosent ugifte eigarar.

I tabell 73 har ein sett opp relative tal for borgarleg stode for dei kvinnelege eigarane. Samanlikner ein desse oppgåvene med tala i tabell 72, syner det seg for dei sjølveigde brukarar at det i alt er relativt fleire ugifte kvinnelege brukarar enn for alle brukarar utan skilnad etter kjønn, nemleg 20,9 prosent ugifte kvinnelege brukarar, mot 14,2 prosent for alle. For slektsbruk, både vanlege og reist av eigaren, ligg prosenten for ugifte kvinnelege brukarar mykje høgre enn gjennomsnittet for alle bruk. Derimot er prosenten for ugifte brukarar for ikkje slektsbruk noko lægre for kvinner enn for alle brukarar i begge eigargrappene.

Ser ein på prosentane for ugifte kvinnelege brukarar i dei einskilde storleiksklassane, finn ein at i storleiksklassen 5,1–20 dekar er prosenten for ugifte kvinnelege brukarar nære på dobbelt så stor som for alle brukarar, nemleg 25,1 mot 13,5. For dei andre storleiksklassane er skilnaden mindre, men for desse er prosentane for kvinnelege brukarar og høgst, unntakein storleiksklassen 50,1–100 dekar, der prosentane så å seia er like store.

Tabell 73. Borgarleg stode for kvinnelege brukarar (eigarar) med sjølveigde bruk 1958.

Relative tal.

Borgarleg stode	Alle bruk	Slektsbruk		Ikkje slektsbruk		Storleiksklassar etter jordbruksareal i dekar			
		Vanlege	Reist av eigaren	Vanlege	Reist av eigaren	5,1– 20	20,1– 50	50,1– 100	Over 100
Ugifte	20,9	27,4	14,9	7,0	4,6	25,1	18,3	14,0	18,8
Gifte eller før gifte.....	79,1	72,6	85,1	93,0	95,4	74,9	81,7	86,0	81,2

Oppgåvene over samanhengen mellom giftarmål og brukarskifte syner at 22,6 prosent (mellan fjerdeparten og femteparten) av sjølveigarane gifta seg samstundes (i tida 1 år før–1 år etter) med brukarskiftet, medan femteparten (20,5 prosent) var gift over 9 år tidlegare, nærare 30 prosent var gift 2–9 år før brukarskiftet og 17 prosent vart gifte 2 år etter brukarskiftet eller meir. For 10 prosent vantar det oppgåve over dette.

Oppgåvene for dei einskilde eigargrappene syner noko høgre prosent for giftarmål samstundes med brukarskiftet for slektsbruk — om lag 24 prosent — mot om lag 19 prosent for ikkje slektsbruk. Fordelinga etter eigedomssstorleik syner vidare at av eigarar av eigedomar i klassen 5,1–20 dekar, gifta 19 prosent seg samstundes med overtakinga, og at denne prosenten steig jamt med aukande eigedomssstorleik, til 29 for eigedomar med over 100 dekar. Oversynet viser vidare at av eigarane av dei små eigedomane vart etter måten fleire gifte meir enn 2 år før, og færre meir enn 2 år etter eigarskiftet, enn av eigarane av dei større eigedomane.

Alder på førre og neverande eigar m. v. ved brukarskifte.

I tabell 74 er sett opp medeltal for førre og neverande eigar etter året dei var fødde, alder ved brukarskiftet og året eigedom vart overtaken. For neverande eigar har ein oppgåver over kor mange år han har hatt eigedom, alder i 1958, kor mange år før (—) og etter (+) brukarskiftet han var gift, og alder ved giftarmålet. Til slutt er det teki med ei oppgåve over aldersskilnad mellom førre og neverande eigar ved brukarskiftet.

Tabell 74. Alder på førre og noverande eigar m. v. ved brukarskiftet.
Utrekna medeltal i år.

	Førre eigar		Noverande eigar						Aldersskilnad mellan førre og noverande eigar ved eigar-skifte	
	Fødd år	Alder ved brukarskiftet	Fødd år	Alder ved brukarskiftet	Overtok eigedomen	Har hatt eige- domen i år	Alder i 1958	Gift før (—) el. etter (+) brukarskifte		
Sjølveigde bruk i alt . . .	1 872	67	1 905	34,1	1 939	19	53,1	— 3,5	30,6	33
<i>Sleksbruk :</i>										
Vanlege	1 873	68	1 907	34,0	1 941	17	51,0	— 3,2	30,8	34
Reist av eigaren . . .	1 867	65	1 901	31,2	1 932	26	57,2	— 2,0	29,2	34
<i>Ikkje sleksbruk :</i>										
Vanlege	1 878	60	1 902	35,5	1 938	20	55,5	— 4,7	30,8	24
Reist av eigaren . . .	—	—	1 899	32,4	1 931	27	59,4	— 3,4	29,0	—
<i>Etter storleiksklassar :</i>										
5,1–20 dekar	1 871	67	1 903	35,1	1 938	20	55,1	— 4,2	30,9	32
20,1–50 ”	1 872	67	1 905	34,0	1 939	19	53,0	— 3,4	31,6	33
50,1–100 ”	1 873	67	1 907	33,2	1 940	18	51,2	— 3,0	30,2	34
Over 100 ”	1 875	66	1 908	33,1	1 941	17	50,1	— 2,5	30,6	33
<i>Vanlege sleksbruk overteki :</i>										
Før 1915	1 848	64	1 887	25,2	1 912	46	71,2	+ 0,8	26,0	39
1915–19	1 852	65	1 890	26,9	1 917	41	67,9	+ 0,5	27,4	38
1920–24	1 856	66	1 893	28,8	1 922	36	64,8	— 0,4	28,4	37
1925–29	1 860	67	1 897	30,2	1 927	31	61,2	— 0,7	29,5	37
1930–34	1 865	67	1 900	31,8	1 932	26	57,8	— 1,3	30,5	35
1935–39	1 869	68	1 904	33,4	1 937	21	54,4	— 2,0	31,4	35
1940–44	1 873	69	1 907	34,7	1 942	16	50,7	— 3,2	31,5	34
1945–49	1 878	69	1 911	36,1	1 947	11	47,1	— 4,5	31,6	33
1950–54	1 883	69	1 915	36,9	1 952	6	42,9	— 5,5	31,4	32
1955–58	1 886	70	1 918	37,9	1 956	2	39,9	— 6,8	31,1	32
I alt før 1940	1 862	67	1 898	30,8	1 929	29	59,8	— 0,9	29,9	36
” ” etter 1940	1 880	69	1 913	36,4	1 949	9	45,4	— 4,9	31,5	33

I gjennomsnitt for alle sjølveigde bruk viser oversynet at ved brukarskiftet var førre eigar 67 år, noverande eigar 34 år, og aldersskilnaden mellom dei var såleis 33 år. Noverande eigar har i gjennomsnitt hatt eigedomen i 19 år, og var i gjennomsnitt 53 år i 1958. Det største avvik fra gjennomsnittet finn ein for vanlege ikkje sleksbruk. Ved desse var alderen for førre eigar noko lægre enn vanleg — berre 60 år — og alderen på noverande eigar litt høgre enn gjennomsnittet — 35,5 år —, og aldersskilnaden mellom førre og noverande eigar ved brukarskiftet var såleis berre 24 år. Ved gruppering etter eigargruppene syner det seg at noverande eigarar av bruk reist av eigaren, har hatt eigedomen i 26 til 27 år mot berre 19 år for alle sjølveigde bruk. Årsaka til dette ligg mellom anna i det som er nemnt i innleiinga, at på grunn av utvalet for granskinga har ein ikkje med bruk som er reist av eigaren etter 1949.

Fordeling av oppgåvane etter storleiksklassar syner at alderen på noverande eigar ved brukarskiftet var høgst for dei små eigedomane, 5,1–20 dekar med 53,1 år, og lægst for eigedomar over 100 dekar med 33,1 år.

Alderan på noverande eigar ved giftarmålet er utrekna til 30,6 år i gjennomsnitt. For eigarar av vanlege bruk var den 30,8, medan den for eigarar

av bruk reist av eigaren, var om lag 29 år. Medeltalet for desse oppgåvane ligg nær gjennomsnittet for heile folkemengda i landet. Etter folketeljingane var alderen ved giftarmål om lag 30 år for menn og 26–27 år for kvinner. Alderen ved giftarmål har skifta noko frå tid til anna. Den var lægst i 1916–20, med 29 år for menn og 26 år for kvinner, og høgst i 1946–50, då den var 30,5 og 27 år.

Samanhengen mellom giftarmål og brukarskifte er nemnd før. I tabell 74 har ein rekna ut skilnaden i år mellom desse to hendingane. I gjennomsnitt for alle sjølveigde bruk syner oppgåvane at noverande eigar vart gift $3\frac{1}{2}$ år før brukarskiftet. Eigaren av slektsbruk gifta seg noko nærmare tida for brukarskiftet enn eigarar av ikkje slektsbruk, og eigarane av små egedomar gifta seg lengre tid før brukarskiftet enn eigarar av dei store egedomane. For storleiksklassen 5,1–20 dekar var giftarmålet inngått i gjennomsnitt 4,2 år før brukarskiftet, medan det for egedomar over 100 dekar var 2,5 år før brukarskiftet.

I tabell 75 er det gjevi oppgåver over fordelinga av dei sjølveigde bruk etter alderen på førre eigar ved brukarskiftet serskilt for eigargrupper og storleiksklassar. I tabell XVIII bak i boka har ein oppgåvane fordelte etter fylke og jordbruksområde. Ved nærmere granskning av dette spørsmålet må ein vera merksam på at det vantar svar på svært mange oppgåver, og at dette skiftar mykje for dei einskilde grupperingane. For alle sjølveigde bruk vantar det såleis svar på spørsmålet om alderen på førre eigar for 23,9 prosent av oppgåvane, og prosenten skiftar mellom 12,4 for vanlege slektsbruk og bruk over 100 dekar og 37,4 for vanlege ikkje slektsbruk og 32,8 for bruk i storleiksklassen 5,1–20 dekar. Ein har då sett heilt bort frå gruppa ikkje slektsbruk reist av eigaren. For denne gruppa er dei fleste brukta overtekne frå upersonlege eigarar som stat og kommune. Jfr. og tabell 76.

For alle sjølveigde bruk under eitt viser oversynet, at for 7,1 prosent av brukta var førre eigar under 50 år, for 10,4 prosent 50–59 år, for 27,4 prosent 60–69 år, for 24,9 prosent 70–79 år og for 6,3 prosent 80 år og meir ved brukarskiftet. Oppdeling etter eigargrupper syner at for vanlege slektsbruk var førre eigar gjennomgåande noko eldre ved brukarskiftet enn for slektsbruk reist av eigaren, og for vanlege ikkje slektsbruk. Ved brukarskiftet på vanlege slektsbruk var alderen på førre eigar under 60 år på 15,0 prosent av brukta, mellom 60 og 79 år på 64,8 prosent og 80 år og meir på 7,8 prosent, medan dei motsvarande prosentane for slektsbruk reist av eigaren var 21,6, 51,6 og 3,8, og for vanlege ikkje slektsbruk 31,2, 27,7 og 3,7. Tek ein omsyn til at oppgåver utan svar skiftar for dei einskilde eigargruppene, og reknar ut prosentane berre for dei som har gjevi svar, finn ein at skilnaden mellom gruppene aukar sterkt for aldrar under 60 år, og jamnar seg ut for aldrar på 60 år og meir.

Grupperinga etter storleiksklassar syner at egedomane fordelte etter alder på førre eigar ved brukarskiftet var meir spreidde over aldersskalaen for dei små enn for dei større egedomane. Dette syner seg ved at aldersgruppene under 50 og over 80 år har fallande prosenttal med aukande egedomsstorleik, medan det for aldersgruppene frå 50 til 79 år er stigande prosenttal med aukande storlek på egedomane.

For aldrar under 50 år var det såleis 8,3 prosent i storleiksklassen 5,1–20 dekar, med jamt fall til 5,1 prosent for egedomar over 100 dekar, og for aldrar på 80 år og meir var prosentane for dei same storleiksklassane 7,3 og 5,6. I aldersgruppene mellom 60 og 79 år var det i alt 42,8 prosent for bruk frå 5,1–20 dekar, med jamn auke til 72,3 prosent for bruk med over 100 dekar.

Tabell 75. Sjølveigde bruk fordelte etter alderen på førre eigar ved brukarskiftet.

	Alder på førre eigar ved brukarskiftet						Sjølv-eigde bruk i alt
	Under 50 år	50–59 år	60–69 år	70–79 år	80 år og meir	Oppgåve vantar	
Absolutte tal							
Sjølveigde bruk i alt ...	1 381	2 022	5 306	4 840	1 219	4 632	19 400
<i>Slektsbruk :</i>							
Vanlege	601	1 410	4 443	4 236	1 050	1 666	13 406
Reist av eigaren	56	108	246	145	29	174	758
<i>Ikkje slektsbruk :</i>							
Vanlege	652	450	560	422	129	1 322	3 535
Reist av eigaren	72	54	57	37	11	1 470	1 701
<i>Etter storleiksklassar :</i>							
5,1– 20 dekar	477	504	1 165	1 292	424	1 885	5 747
20,1– 50 »	553	771	2 087	1 991	473	1 888	7 763
50,1–100 »	262	492	1 427	1 097	224	642	4 144
Over 100 »	89	255	627	460	98	217	1 746
<i>Vanlege slektsbruk :</i>							
Overteki før 1940	303	698	1 875	1 594	330	654	5 454
» etter 1940	291	700	2 521	2 590	701	619	7 422
Relative tal							
Sjølveigde bruk i alt ...	7,1	10,4	27,4	24,9	6,3	23,9	100,0
<i>Slektsbruk :</i>							
Vanlege	4,5	10,5	33,2	31,6	7,8	12,4	100,0
Reist av eigaren	7,4	14,2	32,5	19,1	3,8	23,0	100,0
<i>Ikkje slektsbruk :</i>							
Vanlege	18,5	12,7	15,8	11,9	3,7	37,4	100,0
Reist av eigaren	4,2	3,2	3,4	2,2	0,6	86,4	100,0
<i>Etter storleiksklassar :</i>							
5,1– 20 dekar	8,3	8,8	20,3	22,5	7,3	32,8	100,0
20,1– 50 »	7,1	9,9	26,9	25,7	6,1	24,3	100,0
50,1–100 »	6,3	11,9	34,4	26,5	5,4	15,5	100,0
Over 100 »	5,1	14,6	35,9	26,4	5,6	12,4	100,0
<i>Vanlege slektsbruk :</i>							
Overteki før 1940	5,6	12,8	34,4	29,2	6,0	12,0	100,0
» etter 1940	3,9	9,4	34,0	34,9	9,5	8,3	100,0

Førre eigar sitt kjønn og slektskap mellom førre og noverande eigar.

I tabell 76 er det gjevi eit oversyn over dei sjølveigde bruk fordelte etter førre eigar sitt kjønn og slektskap med noverande eigar. I tabell XVIII bak i boka har ein oppgåvane fordelte etter fylke og jordbruksområde.

Oversynet i tabell 76 viser at ved brukarskiftet var det av dei førre eigarane 75,8 prosent menn, 13,2 prosent kvinner, medan det for 11,0 prosent vanta oppgåver eller førre eigar var upersonleg (stat, kommune o. l.). Dette siste var ofte tilfelle for ikkje slektsbruk reist av eigaren.

Ved brukarskiftet på vanlege slektsbruk var førre eigar kvinne ved 15,0 prosent av bruken, mot 12,4 prosent ved vanlege ikkje slektsbruk, og 8,7 prosent ved slektsbruk reist av eigaren. Oppgåvane syner vidare at av dei førre eigarar var det 14,2 prosent kvinner ved brukarskiftet av eigedomar i storleiksklassen

Tabell 76. Sjølveigde bruk fordelt etter førre eigar sitt kjønn og slektskap mellom førre og noverande eigar.

	Førre eigar var:			I alt	Førre eigar var:		
	Mann	Kvinne	Ikkje personleg eller oppgåve vantar		Ikkje slekt	Slekt	
						Foreldre eller svigerforeldre	Anna slekt eller oppgåve vantar
Absolutte tal							
Sjølveigde bruk i alt ..	14 700	2 563	2 137	19 400	5 236	11 923	2 241
<i>Slektsbruk :</i>							
Vanlege	11 140	2 016	250	13 406	—	11 307	2 099
Reist av eigaren	659	66	33	758	—	616	142
<i>Ikkje slektsbruk :</i>							
Vanlege	2 584	440	511	3 535	3 535	—	—
Reist av eigaren	317	41	1 343	1 701	1 701	—	—
<i>Etter storleiksklassar :</i>							
5,1– 20 dekar	3 986	819	942	5 747	2 136	2 919	692
20,1– 50 »	5 855	1 037	871	7 763	2 048	4 792	923
50,1–100 »	3 409	477	258	4 144	797	2 898	449
Over 100 »	1 450	230	66	1 746	255	1 314	177
<i>Vanlege slektsbruk :</i>							
Overteki for 1940	4 697	715	42	5 454	—	4 703	751
» etter 1940	6 111	1 265	46	7 422	—	6 303	1 119
Relative tal							
Sjølveigde bruk i alt ..	75,8	13,2	11,0	100,0	27,0	61,5	11,5
<i>Slektsbruk :</i>							
Vanlege	83,1	15,0	1,9	100,0	—	84,3	15,7
Reist av eigaren	86,9	8,7	4,4	100,0	—	81,3	18,7
<i>Ikkje slektsbruk :</i>							
Vanlege	73,1	12,4	14,5	100,0	100,0	—	—
Reist av eigaren	18,6	2,4	79,0	100,0	100,0	—	—
<i>Etter storleiksklassar :</i>							
5,1– 20 dekar	69,4	14,2	16,4	100,0	37,2	50,8	12,0
20,1– 50 »	75,4	13,4	11,2	100,0	26,4	61,7	11,9
50,1–100 »	82,3	11,5	6,2	100,0	19,2	70,0	10,8
Over 100 »	83,0	13,2	3,8	100,0	14,6	75,3	10,1
<i>Vanlege slektsbruk :</i>							
Overteki for 1940 ...	86,1	13,1	0,8	100,0	—	86,2	13,8
» etter 1940	82,3	17,1	0,6	100,0	—	84,9	15,1

5,1–20 dekar, mot 13,4, 11,5 og 13,2 prosent for storleiksklassane 20,1–50, 50,1–100 og over 100 dekar.

Oppgåvene i tabell 72 syner at det var 7,3 prosent kvinnelege eigarar ved teljinga i 1958. Ved samanlikning med denne oppgåva må ein væra merksam på at oppgåvene over brukarskiftet gjeld tilhøva gjennom ei lang årekke, medan oppgåvene for noverande eigar gjeld tilhøva då teljinga vart halden. Det er difor heilt rimeleg at prosenten for kvinneleg eigar før brukarskiftet er mykje høgre enn prosenten for kvinneleg eigar på teljingsdagen.

Oppgåvene over slektskap mellom førre og noverande eigar syner at 61,5 prosent av bruken var overtekte etter foreldre eller svigerforeldre. For vanlege slektsbruk var denne prosenten 84,3, medan 15,7 prosent var overtekte etter anna slekt eller vanta oppgåve over slektskap.

Fordelinga av oppgåvene over slektskap mellom førre og neverande eigar etter storleiksklassar gjeld alle sjølveigde bruk.

Denne fordelinga syner at for eigedomar med 5,1–20 dekar var 50,8 prosent av bruken overtekne etter foreldre og svigerforeldre, og 37,2 prosent fra ikkje slekt. For bruk med over 100 dekar auka den fyrstnemnde prosenten til 75,3, medan prosenten for ikkje slekt gjekk ned til 14,6. For alle storleiksklassar var mellom 10 og 12 prosent av bruken overtekne etter annan slekting eller vanta oppgåve over slektskap.

Kår.

I tabell 77 har ein oppgåver over bruk som det var svara kår på, kor mange bruk der kår framleis var gjeldande då teljinga i 1958 vart halden og kor lenge kåret hadde vara der det no var slutt. Tabell XVIII bak i boka har desse oppgåvene fordelte på fylke og jordbruksområde.

Tabell 77. Eigedomar med kår og kor lenge det har vara.

Sjølveigde bruk i alt	Bruk der eigaren har svara kår				Der kåret er slutt, har det vara:		
	I alt	Eigaren svarar kår no			1–9 år	10 år og meir	Oppgåve vantar
		Ja	Nei	Oppgåve vantar			
Absolutte tal							
Sjølveigde bruk i alt ...	19 400	7 722	3 907	3 766	49	1 410	2 191
<i>Slektsbruk :</i>							
Vanlege	13 406	7 073	3 653	3 376	44	1 248	1 981
Reist av eigaren	758	158	47	109	2	22	82
<i>Ikkje slektsbruk :</i>							
Vanlege	3 535	459	196	262	1	134	117
Reist av eigaren	1 701	32	11	19	2	6	11
<i>Etter storleiksklassar :</i>							
5,1– 20 dekar	5 747	1 215	523	680	12	277	358
20,1– 50 »	7 763	3 061	1 430	1 611	20	620	923
50,1–100 »	4 144	2 365	1 295	1 060	10	377	645
Over 100 »	1 746	1 081	659	415	7	136	265
<i>Vanlege slektsbruk :</i>							
Overteki før 1940 ...	5 454	2 831	532	2 278	21	580	1 611
» etter 1940	7 422	4 155	3 092	1 042	11	651	353
Relative tal							
Sjølveigde bruk i alt ...	100,0	39,8	20,1	19,4	0,3	37,4	58,2
<i>Slektsbruk :</i>							
Vanlege	100,0	52,8	27,2	25,2	0,4	37,0	58,7
Reist av eigaren	100,0	20,8	6,2	14,4	0,2	20,2	75,2
<i>Ikkje slektsbruk :</i>							
Vanlege	100,0	13,0	5,5	7,4	0,1	51,1	44,7
Reist av eigaren	100,0	1,9	0,7	1,1	0,1	31,6	57,9
<i>Etter storleiksklassar :</i>							
5,1– 20 dekar	100,0	21,1	9,1	11,8	0,2	40,7	52,7
20,1– 50 »	100,0	39,4	18,4	20,8	0,2	38,5	57,3
50,1–100 »	100,0	57,1	31,3	25,6	0,2	35,6	60,8
Over 100 »	100,0	61,9	37,7	23,8	0,4	32,8	63,9
<i>Vanlege slektsbruk :</i>							
Overteki før 1940 ...	100,0	51,9	9,8	41,8	0,3	25,5	70,7
» etter 1940	100,0	55,8	41,7	14,0	0,1	62,7	33,7

Oversynet i tabell 77 viser at det vart svara kår på 39,8 prosent av bruka. På litt over halvparten av desse — 20,1 prosent — vart det framleis svara kår då teljinga vart halden (1958), medan kåret var slutt på 19,4 prosent. For 0,3 prosent vantar det svar på om kåret framleis vara eller om det var slutt.

Oppgåvene for fylke og jordbruksområde syner at bruk med kår skifta mykje i dei einskilde landslutene. Kår var såleis mest vanleg i Hordaland og Sogn og Fjordane fylke, der 61,2 og 59,1 prosent av noverande eigarar har svara kår. I dei andre fylka på Vestlandet og i Trøndelag og i Oppland låg prosentane for bruk som har svara kår, mellom 45,6 og 53,1. I fylka elles på Austlandet og i Telemark, Nordland og Troms var prosenten mellom 22,8 og 36,1, medan den i Aust-Agder var 17,4, Vest-Agder 20,0 og i Finnmark berre 10,6.

Fordeling etter eigargrupper syner at kår var mest nytta på vanlege slektsbruk. Av desse bruka var det 52,8 prosent med kår, medan det på slektsbruk reist av eigaren var 20,8 prosent, på vanlege ikkje slektsbruk 13,0 prosent, og på ikkje slektsbruk reist av eigaren berre 1,9 prosent med kår.

Grupperinga av bruka etter storleiksklassar syner at kår er vanlegare di større bruka er. I klassen 5,1–20 dekar var det såleis kår på 21,1 prosent av bruka, i klassen 20,1–50 dekar 39,4 prosent, i klassen 50,1–100 dekar 57,1 prosent og i klassen over 100 dekar 61,9 prosent bruk med kår.

Om det framleis kviler kår på bruket eller om det har teki slutt, heng i fyrste rekke saman med kor lang tid det har gått sidan eigarskiftet. For vanlege slektsbruk overtekne før 1940 syner oppgåvene at det vart svara kår på 51,9 prosent av bruka. Av desse var det 9,8 prosent som det framleis vart svara kår på, medan kåret var slutt på 49,8 prosent. På vanlege slektsbruk overtekne etter 1940 vart det svara kår på 55,8 prosent av bruka, og av desse vart det framleis svara på 41,7 prosent, medan det var slutt ved 14,0 prosent.

Oppgåvene over kor mange år kåret hadde vara der det no var slutt, syner at for 37,4 prosent av bruka vara kåret frå 1 til 9 år, og for 58,2 prosent 10 år og meir, medan det vanta svar for 4,4 prosent. Klassevis oppgåver over tidlengda av kår som var slutt, syner at det var relativt fleire kår som vara 1 til 9 år, og færre med 10 år og meir, ved dei små enn ved dei store bruka. I storleiksklassen 5,1–20 dekar var det såleis 40,7 prosent av bruka der kåret vara 1 til 9 år, og denne prosentrekka gjekk jamt nedover til 32,8 prosent for bruk med over 100 dekar. Prosenten av kår som vara 10 år og meir var 52,7 for bruk med 5,1–20 dekar, og den auka jamt til 63,9 for bruk med over 100 dekar.

Noverande eigar sin plass i syskenflokken.

Den tidlegare omtale av teljingsmaterialet syner at 69,1 prosent av oppgåvene, eller 13 406 egedomar, var vanlege slektsbruk. Etter oversynet i tabell 76 var 11 307 eller 84,3 prosent av desse bruka overtekne etter foreldre eller svigerforeldre, medan 2 099 bruk eller 15,7 prosent var overtekne etter annan slektning eller vanta oppgåve. Det vidare oversynet i denne bolken gjeld berre dei 11 307 bruka som var overtekne etter foreldre eller svigerforeldre. Oversynet i tabell 78 syner at av egedomar som var overtekne etter foreldre eller svigerforeldre, var 86,3 prosent overtekne av son på bruket og 13,7 prosent av dotter på bruket. Fordeling av egedomane etter storleik syner at med aukande egedomsstorleik vart relativt fleire egedomar overtekne av son enn av dotter. I storleiksklassen 5,1–20 dekar var såleis 80,4 prosent av bruka overtekne av son, og dette auka til 91,4 prosent for bruk over 100 dekar. For egedomar overtekne av dotter var dei tilsvarende prosentane 19,6 og 8,6.

Tabell 78. Vanlege slektsbruk overtekne etter foreldre eller svigerforeldre, fordelt etter noverande eigar sin plass i syskenflokken.

Bruk overteki etter foreldre eller sviger- foreldre	Noverande eigar eller ektefelle var:										
	Son på bruket					Dotter på bruket					
	Einaste barn	Eldste son	Ikkje eldste son	Oppgåve vantar	I alt	Einaste barn	Eldste dotter utan bror	Anna dotter	Oppgåve vantar	I alt	
Absolutte tal											
Bruk i alt	11 307	423	5 491	3 420	432	9 766	201	211	942	187	1 541
Etter storleiksklassar :											
5,1– 20 dekar	2 670	116	1 013	890	129	2 148	63	76	318	65	522
20,1– 50 »	4 532	165	2 137	1 433	187	3 922	72	64	403	71	610
50,1–100 »	2 804	102	1 534	788	83	2 507	54	44	165	34	297
Over 100 »	1 301	40	807	309	33	1 189	12	27	56	17	112
Overteki før 1940 ...	4 690	183	2 154	1 504	183	4 024	69	106	413	78	666
» etter 1940	6 222	226	3 202	1 816	178	5 422	122	101	490	87	800
Relative tal											
Bruk i alt	100,0	3,7	48,6	30,2	3,8	86,3	1,8	1,9	8,3	1,7	13,7
Etter storleiksklassar :											
5,1– 20 dekar	100,0	4,3	38,0	33,3	4,8	80,4	2,4	2,8	11,9	2,5	19,6
20,1– 50 »	100,0	3,6	47,2	31,6	4,1	86,5	1,6	1,4	8,9	1,6	13,5
50,1–100 »	100,0	3,6	54,7	28,1	3,0	89,4	1,9	1,6	5,9	1,2	10,6
Over 100 »	100,0	3,1	62,0	23,8	2,5	91,4	0,9	2,1	4,3	1,3	8,6
Overteki før 1940 ...	100,0	3,9	45,9	32,1	3,9	85,8	1,5	2,3	8,8	1,6	14,2
» etter 1940 .	100,0	3,6	51,5	29,2	2,9	87,2	1,9	1,6	7,9	1,4	12,8

Grupperinga etter noverande eigar sin plass i syskenflokken syner at 5,5 prosent av brukena var overtekne av einaste barn. Av desse var 3,7 prosent son og 1,8 prosent dotter. Elles var 48,6 prosent overtekne av eldste son og 1,9 prosent av eldste dotter utan bror, 30,2 prosent av annan son og 8,3 prosent av anna dotter, medan det vanta oppgåver over syskentilhøve for 5,5 prosent.

Oversynet viser såleis at berre noko over halvparten — 56,0 prosent — av brukena var overtekne av einaste barn eller den som hadde åsetesretten. Denne fyrsteretten til å overtaka bruket vart nytta meir for dei store enn for dei små brukena. For bruk i storleiksklassen 5,1–20 dekar vart såleis 47,5 prosent overtekne av einaste barn og eldste son eller dotter utan bror, medan tilsvarende prosent for bruk med over 100 dekar var 68,1.

Komande eigar.

I eit oversyn over eigedomstilhøve og brukarskifte i jordbruken, er det naturleg å gjera seg opp ei meinings om korleis det vil bli i framtida. På skjemaet vart det difor og sett opp spørsmål om eigaren har born, og om det blir rekna med at barn eller annan slektning i si tid skal overtaka bruket. Etter oppgåvene over tida for siste eigarskifte og noverande eigar sin alder, vil neste brukarskifte i mange tilfelle koma ganske snart. Spørsmålet om kven som då skal overtaka bruket, vil difor ofte vera sers aktuelt. I mange tilfelle vil dei gjevne svara vera uttrykk for framtidsvoner og må tolkast etter det.

Tabell 79. Bruk der eigaren har born, og bruk der eigaren reknar med at barn eller annan slektning skal overtaka bruket.

Sjølv-eigde bruk i alt	Eigaren er:		Eigaren reknar med at bruket blir overtak av:				
	Ikkje gift	Gift eller før gift	Slektningar		Oppgåve vantar		
		Med born i 1958	Utan born i 1958 eller oppgåve vantar	Barn	Annan slekt- ning eller oppgåve vantar		
Absolatte tal							
Sjølveigde bruk i alt ...	19 400	2 748	15 024	1 628	12 268	2 073	1 958
<i>Sleksbruk :</i>							1 301
Vanlege	13 406	2 304	10 101	1 001	8 463	1 601	1 219
Reist av eigaren	758	64	646	48	531	71	57
<i>Ikkje sleksbruk :</i>							2 123
Vanlege	3 535	289	2 848	398	2 126	283	514
Reist av eigaren	1 701	91	1 429	181	1 148	118	168
<i>Etter storleiksklassar :</i>							612
5,1– 20 dekar	5 747	775	4 400	572	3 355	530	843
20,1– 50 »	7 763	1 150	5 956	657	4 832	794	830
50,1–100 »	4 144	604	3 255	285	2 827	509	225
Over 100 »	1 746	219	1 413	114	1 254	240	60
<i>Vanlege sleksbruk :</i>							583
Overtaki før 1940 ...	5 454	723	4 335	396	3 688	588	539
» etter 1940	7 422	1 489	5 405	528	4 492	962	624
Relative tal							
Sjølveigde bruk i alt ...	100,0	14,2	77,4	8,4	63,2	10,7	10,1
<i>Sleksbruk :</i>							16,0
Vanlege	100,0	17,2	75,3	7,5	63,1	11,9	9,1
Reist av eigaren	100,0	8,4	85,3	6,3	70,1	9,4	7,5
<i>Ikkje sleksbruk :</i>							15,9
Vanlege	100,0	8,2	80,5	11,3	60,1	8,0	14,5
Reist av eigaren	100,0	5,3	84,1	10,6	67,5	6,9	9,9
<i>Etter storleiksklassar :</i>							17,4
5,1– 20 dekar	100,0	13,5	76,5	10,0	58,4	9,2	14,7
20,1– 50 »	100,0	14,8	76,7	8,5	62,2	10,2	10,7
50,1–100 »	100,0	14,6	78,5	6,9	68,2	12,3	5,4
Over 100 »	100,0	12,6	80,9	6,5	71,8	13,8	3,4
<i>Vanlege sleksbruk :</i>							14,1
Overtaki før 1940 ...	100,0	13,3	79,4	7,3	67,6	10,8	9,9
» etter 1940	100,0	20,1	72,8	7,1	60,5	13,0	8,4
							11,7
							18,1

Tabell 79 gjev eit oversyn over svara på dei nemnde spørsmåla fordelte på eigargrupper og storleiksklassar. Tabell XVIII bak i boka har oppgåver for fylke og jordbruksområde.

Oversynet i tabell 79 viser at det i 1958 var born på 15 024 bruk eller 77,4 prosent av alle sjølveide bruk. Av bruk der eigaren var gift eller før gift, var det 1 628 eller 8,4 prosent utan born i 1958, eller oppgåve vanta, medan det var 2 748 bruk eller 14,2 prosent med ugift eigar. For vanlege sleksbruk var det relativt færre bruk med born og fleire bruk med ugifte eigarar enn i dei andre eigargruppene. Grupperte etter storleiksklassar syner oppgåvene at ved eigedomar med 5,1–20 dekar var det born på 76,5 prosent av bruken og 10,0 prosent utan born eller oppgåve vanta. Prosenten for bruk med born

auka jamt med aukande eigedomstorleik til 80,9 for bruk over 100 dekar, medan det for bruk utan born eller med vantande oppgåve, gjekk jamt ned til 6,5 for bruk over 100 dekar.

Oppgåvene i tabell 79 syner vidare at av dei 15 024 bruk med born i 1958, rekna eigaren med at 12 268 eller 81,7 prosent blir overtekne av son eller dotter. Denne prosenten er noko høgre for vanlege slektsbruk — om lag 84 — enn for dei andre eigargruppene, og lægst for vanlege ikkje slektsbruk — om lag 75. I tabell 79 er dei tilsvarande prosentane utrekna av alle sjølveigde bruk og ligg difor lægre, av di ein og reknar med bruk utan born og med ugifte eigalar. Prosenten for bruk der eigaren reknar med at bruket blir overteki av barn, blir då 63,2. Den skiftar elles mellom 60 og 70 etter dei skilde eigargruppene.

Utanom bruk ein reknar med at barn skal overtaka, er det og oppgjevi at 2 073 bruk eller 10,7 prosent av alle sjølveigde bruk blir overtekne av annan slektning (eller det var ikkje gjort nærrare greie for slektskapet). I alt var det rekna med at 73,9 prosent av alle sjølveigde bruk skulle bli overtekne av barn eller annan slektning. For vanlege slektsbruk er prosenten 75,1.

Fordeling etter storleiksklassar syner at brukarane reknar med at relativt fleire av dei store enn av dei små brukta blir overtekne av barn og annan slektning. For eigedomar med 5,1–20 dekar er det såleis rekna med at 67,6 prosent av brukta blir overtekne, medan prosenten stig jamt til 85,6 for bruk med over 100 dekar.

Oppgåvene med fordeling på fylke og jordbruksområde syner store variasjonar. Dei høgste tala har ein i Oppland fylke, på Vestlandet og i Trøndelag og Finnmark, der mellom 76,8 og 80,7 prosent av eigalarane reknar med at slektning skal overtaka bruket. Lægst er prosenten i Vestfold med 61,1 og og Vest-Agder med 62,8. Elles er prosenten låg i Nordland og Buskerud, der den er 65,6 og 68,4. Oppgåvene for jordbruksområda syner at prosenten for

Tabell 80. Vanlege slektsbruk i 1958 og bruk som noverande eigar reknar med at slektning skal overta.

	Sjølveigde bruk i alt	Vanlege slektsbruk i 1958	Noverande eigar reknar med at slektning skal overtaka	Prosent av sjølveigde bruk i 1958	
				Vanlege slektsbruk i 1958	Noverande eigar reknar med at slektning skal overtaka
Sjølveigde bruk i alt	19 400	13 406	14 341	69,1	73,9
<i>Slektsbruk :</i>					
Vanlege.....	13 406	13 406	10 064	100,0	75,1
Reist av eigarén	758	—	602	—	79,4
<i>Ikkje slektsbruk :</i>					
Vanlege.....	3 535	—	2 409	—	68,1
Reist av eigarén	1 701	—	1 266	—	74,4
<i>Etter storleiksklassar :</i>					
5,1– 20 dekar	5 747	3 305	3 885	57,5	67,6
20,1– 50 »	7 763	5 385	5 626	69,4	72,5
50,1–100 »	4 144	3 242	3 336	78,3	80,5
Over 100 »	1 746	1 474	1 494	84,4	85,6
<i>Vanlege slektsbruk :</i>					
Overteki for 1940	5 454	5 454	4 276	100,0	78,4
» etter 1940	7 422	7 422	5 454	100,0	73,5

Tabell 81. Vanlege slektsbruk i 1958 og bruk som neverande eigar reknar med at slektning skal overtaka. Prosent av alle sjølveigde bruk.

Landsluter og jordbruksområde	Prosent av sjølveigde bruk i 1958	
	Vanlege slektsbruk i 1958	Neverande eigar rekner med at slektning skal overtaka
Heile landet	69,1	73,9
A. Austlandet med Telemark	66,6	74,0
I. Dei sørøstlege slettebygder	62,6	70,5
II. Silurbygder inne i landet	64,9	71,1
III. Mellom- eller skogbygder	65,6	77,8
IV. Dal- og fjellbygder	73,0	74,6
B. Agder	72,5	67,0
V. Kystbygder	70,2	61,2
VI. Mellom- eller skogbygder	76,3	73,0
VII. Dal- og fjellbygder	70,3	68,4
C. Vestlandet	77,2	77,9
VIII. Skiferlandskapa ved Boknafjord	66,8	80,9
IX. Slettelandet på Jæren		
X. Andre ytre bygder	76,4	78,5
XI. Indre bygder	81,3	76,2
D. Trøndelag	72,4	76,7
XII. Kystbygder	68,4	72,3
XIII. Ytre fjordbygder		
XIV. Bygder ved Trondheimsfjorden	72,3	81,4
XV. Dal- og fjellbygder	76,0	75,5
XVI. Andre indre bygder		
E. Nord-Noreg	58,6	68,6
XVII. Øyer	58,2	63,0
XVIII. Kystbygder	59,9	63,9
XIX. Fjord- og dalbygder	58,1	76,5
XX. Innlandsbygder		

barn og annan slektning som eigaren reknar med skal overtaka bruket, er lågstd i kystbygder og dal- og fjellbygder i Agder og øyer og kystbygder i Nord-Noreg, medan den er høgst i bygder ved Trondheimsfjorden og skiferlandskapa ved Boknafjord og slettelandet på Jæren.

I tabell 80 har ein stilt saman oppgåvene over vanlege slektsbruk i 1958 og bruk som neverande eigar reknar med at slektning skal overta. I tabell 81 har ein relativtal for jordbruksområda over dei same oppgåvene.

Oversynet i tabell 80 viser at medan vanlege slektsbruk i 1958 var 69,1 prosent av alle sjølveigde bruk, var prosenten for dei bruka som eigaren vonar skal bli overtekne av slektning 73,9. Den naturlege avgang i slektsbruk som ein kan rekna med, av di neverande eigar ikkje har barn eller annan slektning til å overtaka bruket etter seg, skulle såleis verta fullt ut oppvegen av tilgang av nye slektsbruk frå dei andre eigargruppene.

Av desse oppgåvene kan ein likevel ikkje utan vidare slutta seg til kor mykje talet på slektsbruk vil auka. Dei oppgåvene som er utrekna frå teljingsgrunnlaget, er såleis ikkje tidfest slik som oppgåvene over slektsbruk i 1958. Ein må difor rekna med uvissa i svara frå neverande eigar om kven han reknar med skal overtaka bruket etter seg, og ein må rekna med uvissa med omsyn til skifte i jordbruksområdet sin struktur og økonomiske tilhøve.

Talet på slektsbruk i 1958 og kva noverande eigar reknar med for framtida, skiftar mykje både etter dei einskilde landsluter og jordbruksområde. Som nemnt før, viser oversynet i tabell 80 at vanlege slektsbruk i 1958 var 69,1 prosent av alle sjølveigde bruk, og at noverande eigar reknar med at 73,9 prosent av bruken ville bli overtekne av slektning. Oversynet i tabell 81 viser tilsvarende auke for alle landsluter unnteken Agder, der vanlege slektsbruk i 1958 var 72,5 prosent av alle sjølveigde bruk, medan noverande eigar reknar med at berre 67,0 prosent vil bli overtekne av slektning. Største auken har ein i Nord-Noreg frå 58,6 til 68,6 prosent, og for Austlandet med Telemark frå 66,6 til 74,0 og minst for Vestlandet frå 77,2 til 77,9.

Dei utrekna prosentala i tabell 81 syner nedgang for vanlege slektsbruk for alle jordbruksområde i Agder, indre bygder på Vestlandet og dal- og fjellbygder og andre indre bygder i Trøndelag, medan det er auka for dei andre jordbruksområda. Nedgangen er størst for kystbygder i Agder, frå 70,2 til 61,2. For jordbruksområda finn ein størst auke i fjord- og dalbygder i Nord-Noreg, frå 58,1 til 76,5, skiferlandskapa ved Boknfjord og slettelandet på Jæren, frå 66,8 til 80,9, mellom- eller skogbygder på Austlandet med Telemark, frå 65,6 til 77,8, og bygder ved Trondheimsfjorden, frå 72,3 til 81,4.

Granskar ein fylkestala i tabell XVI over vanlege slektsbruk, og i tabell XVIII over dei som noverande eigar reknar med skal overtaka bruken, finn ein nedgang for Buskerud, Aust-Agder, Vest-Agder, Hordaland og Møre og Romsdal. Nedgangen er størst for Vest-Agder, frå 70,5 til 62,8 prosent.

Leigebruk

I bolken om eige og leige av jord var det nemnt at teljinga i 1958 hadde oppgåver over 1 962 leigebruk, eller 9,2 prosent av alle bruk med over 5 dekar jordbruksareal. For Austlandet med Telemark var det 13,3 prosent leigebruk og for Agder 10,5 prosent, medan det i dei andre landsluttene var frå 6,2 til 6,4 prosent.

Tabell 82 har eit oversyn over leigebruka fordelt etter landsluter og storleiksklassar. Oversynet viser at Austlandet med Telemark har 54,2 prosent av leigebruka, Vestlandet 18,0, Nord-Noreg 12,3, Trøndelag 7,8 og Agder 7,7 prosent. Fordelinga av leigebruka etter storleik viser elles at Agder og Nord-Noreg og i nokon grad Vestlandet har relativt fleire leigebruk i klassane 5,1–20 dekar og 20,1–50 dekar enn Austlandet med Telemark og Trøndelag. Desse landsluttene har i staden relativt mange leigebruk med meir enn 50 dekar, og serleg gjeld dette for bruk med meir enn 100 dekar jordbruksareal. Av desse har såleis Austlandet med Telemark 82,8 prosent og Trøndelag 10,8 prosent, medan dei andre landsluttene til saman berre har 6,4 prosent leigebruk av denne storleiken.

Den relative fordeling av leigebruka etter storleiksklassar syner stor skilnad frå landslut til landslut. Dette heng nøyne saman med skilnaden i bruksstruktur. Oppgåvene i tabell 82 syner at i Agder var 90,0 prosent av leigebruka i storleiksklassane 5,1–20 og 20,1–50 dekar. I Nord-Noreg var 83,0 prosent og på Vestlandet 75,5 prosent i dei same klassane, mot 61,5 prosent i Trøndelag og 58,1 prosent for Austlandet med Telemark.

Samanliknar ein oppgåvane over alle bruk og leigebruk fordelte på storleiksklassar, finn ein relativt fleire leigebruk i storleiksklassane 5,1–20 dekar og over 100 dekar enn i klassane 20,1–50 og 50,1–100 dekar. Einaste unnatak frå dette har ein for Vestlandet, der det er relativt mindre av bortleigde bruk enn elles i landet.

Tabell 82. Leigebruk 1958 fordelt etter landsluter og storleiksklassar.

Landsluter	Brukstal	Storleiksklassar etter jordbruksareal i dekar			
		5,1-20	20,1-50	50,1-100	Over 100
Absolutte tal					
Leigebruk i alt.....	1 962	666	648	352	296
Austlandet med Telemark	1 063	320	297	201	245
Agder	151	75	61	14	1
Vestlandet	354	132	135	76	11
Trøndelag	153	51	43	27	32
Nord-Noreg	241	88	112	34	7
Relative tal etter landsluter.					
Leigebruk i alt.....	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Austlandet med Telemark	54,2	48,0	45,8	57,1	82,8
Agder	7,7	11,2	9,4	4,0	0,3
Vestlandet	18,0	19,8	20,8	21,6	3,7
Trøndelag	7,8	7,8	6,7	7,7	10,8
Nord-Noreg	12,3	13,2	17,3	9,6	2,4
Relative tal etter storleiksklassar					
Leigebruk i alt.....	100,0	33,9	33,0	17,9	15,2
Austlandet med Telemark	100,0	30,2	27,9	18,9	23,0
Agder	100,0	49,6	40,4	9,3	0,7
Vestlandet	100,0	37,3	38,2	21,4	3,1
Trøndelag	100,0	33,4	28,1	17,6	20,9
Nord-Noreg	100,0	36,5	46,5	14,1	2,9

Årstal då brukaren overtok drifta av leigebruket og kor langt tidsrom noverande leigeavtale var gjord gjeldande for.

Oversynet i tabell 83 viser fordeling etter årstalet då brukaren overtok drifta av bruket og etter landsluter. Oppgåvane syner at nokre få leigebruk har hatt same brukar sidan før 1915, men for storparten av bruka — i alt 68,7 prosent — var drifta overtaken etter 1/1-1950. For om lag 21 prosent av bruka var drifta overtaken i tida frå 1930 til 1949, og for om lag 6 prosent før 1930.

Fordelinga etter landluter viser at på Austlandet med Telemark og i Agder var drifta overtaken etter 1950 på om lag 72 prosent av bruka. På Vestlandet og i Trøndelag var tilsvarande prosent 67-68, medan den for Nord-Noreg berre var om lag 55.

Oversyn over tidsrommet noverande leigeavtale var gjord gjeldande for er gjevi i tabell 84. I tabellen har ein fordelt oppgåvane etter om eigaren er slekting eller ikkje slekting av brukaren.

Oppgåvane syner at det ikkje føreligg nokon avtale om leidgetida for ein svært høg prosent av leigebruka. Der eigaren er slekting var det såleis ingen avtale for 44,1 prosent, og der eigaren ikkje var slekting for 21,1 prosent av leigebruka. Prosenten utan avtale om leidgetida syner liten skilnad mellom små og store bruk der eigaren er slekting. Den går såleis ned berre frå 45,6 prosent på bruk med 5,1-20 dekar til 38,5 for bruk med over 100 dekar jordbruks-

Tabell 83. Årstal då brukaren overtok drifta av bruket.

Årstal bruket vart overtaki	Brukstal	Fordelte etter landsluter				
		Aust-landet med Telemark	Agder	Vest-landet	Trøndelag	Nord-Noreg
Absolutte tal						
Leigebruk i alt	1 962	1 063	151	354	153	241
Før 1915	27	17	—	5	1	4
1915–1919	17	13	—	—	1	3
1920–1924	34	20	2	6	3	3
1925–1929	35	21	4	4	1	5
1930–1934	46	21	2	12	2	9
1935–1939	66	28	3	16	7	12
1940–1944	81	33	9	18	9	12
1945–1949	225	106	17	45	21	36
1950–1954	525	304	43	87	37	54
1955–1958	824	462	67	149	67	79
Oppgåve vantar	82	38	4	12	4	24
Relative tal						
Leigebruk i alt	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Før 1915	1,4	1,6	—	1,4	0,6	1,6
1915–1919	0,9	1,2	—	—	0,6	1,2
1920–1924	1,7	1,9	1,3	1,7	2,0	1,2
1925–1929	1,8	2,0	2,7	1,1	0,7	2,1
1930–1934	2,4	2,0	1,3	3,4	1,3	3,8
1935–1939	3,4	2,6	2,0	4,5	4,6	5,0
1940–1944	4,1	3,1	6,0	5,1	5,9	5,0
1945–1949	11,4	10,0	11,3	12,7	13,7	14,9
1950–1954	26,7	28,6	28,5	24,6	24,2	22,4
1955–1958	42,0	43,4	44,3	42,1	43,8	32,8
Oppgåve vantar	4,2	3,6	2,6	3,4	2,6	10,0

areal. Men for bruk der eigaren ikkje er slekting, går prosenten for bruk utan avtale ned frå 32,1 prosent for eigedomar med 5,1–20 dekar til 5,4 prosent for eigedomar med over 100 dekar.

Når tidsrommet for noverande leigeavtale var oppgjevi, var 1 år det mest vanlege. For bruk der eigaren er slekting galdt dette for 19,2 prosent av leigebruk, og der eigaren ikkje er slekting for 34,7 prosent.

Der eigaren er slekting vanta det oppgåve over tidsrommet for leigeavtale for 21,3 prosent av leigebruka, og der eigaren ikkje er slekting for 12,1 prosent.

Oppgåvene syner elles at leigeavtale for eit tidsrom på 2 til 5 år var relativt mykje vanlegare for dei store enn for dei små bruka. Der eigaren av bruket er slekting var såleis leigeavtale på 2–3 år gjord gjeldande for 2,8 prosent av bruk med 5,1–20 dekar, og for 6,9 prosent for bruk med over 100 dekar. Avtale for eit tidsrom på 4–5 år var gjord gjeldande for 4,6 prosent av bruk med 5,1–20 dekar, og for 16,9 prosent av bruk med over 100 dekar.

Der eigaren av bruket ikkje er slekting, var leigeavtale på 2–3 år gjord gjeldande for 3,6 prosent av bruk med 5,1–20 dekar, og aukande til 25,3 prosent for bruk med over 100 dekar. Med leigeavtale på 4–5 år var prosentane i same fylgd 7,3 og 27,7.

Tabell 84. Tidsromet noverande leigeavtale var gjord gjeldande for.
Leigebruken fordelt etter avtaletid og storleiksklassar.

Tidsrom for leigeavtala	Absolutte tal					Relative tal				
	Bruks- tal	Storleiksklassar etter jordbruksareal i dekar				Leige- bruk i alt	Storleiksklassar etter jordbruksareal i dekar			
		5,1– 20	20,1– 50	50,1– 100	Over 100		5,1– 20	20,1– 50	50,1– 100	Over 100
Eigaren er slektning										
Leigebruk i alt ...		797	217	278	172	130	100,0	100,0	100,0	100,0
Ikkje avtale	352	99	130	73	50	44,1	45,6	46,8	42,5	38,5
1 år	153	43	46	37	27	19,2	19,8	16,5	21,5	20,8
2-3 »	38	6	14	9	9	4,8	2,8	5,0	5,3	6,9
4-5 »	62	10	16	14	22	7,8	4,6	5,8	8,1	16,9
6 » og meir ...	22	7	8	3	4	2,8	3,2	2,9	1,7	3,1
Oppgåve vantar ..	170	52	64	36	18	21,3	24,0	23,0	20,9	13,8
Eigaren er ikke slektning										
Leigebruk i alt ...	1 165	449	370	180	166	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Ikkje avtale	246	144	73	20	9	21,1	32,1	19,7	11,1	5,4
1 år	405	157	144	57	47	34,7	35,0	38,9	31,6	28,3
2-3 »	135	16	40	37	42	11,6	3,6	10,8	20,6	25,3
4-5 »	166	33	47	40	46	14,3	7,3	12,7	22,2	27,7
6 » og meir ...	72	24	27	12	9	6,2	5,3	7,3	6,7	5,4
Oppgåve vantar ..	141	75	39	14	13	12,1	16,7	10,6	7,8	7,9

Når tidsrommet for leigeavtale var på 6 år og meir, er det liten skilnad i prosentane for dei einskilde storleiksklassane.

Framanfor har ein nemnt at for leigebruk der eigaren er slektning til brukaren, er det relativt fleire som ikkje har avtale om tidsrommet for leigetid og som oppgåve vantar for, enn der eigaren ikkje er slektning. Årsaka til dette ligg sjølvsgått i slektskapen mellom eigar og brukar. Der det er born eller annan nær slektning (som kanskje seinare skal verta eigar), finn partane det ofte uturvande med leigeavtale. Det at det ikkje føreligg avtale, kan også vera årsak til at det ikkje er svara på dette spørsmålet.

Bortleige før noverande brukar overtok drifta.

I tabell 85 er det gjevi eit oversyn over kor mange av leigebruken som var bortleigde før noverande brukar overtok drifta. Oppgåvene er fordelt etter eigedomsstorleik og om eigaren er slektning eller ikkje slektning til brukaren. Oversynet viser tydeleg skilnad mellom desse to gruppene. For bruk der eigaren er slektning, syner oppgåvene at 15,9 prosent var bortleigde tidlegare. 78,7 prosent var ikkje bortleigde før, og for 5,4 prosent vantar oppgåve. Av bruk der eigaren ikkje er slektning var 55,7 prosent bortleigde tidlegare, 40,2 var ikkje bortleigde før, og for 4,1 prosent vantar oppgåve.

Oppgåvene over tidlegare bortleigde bruk der eigaren er slektning, syner at det var relativt fleire av dei små og dei store brukar enn av dei mellomstore brukar som var bortleigde før noverande brukar overtok drifta. For bruk med 5,1–20 dekar var såleis 20,7 prosent, og for bruk med over 100 dekar 18,4 prosent bortleigde tidlegare, medan det for bruk med 20,1–50 og 50,1–100 dekar berre var 11,8 og 14,5 prosent som var bortleigde tidlegare.

Tabell 85. Bortleige av leigebruka i 1958 før noverande brukar overtok drifta.

Bruks-tal	Absolutte tal				Relative tal				
	Storleiksklassar etter jordbruksareal i dekar				Leige-bruk i alt	Storleiksklassar etter jordbruksareal i dekar			
	5,1– 20	20,1– 50	50,1– 100	Over 100		5,1– 20	20,1– 50	50,1– 100	Over 100
Eigaren er slektning									
Leigebruk i alt . . .	797	217	278	172	130	100,0	100,0	100,0	100,0
Tidlegare bortleigd	127	45	33	25	24	15,9	20,7	11,8	14,5
Ikkje bortleigd . . .	627	156	225	141	105	78,7	71,9	81,0	82,0
Oppgåve vantar . . .	43	16	20	6	1	5,4	7,4	7,2	3,5
Eigaren er ikkje slektning									
Leigebruk i alt . . .	1 165	449	370	180	166	100,0	100,0	100,0	100,0
Tidlegare bortleigd	649	242	197	110	100	55,7	53,9	53,2	61,1
Ikkje bortleigd . . .	468	185	159	64	60	40,2	41,2	43,0	35,6
Oppgåve vantar . . .	48	22	14	6	6	4,1	4,9	3,8	3,3
									3,6

For bruk der eigaren ikkje er slektning, syner oppgåvene at av bruk med 5,1–20 og 20,1–50 dekar var 53–54 prosent bortleigde tidlegare, mot 61 prosent av bruk med 50,1–100 og over 100 dekar.

Oppgåvene over bruk der eigaren er slektning, syner at av slike bruk på 5,1–20 dekar var 71,9 prosent ikkje bortleigde tidlegare, mot 81–82 prosent av bruk med meir enn 20 dekar jordbruksareal. For bruk der eigaren ikkje er slektning, syner oppgåvene at i storleiksklassane 5,1–20 dekar og 20,1–50 dekar var 41–43 prosent ikkje bortleigde tidlegare, mot om lag 36 prosent av bruk med meir enn 50 dekar jordbruksareal.

Dei relativt høge prosenttala for bruk ikkje bortleigde tidlegare, og der eigaren er slektning, må ein sjå i samanheng med at det er svært mange bruk utan avtale om leigetida eller utan oppgåve over dette.

For bruk der eigaren ikkje er slektning, må ein sjå tala som syner at meir enn halvparten av bruken var bortleigde tidlegare, i samanheng med at om lag fjerdeparten av desse bruken har upersonleg eigar og difor som regel er forpakta bort. (Sjå meir om dette seinare.)

Eigarane av leigebruka.

I tabell 86 er det nærmere opplysningar om eigarane av leigebruka. Det er skilt mellom bruk der eigaren er slektning til leigaren og der han ikkje er slektning.

Oversynet viser at for bruk der eigaren er slektning, er det 70,3 prosent menn og 26,1 prosent kvinner som eigarar. For 3,6 prosent vanta det oppgåver. For bruk der eigaren ikkje er slektning, er det 57,1 prosent menn og 18,2 prosent kvinner som eigarar. Det var 24,7 prosent med upersonleg eigar eller utan oppgåve. Reknar ein med at oppgåve vanta for relativt like mange bruk i begge grupper, kjem ein til at om lag 20 prosent av dei bruken der eigaren ikkje er slektning, hadde upersonleg eigar.

Oppgåvene for dei sjølveigde bruken synte at det var 7,3 prosent kvinnelege brukarar (og eigararar). Det er såleis relativt langt fleire kvinnelege eigararar av bortleigde enn av sjølveigde bruk. Men av kvinnelege brukarar på leigebruka var det berre 4,5 prosent.

Tabell 86. Eigarane fordelte etter kjønn og borgarleg stode.

Bruks-tal	Absolutte tal				Relative tal			
	Storleiksklassar etter jordbruksareal i dekar				Leige-bruk i alt	Storleiksklassar etter jordbruksareal i dekar		
	5,1–20	20,1–50	50,1–100	Over 100		5,1–20	20,1–50	50,1–100
Eigaren er slektning								
Leigebruk i alt . . .	797	217	278	172	130	100,0	100,0	100,0
Menn i alt	560	131	199	134	96	70,3	60,4	71,6
Av desse:								
Ugifte	84	25	37	15	7	10,5	11,5	13,3
Giftte	403	90	130	102	81	50,6	41,5	46,8
Før gifte	73	16	32	17	8	9,2	7,4	11,5
Kvinner i alt	208	77	69	32	30	26,1	35,5	24,8
Av desse:								
Ugifte	22	8	9	3	2	2,8	3,7	3,2
Giftte og før giftte	186	69	60	29	28	23,3	31,8	21,6
Oppgåve vantar . . .	29	9	10	6	4	3,6	4,1	3,6
Eigaren er ikke slektning								
Leigebruk i alt . . .	1 165	449	370	180	166	100,0	100,0	100,0
Menn i alt	665	243	216	107	99	57,1	54,1	58,4
Av desse:								
Ugifte	123	28	44	30	21	10,5	6,2	11,9
Giftte	498	196	153	75	74	42,8	43,7	41,3
Før gifte	44	19	19	2	4	3,8	4,2	5,2
Kvinner i alt	212	89	66	29	28	18,2	19,8	17,8
Av desse:								
Ugifte	44	21	12	4	7	3,8	4,7	3,2
Giftte og før giftte	168	68	54	25	21	14,4	15,1	14,6
Upersonleg eigar og oppgåve vantar	288	117	88	44	39	24,7	26,1	23,8
								24,5
								23,5

Fordelte etter storleiksklassar finn ein for eigarane av leigebruka nokolunde same høve for menn og kvinner som nemnt for sjølevide bruk, nemleg aukande prosenttal for menn og fallande prosenttal for kvinner med aukande egedomsstorleik. For menn er det såleis 60,4 prosent eigarar i storleiksklassen 5,1–20 dekar, aukande til 77,9 prosent i klassen 50,1–100 dekar, men med nedgang til 73,9 prosent for eigedomar med over 100 dekar. For kvinner er det 35,5 prosent eigarar i klassen 5,1–20 dekar og jamn nedgang til 18,6 prosent for klassen 50,1–100 dekar, og så auke til 23,0 prosent for eigedomar med over 100 dekar.

Ved leigebruk der eigaren er slektning, var det 70,3 prosent mannlege eigarar, delte på 10,5 prosent ugifte, 50,6 prosent gifte og 9,2 prosent før gifte. Av dei kvinnelege eigarar var 2,8 prosent ugifte og 23,3 prosent gifte og før gifte. Med aukande egedomsstorleik går prosenten for ugifte menn jamt nedover, medan den for gifte menn går jamt oppover. For før gifte menn er tilhøva ujamt skiftande. Grupperinga av kvinnelege eigarar i ugifte, gifte og før gifte etter storleiksklassar syner same variasjon som er nemnd for kvinner i alt.

Tabell 87. Alder på eigarane av leigebruksa og kor mange av dei som bur på bruket.

Bruks-tal	Absolute tal				Relative tal				
	Storleiksklassar etter jordbruksareal i dekar				Leige-bruk i alt	Storleiksklassar etter jordbruksareal i dekar			
	5,1–20	20,1–50	50,1–100	Over 100		5,1–20	20,1–50	50,1–100	Over 100
Eigaren er slekting									
Leigebruk i alt . . .	797	217	278	172	130	100,0	100,0	100,0	100,0
Eigaren sin alder :									
Under 50 år	119	43	49	19	8	14,9	19,8	17,6	11,1
50–59 »	114	36	34	21	23	14,3	16,6	12,2	12,2
60–69 »	208	40	64	55	49	26,1	18,4	23,0	32,0
70–79 »	183	41	57	49	36	23,0	18,9	20,5	27,7
80 år og meir	81	21	41	14	5	10,2	9,7	14,8	8,1
Oppgåve vantar	92	36	33	14	9	11,5	16,6	11,9	8,1
									6,9
Eigaren bur på bruket	511	102	176	124	109	64,1	47,0	63,3	72,1
Eigaren bur ikkje på bruket	228	94	81	39	14	28,6	43,3	29,1	22,7
Oppgåve vantar	58	21	21	9	7	7,3	9,7	7,6	5,2
									10,8
									5,4
Eigaren er ikkje slekting									
Leigebruk i alt . . .	1 165	449	370	180	166	100,0	100,0	100,0	100,0
Eigaren sin alder :									
Under 50 år	227	80	79	33	35	19,5	17,8	21,3	18,3
50–59 »	163	69	49	22	23	14,0	15,4	13,2	12,2
60–69 »	204	75	70	32	27	17,5	16,7	18,9	17,8
70–79 »	114	45	32	21	16	9,8	10,0	8,7	11,7
80 år og meir	31	16	6	4	5	2,7	3,6	1,6	2,2
Oppgåve vantar	426	164	134	68	60	36,5	36,5	36,3	37,8
									36,1
Eigeren bur på bruket	382	121	107	73	81	32,8	27,0	29,0	40,6
Eigaren bur ikkje på bruket	611	247	225	76	63	52,4	55,0	60,7	42,2
Oppgåve vantar	172	81	38	31	22	14,8	18,0	10,3	17,2
									13,3

Ved leigebruk der eigaren ikkje er slekting, var det i alt 57,1 prosent mannlege eigarar delte på 10,5 prosent ugifte, 42,8 prosent gifte og 3,8 prosent før gifte. For menn i alt var det svakt aukande prosentar frå 54,1 i klassen 5,1–20 dekar til 59,7 prosent for klassen med over 100 dekar. For ugifte menn auka prosenten frå 6,2 i klassen 5,1–20 dekar til 16,7 i klassen 50,1–100 dekar og gjekk ned til 12,7 for klassen over 100 dekar, medan det for gifte menn var nokolunde same prosent i alle storleiksklassar.

Ved leigebruk der eigaren ikkje er slekting, var det 18,2 prosent kvinnelege eigarar, delte på 3,8 prosent ugifte og 14,4 prosent gifte eller før gifte. Fordelte etter storleiksklassar viser oversynet litt høgre prosent for klassen 5,1–20 dekar og litt lægre prosent for klassen med over 100 dekar, og stort sett med jamn nedgang.

I tabell 87 er det gjevi oversyn over alder på eigarane av leigebruksa og kor mange av dei som bur på bruket. Oppgåvane er fordelte etter eigedomstorleik

og om eigaren er slektning eller ikkje slektning til leigaren. I grupperinga etter alder er det nytta klassane under 50 år, 50–59, 60–69, 70–79 og 80 år og meir.

Ved bruk der eigaren er slektning til leigaren, var om lag halvparten av eigarane mellom 60 og 79 år. Elles var 14,9 prosent under 50 år, 14,3 prosent 50–59 år og 10,2 prosent var 80 år og meir, medan oppgåve over alderen vanta for 11,5 prosent. Prosenten for eigarar under 50 år går ned frå 19,8 i klassen 5,1–20 dekar til 6,2 i klassen over 100 dekar, medan den for aldersgruppa 60–69 auka for dei same storleiksklassane frå 18,4 til 37,7 og for aldersgruppa 70–79 år frå 18,9 til 27,7.

Ved leigebruk der eigaren ikkje er slektning av leigaren var 19,5 prosent av eigarane under 50 år, 14,0 prosent 50–59 år, 17,5 prosent 60–69 år, 9,8 prosent 70–79 år og 2,7 prosent 80 år og meir, medan det for 36,5 prosent var upersonleg eigar eller vanta oppgåve.

Det høge prosenttalet — 36,5 — uten oppgåve over alder til eigaren heng fyrst og fremst saman med at ein her har alle leigebruk med upersonleg eigar. Vidare verkar det inn at meir enn halvparten av eigarane som ikkje er i slekt med leigaren, bur utanom bruket og i mange høve så langt borte at det er vanskeleg å få opplysningar frå han. Difor vantar det ofte svar på spørsmålet om alder på eigaren.

På bruk der eigaren er slektning til leigaren viser oversynet i tabell 87 at 64,1 prosent av eigarane bur på bruket og at 28,6 prosent ikkje bur på bruket. Ved bruk der eigaren ikkje er slektning, bur 32,8 prosent av eigarane på bruket, medan 52,4 prosent ikkje bur på bruket.

For begge dei nemnde gruppene viser oversynet at med aukande eige-domsstorleik aukar og prosenten av dei eigarane som bur på bruket. Der eigaren er slektning aukar såleis prosenten frå 47,0 i klassen 5,1–20 dekar til 83,8 for klassen over 100 dekar, og for bruk der eigaren ikkje er slektning auka prosenten for dei same storleiksklassane frå 27,0 til 48,8.

Opplysningar om leigarane.



I tabell 88 er det gjevi oversyn over leigarane fordelte etter kjønn og borgarleg stode og etter landsluter. Oversynet viser at 95,5 prosent av leigarane var menn og 4,5 prosent kvinner. I Nord-Noreg og på Vestlandet var prosenten for menn noko lægre (93,4 og 93,8) og prosenten for kvinner noko høgre (6,6 og 6,2). Trøndelag har høgste prosenten for menn med 98,7 og berre 1,3 prosent for kvinner som leigarar.

Dei mannlege leigarane (95,5 prosent av alle) var delte på 15,2 prosent ugifte, 78,0 prosent gifte og 2,3 prosent før gifte. Dei kvinnelege leigarane (i alt 4,5 prosent) var delte på 1,6 prosent ugifte og 2,9 prosent gifte eller før gifte.

Vestlandet og Nord-Noreg som har dei lægste prosentane for mannlege leigarar, har dei høgste prosentar for ugifte menn med 19,8 og 18,7, og dei lægste prosentar for gifte menn med 72,0 og 71,4. Som nemnt framfor var det og relativt flest kvinnelege leigarar i desse landsluttene. Det same gjeld anten det er ugifte eller gifte og før gifte kvinner. Trøndelag som har den høgste prosenten for menn, har den lægste prosenten for ugifte menn med 10,4 og høgste prosenten for gifte menn med 85,0.

Teljingsmaterialet gjev diverre ikkje opplysningar på dette område til nærmare klårleggjing av årsakshøva for skilnaden mellom landsluttene.

Tabell 88. Leigarane fordelte etter kjønn og borgarleg stode.

	Brukstal	Fordelte etter landsluter				
		Aust-landet med Telemark	Agder	Vest-landet	Trøndelag	Nord-Noreg
Absolutte tal						
Leigebruk i alt	1 962	1 063	151	354	153	241
Menn i alt	1 875	1 021	146	332	151	225
Av desse: Ugifte	298	147	20	70	16	45
Giftte	1 531	850	124	255	130	172
Før gifte	46	24	2	7	5	8
Kvinner i alt	87	42	5	22	2	16
Av desse: Ugifte	31	15	2	9	—	5
Giftte og før gifte	56	27	3	13	2	11
Relative tal						
Leigebruk i alt	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Menn i alt	95,5	96,1	96,7	93,8	98,7	93,4
Av desse: Ugifte	15,2	13,8	13,3	19,8	10,4	18,7
Giftte	78,0	80,0	82,1	72,0	85,0	71,4
Før gifte	2,3	2,3	1,3	2,0	3,3	3,3
Kvinner i alt	4,5	3,9	3,3	6,2	1,3	6,6
Av desse: Ugifte	1,6	1,4	1,3	2,5	—	2,1
Giftte og før gifte	2,9	2,5	2,0	3,7	1,3	4,5

I tabell 89 er det gjevi oversyn over leigaren sitt giftarmål sett i høve til tida for overtakinga av bruket og fordelt etter landsluter. Godt og vel tredje-parten — 34,5 prosent — av dei gifte leigarane gifta seg meir enn 9 år før overtakinga av bruket. 16,7 prosent vart gifte 5–9 år og 12,7 prosent 2–4 år før overtakinga, medan 16,8 prosent gifta seg omkring overtakingstida. Berre om lag 6 prosent gifta seg 2 år eller meir etter overtakinga av bruket. Fordelinga etter landsluter viser at i Trøndelag og på Vestlandet er det serleg høge prosenttal for dei som gifta seg meir enn 9 år før overtakinga av bruket. Trøndelag har såleis 45,2 og Vestlandet 40,4 prosent i denne gruppa, mot berre 29,8 prosent i Nord-Noreg og 31,7 prosent for Austlandet med Telemark. Slår ein saman tala for dei to gruppene med giftarmål meir enn 9 år og 5–9 år før overtakinga, finn ein at Agder og Trøndelag ligg høgst med 61–62 prosent, Vestlandet litt lægre med 55 prosent, medan Austlandet med Telemark og Nord-Noreg har om lag 47 prosent. Dei to sistnemnde landsluttene har dei høgste prosenttala for giftarmål omkring tida for overtaking av bruket, nemleg 18–19 prosent, mot berre 10–11 prosent i Agder og Trøndelag.

Oppgåvane syner ikkje om noverande leigarar tidlegare har leidt eit anna bruk. Ein veit heller ikkje om det er serskilde årsakshøve for skilnaden mellom landsluttene som er nemnde framfor.

Tabell 89. Leigaren sitt giftarmål sett i høve til tida for overtakinga av bruket.

	Brukstal	Fordelte etter landsluter				
		Aust-landet med Telemark	Agder	Vest-landet	Trøndelag	Nord-Noreg
		Absolutte tal				
Leigebruk i alt	1 962	1 063	151	354	153	241
Av desse med:						
Gift og før gifte leigarar	1 633	901	129	275	137	191
Ugifte leigarar	329	162	22	79	16	50
Giftarmål før eller etter overtaking av bruket	1 633	901	129	275	137	191
Meir enn 9 år før	563	285	48	111	62	57
5–9 år før	272	145	32	41	22	32
2–4 »	208	120	14	38	17	19
1 år før til 1 år etter	275	168	14	44	14	35
2–4 år etter	52	31	3	8	6	4
5 år og meir etter	48	22	5	11	3	7
Oppgåve vantar	215	130	13	22	13	37
		Relative tal				
Leigebruk i alt	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Av desse med:						
Gift og før gifte leigarar	83,2	84,8	85,4	77,7	89,5	79,3
Ugifte leigarar	16,8	15,2	14,6	22,3	10,5	20,7
Giftarmål før eller etter overtaking av bruket	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Meir enn 9 år før	34,5	31,7	37,2	40,4	45,2	29,8
5–9 år før	16,7	16,1	24,8	14,9	16,1	16,7
2–4 »	12,7	13,3	10,9	13,8	12,4	10,0
1 år før til 1 år etter	16,8	18,7	10,9	16,0	10,2	18,3
2–4 år etter	3,2	3,4	2,3	2,9	4,4	2,1
5 år og meir etter	2,9	2,4	3,8	4,0	2,2	3,7
Oppgåve vantar	13,2	14,4	10,1	8,0	9,5	19,4

I tabell 90 har ein oversyn over leigaren sin alder ved overtaking av bruket. Oppgåvane viser at om lag 60 prosent av leigarane var 25–44 år ved overtaking av bruket, med høgste prosenttal — 16,0 — for aldersgruppa 25–29 år og litt nedgang til 12,4 prosent for aldersgruppa 40–44 år. Av leigarane under 25 år var det snautt 7 prosent, frå 45 til 59 år noko over 18 prosent, på 60 år og meir 4,7 prosent. Fordelinga etter landsluter syner at Austlandet med Telemark har relativt noko fleire leigarar i aldrane 25–29 og 30–34 år enn dei andre landsluttene. Agder og Trøndelag har relativt flest i aldrane 35–39 og 40–45 år. Leigarar i aldrane 45–49 år ved overtaking av bruket er det relativt flest av i Trøndelag og Nord-Noreg. Av leigarar på 60 år og meir har Agder relativt flest av Nord-Noreg færrest.

Samanliknar ein leigaren sin alder med sjølveigararen sin alder (sjå tabell 70, side 64), syner det seg at sjølveigarane gjennomgåande tek over bruket ved lægre alder enn leigarane. For alle aldersgrupper under 40 år er det såleis høgre prosenttal for sjølveigararar enn for leigarar. Av sjølveigarane er 71,1

Tabell 90. Leigaren sin alder ved overtaking av bruket.

	Brukstal	Fordelte etter landsluter				
		Aust-landet med Telemark	Agder	Vest-landet	Trøndelag	Nord-Noreg
Absolutte tal						
Leigebruk i alt	1 962	1 063	151	354	153	241
<i>Alder ved overtaking :</i>						
Under 20 år	22	9	—	7	2	4
20-24 »	112	64	9	24	8	7
25-29 »	314	192	22	47	22	31
30-34 »	297	172	16	54	17	38
35-39 »	296	154	28	47	29	38
40-44 »	244	133	21	43	23	24
45-49 »	148	69	11	26	17	25
50-54 »	124	62	10	23	10	19
55-59 »	85	52	6	11	5	11
60 år og meir	92	50	12	15	9	6
Oppgåve vantar	228	106	16	57	11	38
Relative tal						
Leigebruk i alt	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
<i>Alder ved overtaking :</i>						
Under 20 år	1,1	0,8	—	2,0	1,3	1,6
20-24 »	5,7	6,0	6,0	6,8	5,2	2,9
25-29 »	16,0	18,1	14,6	13,3	14,4	12,9
30-34 »	15,1	16,2	10,6	15,3	11,1	15,8
35-39 »	15,1	14,5	18,5	13,3	19,0	15,8
40-44 »	12,4	12,5	13,9	12,1	15,0	9,9
45-49 »	7,6	6,5	7,3	7,3	11,1	10,4
50-54 »	6,3	5,8	6,6	6,5	6,5	7,9
55-59 »	4,4	4,9	4,0	3,1	3,3	4,6
60 år og meir	4,7	4,7	7,9	4,2	5,9	2,5
Oppgåve vantar	11,6	10,0	10,6	16,1	7,2	15,7

prosent under 40 år og 22,2 prosent 40 år og meir. For leigarar er dei tilsvarende prosenttal 53,0 og 35,4. (Oppgåve vantar for 6,7 prosent av sjølv-eigarane og 11,6 prosent av leigarane).

I tabell 91 er det oversyn som viser kor mange brukarar det er som reknar med å kjøpa leigebruket eller overtaka anna bruk etter slekting. Ved bruk der eigaren er slekting reknar 59,5 prosent av leigarane med å kjøpa leigebruket. Det er lægste prosent for bruk på 5,1-20 dekar med 42,8 prosent, med jamn auke til 71,5 prosent for bruk med over 100 dekar. Ved bruk der eigaren ikkje er slekting, er det berre 10,7 prosent som reknar med å kjøpa leigebruket.

Leigarar som skal overtaka anna bruk etter slekting, svarar berre til 2,9 prosent ved bruk der eigaren er slekting mot 7,1 prosent der eigaren ikkje er slekting. For den siste gruppa er det tydeleg auke med eigedomstørleiken, frå 3,8 prosent for bruk på 5,1-20 dekar til 12,7 prosent for bruk over 100 dekar, medan det for den førre gruppa skil lite mellom dei einskilde storleiksklassar.

Tabell 91. Om brukaren reknar med å kjøpa leigebruket eller å overtaka anna bruk etter slekning.

	Absolutte tal					Relative tal				
	Bruks-tal	Storleiksklassar etter jordbruksareal i dekar				Leige-bruk i alt	Storleiksklassar etter jordbruksareal i dekar			
		5,1– 20	20,1– 50	50,1– 100	Over 100		5,1– 20	20,1– 50	50,1– 100	Over 100
Eigaren er slekning										
Leigebruk i alt ...	797	217	278	172	130	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Vonar å kjøpa leigebruket	474	93	167	121	93	59,5	42,8	60,0	70,3	71,5
<i>Skal overtaka anna bruk etter slekning :</i>										
Ja	23	6	8	4	5	2,9	2,8	2,9	2,3	3,8
Nei	201	82	70	28	21	25,2	37,8	25,2	16,3	16,2
Oppgåve vantar	99	36	33	19	11	12,4	16,6	11,9	11,1	8,5
Eigaren er ikke slekning										
Leigebruk i alt ...	1 165	449	370	180	166	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Vonar å kjøpa leigebruket	125	63	41	13	8	10,7	14,0	11,1	7,2	4,8
<i>Skal overtaka anna bruk etter slekning :</i>										
Ja	82	17	27	17	21	7,1	3,8	7,3	9,5	12,7
Nei	726	269	242	112	103	62,3	59,9	65,4	62,2	62,0
Oppgåve vantar	232	100	60	38	34	19,9	22,3	16,2	21,1	20,5

Ved bruk der leigaren er slekning, svarar 25,2 prosent av leigarane nei på spørsmålet om overtaking av anna bruk etter slekning. For bruk med 5,1–20 dekar var det 37,8 prosent som svara nei, og prosenttalet fall til 16,2 for bruk med over 100 dekar. Der eigaren ikke er slekning, svara 62,3 prosent av leigarane at dei ikke skulle overtaka anna bruk, og talet for dei einskilde storleiks-klassane skilde seg lite ut fra gjennomsnittet for alle bruk.

Oppgåve vanta fra 12,4 prosent der eigaren er slekning og fra 19,9 prosent der eigaren ikke er slekning.

Tabell I. Landarealet etter bruken. Km².

Fylka	Fulldyrka jord	Natureng og over- flatedyrka jord	Produktiv skog	Anna mark		Samla landareal
				Under skoggrensa	Over skoggrensa	
I alt	8 393,34	1 908,32	70 257,55	75 821,93	152 367,50	308 748,64
Østfold	753,31	38,55	1 980,91	1 115,29	—	3 888,06
Akershus og Oslo	814,71	66,78	2 977,59	1 165,10	—	5 024,18
Hedmark	886,91	148,70	12 578,83	4 896,02	7 781,08	26 291,54
Oppland	716,16	185,76	6 301,81	4 496,88	12 558,83	24 259,44
Buskerud	449,20	77,71	4 957,19	2 474,01	5 888,47	13 846,58
Vestfold	454,92	25,77	1 206,64	574,45	—	2 261,78
Telemark	276,88	59,14	4 309,33	4 418,02	5 203,63	14 267,00
Aust-Agder	143,31	17,79	3 028,52	2 473,21	2 966,50	8 629,33
Vest-Agder	187,75	36,66	1 747,21	2 311,69	2 544,74	6 828,05
Rogaland	448,06	185,75	614,22	5 027,80	2 281,45	8 557,28
Hordaland og Bergen	342,06	213,27	1 571,05	5 957,71	6 840,63	14 924,72
Sogn og Fjordane	278,32	205,63	1 736,90	6 383,36	9 237,38	17 841,59
Møre og Romsdal	434,29	174,69	1 869,77	6 041,45	6 160,46	14 680,66
Sør-Trøndelag	628,00	82,14	3 945,28	5 327,47	7 980,13	17 963,02
Nord-Trøndelag	668,87	53,29	5 965,54	4 932,65	9 496,71	21 117,06
Nordland	523,65	194,38	4 809,08	5 627,46	2 5131,89	36 286,46
Troms	303,54	98,45	3 500,22	5 715,69	15 915,82	25 533,72
Finnmark	83,40	43,86	7 157,46	6 883,67	32 379,78	46 548,17

Tabell II. Bruka etter jordbruksarealet. Jordbrukssteljinga 20. juni 1959.

Fylka	Kl. 1 og 2		Kl. 3	Kl. 4	Kl. 5 og 6	Kl. 7 og 8	Kl. 9	Kl. 10	Kl. 11	Kl. 12	I alt med jord- bruks- arealet
	Inntil 5 dekar										
	Bygg- dene	Byane	5,1–10 dekar	10,1–20 dekar	20,1–50 dekar	50,1–100 dekar	100,1–200 dekar	200,1–500 dekar	500,1–1000 dekar	Over 1000 dekar	
I alt	180 181	54 262	19 414	40 889	75 527	42 126	15 074	4 870	372	43	432 758
Av desse i byane ...		54 262	246	279	369	175	99	44	7	1	55 482
Østfold	17 785	5 818	461	652	1 456	1 665	1 795	973	50	5	30 660
Akershus og Oslo ..	26 393	21 187	871	1 165	1 883	1 634	1 680	1 046	96	11	55 966
Hedmark	12 391	1 677	1 648	3 638	6 338	3 434	1 267	710	125	14	31 242
Oppland	12 169	1 619	1 263	2 524	5 653	3 437	1 535	589	36	1	28 826
Buskerud	12 772	3 702	913	1 691	2 998	2 166	1 030	241	15	—	25 528
Vestfold	16 282	5 237	426	592	1 210	1 687	1 339	286	11	4	27 074
Telemark	11 076	5 979	775	1 567	3 504	1 668	333	38	4	—	24 944
Aust-Agder	5 649	1 598	845	1 549	2 223	619	43	4	—	—	12 530
Vest-Agder	5 645	1 606	822	1 960	3 554	832	66	9	—	—	14 494
Rogaland	11 357	655	899	1 596	4 224	3 724	1 051	117	2	3	23 628
Hordaland og Bergen	11 640	942	1 781	3 473	6 328	3 187	298	14	1	—	27 664
Sogn og Fjordane ..	3 565	196	903	2 053	4 703	3 277	367	18	—	—	15 082
Møre og Romsdal ..	9 753	502	1 496	3 227	6 799	3 339	541	28	1	1	25 687
Sør-Trøndelag	9 936	1 402	989	2 036	4 043	3 414	1 404	263	10	2	23 499
Nord-Trøndelag	6 467	1 034	794	1 683	3 312	2 553	1 684	496	19	—	18 042
Nordland	5 382	1 104	2 466	6 300	9 139	3 308	473	31	2	2	28 207
Troms	1 321	2	1 258	3 628	6 238	1 733	143	6	—	—	14 329
Finnmark	598	2	804	1 555	1 922	449	25	1	—	—	5 356

**Tabell III. Talet på frukttre og bærbuskar. 1000 stk.
Jordbrukssteljinga 20. juni 1959.**

Fylka	Eple	Pære	Plomme	Kirsebær	Frukttre i alt	Rips	Stikkelsbær	Solbær	Bærbuskar i alt
I alt	3 181,3	457,4	1 046,8	386,4	5 071,9	1 826,1	1 169,4	2 185,8	5 181,3
Østfold	246,1	34,2	68,3	25,6	374,2	115,1	69,7	121,0	305,8
Akershus og Oslo	399,0	32,6	118,9	54,4	604,9	231,2	159,8	259,7	650,7
Hedmark	226,3	2,0	18,3	14,7	261,3	123,9	68,0	148,6	340,5
Oppland	158,9	3,2	17,9	23,4	203,4	146,4	86,6	138,3	371,3
Buskerud	412,8	31,5	108,8	32,3	585,4	85,7	49,0	129,1	263,8
Vestfold	275,4	48,9	81,9	45,8	452,0	78,3	46,1	134,5	258,9
Telemark	277,8	26,9	62,4	26,1	393,2	81,9	44,1	102,6	228,6
Aust-Agder	114,9	14,7	40,8	18,7	189,1	55,6	23,0	62,6	141,2
Vest-Agder	123,3	17,6	56,3	29,7	226,9	72,6	40,1	65,9	178,6
Rogaland	164,6	48,4	162,9	23,0	398,9	144,9	120,9	237,4	503,2
Hordaland og Bergen	286,7	96,7	159,8	52,4	595,6	159,4	123,9	215,8	499,1
Sogn og Fjordane	268,7	72,2	60,3	10,5	411,7	87,6	64,1	126,4	278,1
Møre og Romsdal	131,4	27,0	69,1	11,7	239,2	136,5	108,4	165,8	410,7
Sør-Trøndelag	38,1	0,7	8,1	6,7	53,6	111,2	74,6	117,0	302,8
Nord-Trøndelag	54,6	0,7	12,7	10,7	78,7	94,0	66,9	124,6	285,5
Nordland	2,6	0,1	0,3	0,7	3,7	95,1	23,8	35,4	154,3
Troms	0,1	—	—	—	0,1	6,4	0,4	1,1	7,9
Finnmark	—	—	—	—	—	0,3	—	—	0,3

Tabell IV. Areal og plantedyrking under glas.¹ Jordbrukssteljinga 20. juni 1959.

Fylka	Talet på bruk	Areal under glas i alt. Dekar	Av dette. Dekar			Kulturar under glas				Potteplantar. 1000 stk.
			Veksthus med varmeanlegg	Veksthus utan varmeanlegg	Vekstbenkar m. varmeanlegg	Vekstbenkar u. varmeanlegg	Tomatar. Dekar	Agurkar. Dekar	Andre grønnsaker. Dekar	
I alt	3 289	2008,93	1228,07	221,51	120,67	438,68	684,82	163,14	205,44	515,16
Østfold	200	169,71	113,04	11,95	15,99	28,73	45,60	11,04	10,56	56,27
Akershus og Oslo	368	382,86	242,75	12,96	32,39	94,76	43,72	19,13	37,80	173,62
Hedmark	112	67,71	37,61	6,51	4,49	19,10	21,11	4,30	7,97	16,29
Oppland	108	62,38	27,85	4,81	7,25	22,47	16,21	1,86	8,21	15,55
Buskerud	220	176,09	67,53	19,91	21,15	67,50	49,84	16,57	31,93	17,42
Vestfold	196	156,57	93,54	12,30	10,16	40,57	44,31	17,40	25,20	52,22
Telemark	93	50,65	30,47	3,73	4,88	11,57	10,41	2,41	1,89	14,55
Aust-Agder	85	47,76	32,03	5,36	2,88	7,49	16,97	5,21	2,25	14,67
Vest-Agder	76	36,33	22,70	3,94	2,07	7,62	13,15	2,96	4,86	9,53
Rogaland	1 016	514,16	337,71	102,59	3,93	69,93	311,53	62,42	50,72	49,87
Hordaland og Bergen	333	133,84	86,38	18,52	4,52	24,42	44,59	11,14	9,32	38,67
Sogn og Fjordane	56	19,93	14,00	1,82	1,39	2,72	10,35	0,67	1,33	4,20
